

FRODE SÆTRE

Yksnøya – liv og sjøliv



Høgskulen i Volda – Seksjon for idrett og friluftsliv
Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Denne rapporten er også gitt ut i trykt form ved Høgskulen i Volda 2009.

Utgåva som her er gjort tilgjengeleg digitalt, er i stor grad identisk med den trykte utgåva. Den viktigaste skilnaden er at i denne utgåva er sitat frå intervjuet med John Yksnøy gitt att i ei dialektnær nedskrivning. Sjå meir om dette i vedlegget "Om attgiving av sitat på dialekt" s. 99.

Forord

Mitt fyrste møte med Yksnøya var som student ved Volda lærarhøgskule studieåret 1981/82. I mai 1982 hadde Vidaregåande kroppsoving (VK) kystfriluftslivskurs på Yksnøya.

Vi hadde ei fantastisk veke med nydeleg vårvêr, fiske, leirliv, roing og segling av gamle bruksbåtar. Ei perle av ei øy som har dei ideelle rammene for opplæring i kystfriluftsliv.

Yksnøy-folket har alltid møtt oss frå høgskulen med eit venleg og opne sinn. Med sine røynsler frå eit liv ved kysten og på havet, har dei vore kunnskapsrike diskusjonspartnarar. Kan hende at det opne landskapet har vore med på å forme deira opne sinn. Begge partar treng kvarandre. Høgskulen treng deira erfaring og godvilje med omsyn til å nytte øya i kystfriluftslivssamanheng. Yksnøy-folket treng høgskulen for å skape ei levande framtid.

Ei spesiell takk til John Yksnøy som hovudinformant, som har vore svært tolmodig, fortalt og vist meg det meste om liv og båtliv på Yksnøya på sin lune, humoristiske og tillitsfulle måte. Samarbeidet har vore ei glede.

Harald, Kjell og Nelly Yksnøy må takkast for vilje til å dele erfaringar og kunnskap frå livet på Yksnøya med meg. Kjell må også takkast for jobben som fagleg rådgivar og korrekturlesar på delen om færing og rigg (kap. 10.7 og 10.8).

Takk til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa ved Anne Steinsvik Nordal, som hadde tru på prosjektet og støtta meg økonomisk, slik at eg fekk frigjord tid til arbeidet. Takk også til Odd Goksøy, som har vore dialektkonsulent, og Terje Aarset, som har vore språkkonsulent.

Ola Einang, Jacob Kolbein Helset, Håvard Håvardson Hatløy må takkast for faglege innspel knytt til færing og rigg, og Nils Ola Skuset for fagleg materiale, bilete og gode diskusjonar.

Det må rettast ei stor takk til Arnfinn Kjelland og Kari A. Hasle ved Avdeling for samfunnsfag og historie. Arnfinn for lån av litteratur, faglege innspel og ekspertise i utarbeiding av denne type rapportar. Kari for lån av uferdig manuskript til kapittelet om Yksnøya, som skal inn i *Busetnadssoga for Volda*, band 5, Morkabygda, Lidabygda og Yksnøy. Boka kjem ut i 2009.

Far min, Ivar A. Sætre, må takkast for gjennomlesing og diskusjonar om språklege og faglege spørsmål.

Takk til Ingeborg, som var svært tolmodig med meg under skriveprosessen på øyar i Adriater- og Egeerhavet, las gjennom manus og gav meg nyttige råd om formuleringar og godt språk.

Innholdsliste

Introduksjon og metode.....	s. 5
-----------------------------	------

DEL I. YKSNØYA

1. Yksnøya.....	s. 9
1.1 Namnet Yksnøya.....	s. 9
1.2 Geografisk plassering.....	s. 9
1.3 Fråflytting.....	s. 13
1.4 Stikkord og nøkkeltal.....	s. 14
1.5 Kommunikasjon med omverda.....	s. 15
1.5.1 Reiser til og frå øya.....	s. 15
1.5.2 Brevhus og telefon.....	s. 16
1.5.3 Fyrlykta.....	s. 18
1.5.4 "Snill mann - "Troll"til båt.".....	s. 20

DEL II. EIT LIV PÅ YKSNØYA

2. John si næraste slekt.....	s. 22
2.1 Hofteproblem – Å bu på omsorgsbustad ein vinter.....	s. 22
2.2 Å kome attende til ei øy som gror igjen.....	s. 23
3. Oppveksten på Yksnøya.....	s. 25
3.1 Fødsel.....	s. 25
3.2 Ein sommar i oppveksten.....	s. 26
3.3 Ferieturar.....	s. 27
3.4 Leikar.....	s. 28
3.5 Skienektivitet.....	s. 28
3.6 Oppveksten ved sjøen, symjedugleik og reglar for båtbruk.....	s. 30
3.7 Skulegang.....	s. 31
3.8 Konfirmasjon - "Å gå for presten".....	s. 34
4. Yrkesval.....	s. 35
5. Krig.....	s. 37
6. Nok mat.....	s. 42
7. Giftarmål og kjønnsroller.....	s. 43
7.1 Giftarmål.....	s. 43
7.2 Kjønnsroller.....	s. 43
8. Tankar om samfunnsutviklinga og dagens miljøproblem.....	s. 44
9. Tru, alderdom og døden.....	s. 46
9.1 Tru.....	s. 46
9.2 Alderdom.....	s. 47
9.3 Døden.....	s. 47

DEL III. SJØLIV PÅ YKSNØYA

10. Sjøliv.....	s. 48
10.1 Hamna.....	s. 48
10.2 Naustet.....	s. 50
10.2.1 Slakting i naustet.....	s. 51
10.3 Båten sine bruksområde.....	s. 53
10.4 Type båtar.....	s. 54
10.5 Segling, roing og fiske.....	s. 55
10.6 Fiskeplassar.....	s. 59
10.7 Færingane - Ord og uttrykk - Namn og nemningar.....	s. 60
10.8 Rigg - Ord og uttrykk - Namn og nemningar.....	s. 78
10.9 Oppsummering sjøliv.....	s. 95

Skriftlege og munnlege kjelder.....	s. 96
-------------------------------------	-------

Samandrag.....	s. 98
----------------	-------

Vedlegg: Om atgiving av sitat på dialekt.....	s.99
-----------------------------------------------	------

Introduksjon og metode

Høgskulen i Volda har hatt aktivitetar og undervisning for studentar på øya sidan 1979. Årsakene til at kroppsøvingssesksjonen valde å satse på kystfriluftsliv på Yksnøya var fleire. Friluftsliv har etter kvart vorte tydeleg som satsingsfelt i læreplanane for grunnskulen og den vidaregåande skulen. Arbeidet med å utdanne lærarar i kystfriluftsliv vart eit lokalt utviklingsprosjekt for høgskulen. At ein av dei fagtilsette på seksjonen, Knut Øyvind Yksnøy, hadde familietilknytning og småbruk på øya, var avgjerande for at akkurat Yksnøya vart vald som studiestad. Heilt frå starten og fram til Yksnøynaustet, vår nye base for kystfriluftsliv, vart teke i bruk i 2003, nytta høgskulen Knut Øyvind sin eigedom som leirstad, lagringsplass for utstyr og utgangspunkt for undervisning.

Som fagtilsett ved kroppsøvingssesksjonen frå 1987 har det stort sett vorte årlege kystfriluftslivskurs for kroppsøving- og friluftslivsstudentar på Yksnøya. Frå min ståstad har Yksnøya dei perfekte rammene for å lære om den norske kystkulturen og praktisering av kystfriluftsliv. Ein startar kurset i båt og avsluttar i båt. Mangel på fastlandssamband og moderne infrastruktur gjer at ein i større grad lever i pakt med naturen. Når ein då i tillegg nyttar gamle bruksbåtar og overnattar i telt, kjem ein så nær naturen og kystkulturen som ein i dag kan kome.

Gjennom undervisning i kystfriluftsliv, merkar vi at studentane sine kunnskapar om den kulturarven som kystkulturen representerer, vert stadig svakare. Omgrep og dugleik knytt til bruksbåtar, segling, navigering, fiske og fangst, som tidlegare var barnelærdom for dei som voks opp i kystnære område, er i dag ukjende for mange av våre studentar. Undervisning i emnet vert såleis viktig for å ta vare på denne delen av norsk kulturarv og historie. Truleg kan vi også skape interesse og glød for undervisning i emnet hjå nokre av studentane.

Mange studentar vert fasinerte av dette øysamfunnet, er svært interesserte og stiller mange spørsmål om korleis livet på Yksnøya har vore. I mange tilfelle har vi som lærarar hatt for lite kunnskap til å gi gode svar, og i mange år har vi snakka om å gjere systematiske intervju av dei fastbuande. Gode historier og forteljekunst er ofte ein styrke for å kunne skape god undervisning og engasjement. Det byrjar også å haste, då dei fleste av informantane som kan nyttast, vert stadig eldre, og vi skal sjå at øya er i ferd med å verte avfolka.

Våren 2007 vart det løyvt FOU-ressurs frå høgskulen og midlar frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa til å gå i gang med kartleggingsarbeidet. Målsetjinga var i utgangspunktet å få fram kunnskap om livet på Yksnøya, med prioritering av kystkulturen og spesiell fokus på båtbruk, ord og uttrykk. Nynorsksenteret sine interesser går sjølvstilt i retning av å ta vare på språk, dialekt, ord og uttrykk som vart nytta på øya knytt til båt og båtbruk. Vi har såleis samanfallande interesser i dette prosjektet.

Hausten 07 starta arbeidet med å intervju John R. Yksnøy (f. 1926) om livet på Yksnøya. John har eit smittande godt humør, er ein svært verbal mann, har opplevd mykje og har såleis mykje å fortelje. Dette resulterte i mange trivelege samtalar/intervju både i heimen hans, på hamna, i naustet, om bord i båt og på hybelen i Volda. Det vart såleis timevis med digitale opptak. Opptak om livet på Yksnøya og ord og uttrykk knytt til båt og båtbruk, vart så interessante og omfattande at arbeidet mitt har vorte meir som ein biografi, der skildringa av livet på Yksnøya vert sett gjennom John R. Yksnøy sine auge, slik han har opplevd det. Det vart etter kvart ei målsetjing å gi ei skildring av livet frå vogge til alderdom, med ei bevisst

prioritering av båt og båtbruk, ord og uttrykk knytt til færing og rigg. Skildringa er ut frå dette gjort ut frå minnet til John og hans ståstad.

Reint historiefagleg innser eg at det kunne ha vore gjort nokre endringar i rapporten. Ein del informasjon burde vore dobbeltsjekka mot skrivne kjelder. Dette gjeld til dømes når John fortel om minstekrav til tal på elevar for å halde i gang skulen på øya, og tidspunkt og skildringa av flyangrep i Ørstafjorden, og ammunisjonsbåten som eksploderte ved Kvamsøya. Namn på personar som kjem fram i nokre av intervju, kunne vore påført årstal for fødsel og eventuelt årstal for død. I tillegg er det ved eit par høve vel lange sitat. Dette har eg ikkje prioritert å endre ut frå at hovudmålet er å gi ei skildring av livet frå vogge til alderdom, men ei bevisst prioritering av båt og båtbruk, ord og uttrykk knytt til færing og rigg.

Det er utarbeidd to variantar av rapporten:

Ein der språket er normalisert, for å gjere den meir tilgjengeleg for alle, då det kan vere ein del av orda og uttrykka i John sin dialekt som kan vere vanskelege å forstå.

I denne rapporten er store delar av intervju forsøkt gjengitt ordrett på John sin dialekt. Dette for å prøve å ta vare på den gode dialekten og dei saftige uttrykka. Vidare syner også dette det særigne ved språket, og måten å uttrykke seg på. Det vil truleg også formidle noko av ”folkesjela” på øya.

Å skulle ta omsyn til å få fram John sin dialekt, i kombinasjon med å gi ei skildring av livet på øya har vore ein vanskeleg-, men interessant prosess. John har nokre gonger vore usikker vedrørende måten han uttalar orda på. Dette er ikkje så rart då dialekten vår er automatisert, og vi alle kan verte usikker når nokon gjer oss merksame på måten vi seier eit ord på. Dialektar er også i utvikling, og ytre påverknad gjennom massemedia og kommunikasjon med omverda, gjer at dei endrar seg over tid. Det kan også vere vanskeleg å høyre dei ulike lydane når du analyserer intervju. Enkelte stader kan det finnast feil i høve John sin dialekt, men vi har prøvt å luke vekk desse feila gjennom fleire omgangar med korrekturlesing.

Der John som hovudinformant vert gjengitt ordrett, er setninga sett i hermeteikn utan at eg har sett namnet hans i parentes. Dersom det er andre informantar som vert gjengitt ordrett, er namnet til informantan sett i parentes.

Utgangspunktet for mitt arbeid var å intervju mange informantar om livet på Yksnøya, slik at arbeidet vart sikra den nødvendige validiteten. I samband med utarbeiding av *Busetnadssoga for Volda*, band 5, Morkabygda, Lidabygda og Yksnøy, som kjem ut i 2009, har Kari A. Hasle skrivne om Yksnøya, intervju fleire informantar og gitt ei skildring av livet på øya. Mykje av det ho skriv underbyggjer det som kjem fram i mine intervju med John R. Yksnøy. Ho fortel m.a. om gardsbruk, kvinnerolla, skulehistoria, samkvem med grannesamfunn, næringsvegar, kommunikasjon og dugnadsånd. Saman kan våre arbeid vere komplementære med omsyn til å få ei rikare forståing av livet på Yksnøya. Kari gir ei skildring ut frå fleire informantar si oppleving av livet, både kvinner og menn. Mitt arbeid skildrar ei personleg oppleving av livet på øya, og fortel meir om båt, båtbruk, omgrep, lek og krigsåra, i stor grad sett gjennom ein mann sine auge. Ut frå Kari sitt arbeid med busetnadssoga, vart det også naturleg å endre på utgangspunktet mitt og skrive ein slags biografi.

Intervju av John har vore systematiske. I utgangspunktet vart det utarbeidd ein intervjuguide der det punktvis var sett opp ulike tema vi skulle prate om, og mange spørsmål knytt til dei

ulike tema. Men alle som har arbeidd med kvalitativ metode og intervju, veit at i ein god intervjusituasjon bryt ein ikkje av respondenten for mykje. Då risikerer ein å gå glipp av verdifull informasjon og den gode samtalen, sjølv om samtalen no og då kan hamne utanfor aktuelt tema. Intervjusituasjonen med John har vore prega av gjensidig tillit, og dette har ført til gode samtalar og mykje informasjon. Skrivearbeidet har vore ein prosess der respondenten har fått lese gjennom fleire utkast, slik at han har fått gitt tilbakemelding på kvaliteten både når det gjeld måten eg siterer han på, og den faglege og innhaldsmessige sida av presentasjonen.

I presentasjonen er det mange bilete. Under kvart bilete er fotografen sett i parentes med datering. Der det ikkje er namngitt fotograf, men berre datering i parentes, er det underskrivne som har teke biletet. Unntaket frå denne hovudregelen er illustrasjonsbileta der det kjem fram detaljar om færing og rigg; desse er ikkje daterte. Dette fordi nesten alle illustrasjonsbileta av færingen som underskrivne har teke er tekne den 11. oktober 2007 og mest alle illustrasjonsbileta av riggen i kapittel 10.8 er tekne den 09. juli 2008. Dersom bileta her er tekne av annan fotograf, eller har annan , gjeld hovudregelen presentert over også i desse to kapitla.

Når det gjeld namn på gardane, finn eg, gjennom skrivne kjelder og John som hovudinformant, tre ulike namn på kvar gard. Hadde fleire informantar med tilknytning til øya vore spurde, hadde nok endå fleire variantar av gardsnamn kome fram. Dette fordi dei nytta namn ut frå kvar dei var geografisk plasserte på øya. Dei tre variantane av stadnamn er namna på stadnamnkartet (s.11), matrikelnamnet, og namna som John har nytta i daglegtalen. I denne rapporten nyttar vi dei namna som John har brukt i daglegtale. Dette vert naturleg fordi John, i store delar av rapporten er forteljaren, og nyttar då daglegtenamna. I teksten har eg valt å skrive namna tilnærma slik han seier dei, men utan å skrive lydskrift. Til dømes vert Hauane og Hauå (dativ) nytta i staden for Haugane som vil vere den normerte skrivemåten. Namna på stadnamnkartet vert sett i parentes slik at lesaren skal kunne gå tilbake til dette for lokalisering av garden som er omtala i teksten. Døme: Når John seier ”Fram i gara” om nabogarden, set eg ”Ytre Yksnøya” i parentes, då dette er namnet på garden deira ut frå stadnamnkartet. Ved biletpresentasjon av gardane (s.11-12) vert namnet på stadnamnkartet sett fyrst, med John sitt daglegtenamn og matrikelnamn i parentesar. Dette fordi det her vert vist direkte til stadnamnkartet i teksten.

Tidlegare vart det nemnt at dette arbeidet har nytteverdi med tanke på undervisning ved høgskulen. Ut over dette ser ein at historikarar, lokalhistorikarar, samfunnsfaginteresserte, sogelag, språkinteresserte og folk med interesse for kystkultur og kystfriluftsliv kan ha nytte av prosjektet.

Ny kunnskap om den lokale kystkulturen kan nyttast som informasjon og/eller pensum for ulike skuleslag, som har kurs, undervisning, eller prosjektarbeid om kystkulturen vår.

I grunnopplæringa og vidaregåande opplæring skal dei, etter Læreplan for Kunnskapsløftet, lage lokale læreplanar. Ved undervisning om kystkultur, kan det vere naturleg å nytte slike lokale rapportar som kunnskapsgrunnlag for lokalt læreplanarbeid og undervisning. Det er alltid meir interessant for elevane at læringsprosessen tek utgangspunkt i det nære og kjende, for så å flytte fokuset vidare mot nasjonen og verda.

Eit viktig mål er at rapporten skal kunne brukast i undervisningssamanheng. Detaljrikdomen i framstillinga om livet på Yksnøya og ord og uttrykk knytt til færing og rigg, har eg prøvd å

tilpasse dette målet, men detaljrikdommen vert sjølvsagt også regulert av informantane sin kunnskap og deira minne.

Å samle og ta vare på ord og uttrykk knytt til ein kystkultur, har nytteverdi i seg sjølv. Vi tek vare på noko av vår eiga historie, som igjen kan føre til at vi forstår vår eiga samtid betre. Vi tek vare på språket, noko som har verdi både for oss som lever i dag, og for etterkomarane våre. Å ta vare på eit stort nynorsk ordforråd vil gi ein rikare nynorsk kommunikasjon, både i samtid og framtid.

Rapporten er tredelt:

I del I vert det formidla bakgrunnskunnskap om Yksnøya. Her vert det gitt ei innføring om namnet, geografisk plassering, problem knytt til fråflytting, og ei oversikt over viktige stikkord og nøkkeltal. Det vert også fortalt om kommunikasjon med omverda. Dette vert gjort ut frå tilgjengelege skrivne kjelder, men også ut frå intervju med dei som har budd der heilt til det siste.

I del II vert det gitt ei skildring av eit liv på Yksnøya sett gjennom hovudinformaten min John R. Yksnøy (f.1926) sine auge. Der eg har interessante tilleggsopplysningar som eg har fått gjennom intervju av andre informantar, eller skrivne kjelder, vert desse trekte inn i teksten der det er naturleg. Det vert fortalt om John si næraste slekt, korleis livet hans artar seg i dag, om å kome attende til ei øy som gror igjen, og om oppveksten på Yksnøya frå han vart fødd, gjennom ungdomstid, vaksenliv og fram til han i dag er 83 år gammal. Fødsel, somrane i oppveksten, ferieturar, leik, skienektivitet, sjøliv, symjedugleik, skulegang, ”å gå for presten”, yrkesval, krig, tilgang til mat, giftarmål, kjønnsroller, tankar om samfunnsutvikling og dagens miljøproblem, og tru, alderdom og døden vil vere viktige ingrediensar i denne forteljinga, frå eit liv som har vore levd på Yksnøya.

Del III tek for seg sjøliv, som har vore ein sentral del av livet på Yksnøya. Delen tek utgangspunkt i sjølivet slik John hugsar det som hovudinformat. Det vert fortalt om hamna, naustet, båten sine bruksområde, båttypar, segling, roing, fiske og fiskeplassar. Vidare går vi inn på færingen sine ord og uttrykk, namn og nemningar knytt til båt, rigg og segl. Her vert det innleiingsvis teke utgangspunkt i skrivne kjelder, før vi presenterer namn på dei ulike delane av færing og rigg, slik John meiner orda vart brukte på øya. Dette er gjort for at vi som lærarar skal kunne nytte same nemningane i ein undervisningssituasjon, slik at vi kan vidareformidle kystkulturen som har vore på øya i generasjonar.

Denne delen har også vorte drøfta munnleg med dei eg reknar som lokal fagleg ekspertise på området, og samanlikna med skrivne kjelder. Dette for å kunne stadfeste John sine opplysningar, og for å kunne sjå om orda og uttrykka som vart brukte på Yksnøya, også vart brukt i ein større samanheng. Kjell Yksnøy (f. 1931), som har vore fiskar og båtmann, og budd på Yksnøya det meste av livet, har fått manuset til gjennomlesing. Dette for å få verifisert at orda og uttrykka som John nyttar, har vorte nytta av fleire på øya. Ut frå dette kan ein seie med John: ”Orda har nok vorte brukt på same måten ganske vide ...”

DEL I. YKSNØYA

1. Yksnøya

I dette kapittelet vert det gitt bakgrunnsinformasjon om øya knytt til namn, geografisk plassering, fråflytting, viktige stikkord og nøkkeltal, og kommunikasjon med omverda.



Yksnøy til høgre, Eika til venstre og Yksnøysundet mellom dei to øyane. Biletet er teke frå Laupen. Foto: Tore Aarflot 7.10.2005.

1.1 Namnet Yksnøya

I Voldasoga har Aarviknes (1970) tankar om kva namnet Yksnøya kjem av. Etter jordeboka frå 1666 registrerer han eit uvanleg høgt krøttertall, 28 bufe på to mann, og han undrar seg om dei tok imot oksar til foring:

”Namnet på øya skulle tyde på at her var oksar på hamning i eldre tid.” (Aarviknes 1970: 12)

Namnet på øya har vore skrive på ulike måtar. Øksnøy vart nytta av John sin bestefar Johannes. På gamle sjøkart finn vi ”Oksøens fyrlampe”. Oxøen og Øxnø har også vore nytta.

I boka *Voldaminne, Volda Kommune 150 år* (1987), vert det vist til stadnamngranskaren Oddvar Nes om gardsnamna i Volda. Om namnet Yksnøy skriv han at ein finn same namnet i Haram, Ørskog og kanskje i Borgund. Han støttar Aarviknes (1970) og konkluderer:

”Namnet fortel at øya har vore hamnegang for oksar.” (Nerbøvik 1987: 153)

1.2 Geografisk plassering

For Volda kommune ligg Yksnøya som porten til leia mot havet, der grensa til Ulstein kommune mot nord, går i Yksnøysundet som skil Yksnøya og Eika. Ein skal heller ikkje langt vest i Rovdefjorden før ein møter grensa til Sande- og Vanylven kommune, som også grensar mot havet.

For båtfarande er øya sentralt plassert, og Hasle (2009) seier dette:

” Som eit møtepunkt for fire fjordar ligg Yksnøya i leia ut mot havet, og med fjordar som kløyver det alpine landskapet innanfor. I enden av Voldsfjorden ser vi denne øya på 0,8 km² dekt med lyngheiar, bergknausar og nokre opne grassletter. I tillegg til Voldsfjorden kan vi sjå Rovdefjorden og Vartdalsfjorden frå øya. Ørstafjorden, og innseglinga til Dalsfjorden kan òg skimast.”



Som eit møtepunkt for fire fjordar ligg Yksnøya i leia ut mot havet. Foto: Nils Ola Skuset 10.5.2009


(Statens kartverk sjø 2005)

Yksnøya har nært naboskap med øya Eika og den lune skjergarden i Eiksundet. Eika hørde til Herøy kommune fram til 1967 og er i dag i Ulstein kommune. Frå Eiksund finn vi den gamle fjordmannsleia fjordfolket rodde ut til fiskefelta i Herøy.

I Volda kommune er Yksnøya særigen på fleire måtar der ho grenser mot havkommunane, vender ho fjordbygda mot ytre strok. Denne lokaliseringa kan ha gjord livsrommet for øybuarane noko annleis enn det var for sambygdingane inne i fjordstroka. Møre og Romsdal amt har tradisjonar for rik busetnad på øyar. Under teljinga i 1946 hadde berre Nordland fylke fleire innbyggjarar på øyar. Sunnmøre er ein av dei mest øyrike regionane i landet. Samanliknar vi levkåra til folket på Yksnøya med levkåra til folk i ytre strok, finn vi fleire likskapar.

I fjordkommunane har det å bu på øyar naturleg nok vore meir uvanleg. Innbyggjarane på Yksnøya representerte, saman med folket på Årsetøya i Austfjorden, dei einaste øybuarane i kommunen. Ørsta kommune har hatt busetnad på Raudøya, naboøya til Yksnøya. Her har folketalet vore lågare enn på Yksnøya.” (Hasle 2009: 368-69)

På Yksnøya var det namn på alle nes og terrengformasjonar. Dette var viktig når dei skulle forklare geografisk plassering når t.d. nokon leita etter dyr, eller ein skulle beskrive kvar ein hadde fått fisk. I teksten vidare vert det vist til stadnamn på øya. Av kartet under kan ein sjå kvar namna er lokaliserte.



Kjelde: Stadnamnprosjektet i Volda. Informant: Hallvard Yksnøy, Jon R. Yksnøy, Knut K. Yksnøy og Odd Yksnøy. Oppskrivar: Rønnaug Ryssdal, 1976. (Kjelland, Hasle og Myklebust 2009)

På Yksnøya har det vore seks gardsbruk, og desse ber namna (jf. stadnamnkartet over):



Yksnøya (Inn på øya/øynå), søraust på øya, nærast fyrlykta. (Bnr. 1 Yksnøy) (10.10.2007)



Grønevika (Hauane/Hauå), på austsida av øya. (Bnr. 2 Yksnøyvika) (16.4.2009)



Tufta (Tufta), nabogarden til Hauane.
(Bnr. 3 Midtre Yksnøy) (10.10.2007)



Ytre Yksnøy (Fram i gara), nabogarden
til Soltun på vestsida av øya.
(Bnr. 4 Yksnøy Ytre) (10.10.2007)



Ellingsvika (Vikja) på nordaustsida av øya.
(Bnr. 5 Norheim) (16.4.2009)



Soltun (Utafor) på vestsida av øya, nærast hamna.
(Bnr. 6 Soltun) (16.4.2009)

Fyrste namnet under biletet av kvart bruk, er namnet som vi finn på stadnamnkartet og som vert brukt i *Busetnadssoga for Volda*, band 5. I fyrste parentes er namna John har brukt i daglegtalet, og som vert brukt vidare i denne rapporten. "Utafor" vart brukt om John sin gard av dei som budde på gardane på austsida av øya. I andre parentes finn vi matrikelnamnet. I siste parentes finn vi datering av biletet.

1.3 Fråflytting

Dei to øyane i Volda kommune er i ferd med å verte avfolka. Årsetøya er allereie fråflytta, og Yksnøya er i ferd med å verte det.

Heilt til hausten 2006 var det fire fastbuande fordelte på to av bruka. No bur tre av desse på øya berre i sommarhalvåret. I vinterhalvåret har dei leigt seg leilegheit i Volda. ”Inn på øya” (stadnamnkartet: Yksnøya) bur ekteparet Kjell- og Nelly Yksnøy og på Soltun bur John Yksnøy i sommarhalvåret. Sonen Harald bur fast på øya når han ikkje er på fiske. Utanom Harald er alle pensjonistar. Nelly er syster til John.



Kjell og Nelly Yksnøy (27.4.2009)



John Yksnøy (09.7.2008)



Harald Yksnøy (16.4.2009)

Hasle (2009) samanliknar fråflyttinga frå Yksnøya med resten av bygdene i Norge og finn likskapar:

” I 1965 registrerte landbrukskontoret i Volda fem bruk på Yksnøya. Tre år seinare var fire bruk i drift, og i 1979 fekk to bruk driftstilskot. Her fell utviklinga på Yksnøya saman med eit vidare mønster: Bygde-Noreg vart gradvis prega av fråflytting og forgubbing i denne perioden.” (Hasle 2009: 369-70)

Truleg har samfunnsutviklinga ført til at det har vorte noko tungvint, upraktisk og einsamt for ungdomar å slå seg til på ei øy ute i fjordgapet. Eller som Hasle (2009) skriv i busetnadssoga:

” Tida då sjøen batt saman og vart sett som den beste og mest naturlege ferdselsåra, er truleg forbi. I vår tid passerer vi dagleg Yksnøya i hopetal. Kven kunne tenkje seg at reisa ein gong skulle gå fleire hundre meter i tunnel i fjellet under fjorden?” (Hasle 2009: 370)

Ein skal ikkje langt tilbake i tid før ein ser at det var fordelar med å by på denne øya:

”Men for få tiår sidan var Yksnøya eit levande lokalsamfunn. Øya var busett av folk som såg fordelene i å ha kort veg til fiskeria og anleggsarbeidet langs kysten. Ingen innbyggjarar i kommunen hadde raskare dagsreise til ”bya”, og i mellomkrigstida kunne ein leite lenge etter liknande stader med eit meir dekkjande rutetilbod. Dette kan ha vore avgjerande for den relativt store busetnaden på øya.” (Hasle 2009: 370)

1.4 Stikkord og nøkkeltal

Ut frå skrivne kjelder og intervju skal vi under sjå på sentrale stikkord og nøkkeltal knytte til Yksnøya:

- Flatemål: 0,8 kvadratkilometer.
- Yksnøya har høyrte til Volda Prestegjeld så langt attende som vi kan sjå.
- I skattemanntalet finn vi i år 1600 éin gard på øya, og 50 år seinare to gardar.
- I 1756 var det ti menneske på dei to gardane. På same tid var det 29 menneske i Halkjelsvik (Volda).
- Frå omlag 1900 til 1950 var det på det meste seks bruk i drift og mellom 40 og 50 menneske med bustad på øya. I folketeljinga frå 1900 var 40 menneske busette på øya, av desse var 20 born. Folketalet til ulike periodar: 1910 – 38, 1946 – 37, 1960 – 27 og i 1970 – 25.
- Frå 1938 (t.o.m. 1986) får Yksnøya eige brevhus på garden Tufta.
- Øya får telefon mot slutten av 1920 – talet på garden Hauane.
- Skulen med inventar vart bygd på dugnad og stod ferdig i 1910. Material vart bevilga etter vedtak i kommunestyret. Frå 1954 gjekk skuleborna på Lid skule.
- Øya fekk elektrisk straum i 1951.
- I 1957 får øya ferjesamband. Ruta var då Volda – Lauvstad - Berknes – Yksnøy - Leikong to gonger pr dag. Stor glede og lette for øya. Før dette rodde dei i færingar utom Auså og sette folk om bord i ferja.
- Kommunekaia vart bygd i 1968. Ferja hadde tidlegare lagt til ved ei mindre kai på same stad - Storeneset.
- MRF sitt ferjesamband Rjånes – Berknes – Yksnøy – Velsvik (to gonger pr. dag) vart nedlagt i 1976.
- Skyssbåten ”Ina Kristin” har sidan 1976 trafikkert ruta Yksnøy – Berknes. John R. Yksnøy var skyssbåtførar frå 1976 – 1993. Sonen Arnfinn hadde jobben frå 1993 – 1996. Frå 1996 – 2008 var Kjell K. Yksnøy ansvarleg for båten. Frå 1999 har det ikkje vore fylkeskommunalt tilskot til ruta, og dermed vart det ikkje lenger to daglege avgangar som før. Skyssbåten vart etter kvart eit spleiselag mellom Volda kommune og Høgskulen i Volda, og no går Ina Kristin berre ekstraturar på oppdrag. I april 2008 overtok Høgskulen i Volda Ina Kristin vederlagsfritt frå Volda kommune, og vert no nytta som undervisningsbåt i tilknytning Seksjon for idrett og friluftsliv sin base for kystfriluftsliv på øya.
- ”Høgskulen i Volda har hatt aktivitetar og undervisning for studentar på øya sidan 1979. Grunnane til at kroppsøvingsseksjonen valde å satse på kystfriluftsliv på Yksnøya, var fleire. Friluftsliv har etterkvart blitt satsingsfelt, både i læreplanane for grunnskulen og vidaregåande skule. Arbeidet med å utdanne lærarar i kystfriluftsliv vart eit lokalt utviklingsprosjekt for Høgskulen i Volda. At ein av dei fagtilsette på seksjonen, Knut Øyvind Yksnøy, hadde familieband til øya, var avgjerande for at akkurat Yksnøya vart vald som studiestad.” (Hasle 2009: 389-90)
- I 2003 tok Høgskulen i Volda i bruk Yksnøynaustet, den nye basen for kystfriluftsliv.
- I 2004 vart det grunnboring etter vatn på Yksnøya, med Geir Humberstet som ”primus motor” for prosjektet. Resultatet vart rennande vatn i alle springar. Det er slutt på redselen for tome brønner i varme sommarmånader på øya.
- I perioden fram til i dag har omlag 2500 studentar knytt band til Yksnøya gjennom kurs i kystfriluftsliv, og stadig fleire fagmiljø ved høgskulen ser nytteverdi av å bruke HVO sin base på Yksnøya.



Yksnøynaustet, Høgskulen i Volda sin base for kystfriluftsliv. I bakgrunnen garden til John, Soltun. Foto: Nils Ola Skuset 2007.



Yksnøynaustet med utsikt vestover mot Rovdefjorden og Laupen.

1.5 Kommunikasjon med omverda

1.5.1 Reiser til og frå øya

”Så lenge fjordabåtane gjekk, kom dei oppunder Yksnøya på signal. Folket frå Yksnøya rodde ut på fjorden og møtte rutebåten i færingen. Slik kunne dei borde dampbåtane og kome seg til Syvden, Ålesund og Ørsta fleire dagar i veka. Slik fekk dei òg posten sin; Yksnøya hadde eige brevhus på øya. Pakkar og større brev måtte dei hente på posten i Lidabygda. Slik hadde det vore sidan dei første rutebåtane byrja å trafikkere fjordane frå midten av 1800-talet.

Då sjøbussen ”Hjørungavaag” byrja å trafikkere fjordane i 1949, kunne dei ikkje stoppe under Yksnøya som før. Men då ferja byrja å gå i ruta Volda-Lauvstad-Berknes-Leikong to gonger dagleg frå 1. juni 1957, vart dette til stor glede og lette for folket på Yksnøya. Med støtte frå kommunen fekk folket på øya bygd ei større kai på 1960-talet, ”Kommunekaia”, slik at ferja kunne leggje til. På denne måten følgde skuleborna ferja dagleg til og frå skulen i Lidabygda.

På 1960-talet vart skuleborna frå Yksnøya henta ved ferjekaia på Berkneset om morgonen av læraren med bil, fortel Oddbjørg Yksnøy Rangsæter, som sjølv byrja på skulen på Lid i 1961. På heimveg køyrde borna med læraren inn til Volda. Der tok dei ferja til Lauvstad før ho gjekk vidare til Yksnøya. På denne måten var dei heime i halv fem-tida om ettermiddagen. Ferjerutene varierte noko i perioden ferja gikk mellom Yksnøya og Berkneset. Dei siste åra ferja gjekk, vart det ofte vanleg for borna frå Yksnøya å vere med vener i Lidabygda etter skuletid. Når ferja gjekk om ettermiddagen, reiste dei heim.

Ferjeruta til Berkneset vart nedlagd i 1977, og då hadde folket på øya fått skyssbåten ”Ina Kristin” til bruk for skuleskyss.” (Hasle 2009: 382)

I ein periode fram mot 1976 hadde Yksnøya ferjeanløp via eit samband som gjekk Rjånes, Eiksund, Yksnøy, Velsvik, Berknes. Ei tid gjekk ferja også Djupsundet og innom Leikong. Om morgonen var det skulerute der borna frå Yksnøya tok ferja til Berkneset.

I 1976 vart det bestemt at Yksnøya ikkje fekk ferjeanløp lenger, det var for få personar på øya til å bruke tid på eit anløp. Det vart ein voldsom diskusjon i Volda kommune om korleis Yksnøy-folket no skulle transporterast. Anna, kona til John vart lei av heile diskusjonen, tok saka i eigne hender og kontakta ”departemangje”. Som John seier det:

”Ho va’kje redde skùggjì sinj.”

Ganske snart kom det brev frå departementet om at ferjeruta ikkje skulle nedleggjast før det vart ordna tilfredsstillande skyss til skuleborna. John meiner at brevet vart sendt til Møre og Romsdal fylke og Volda Kommune, med kopi til Anna. Den norske stat sette såleis press på fylket og kommunen m.o.t. å skaffe skyssbåt. Resultatet vart skyssbåten ”Ina Kristin”.



Skyssbåten Ina Kristin (10.10.2007)

John kan fortelje at ”Ina Kristin” vart bygd som fiskebåt i 1937 i Ofstadsjøen som ligg i Namdalen i Vikna kommune, nord for Rørvik. Ina Kristin vart seinare ombygd til skyssbåt og var fleire år skyssbåt mellom nokre øyar i Sør-Trøndelag. Båten er oppigjendøpt etter dottera til ein tidlegare eigar.

Knut Holte frå Folkestad som var ferjeskipper og sat i kommunestyret i Volda, kjøpte båten i 1976. Han leigde ut båten til Volda kommune, som brukte han til skyssbåt mellom Berkneset og Yksnøya. Båten vart seinare seld til Volda kommune.

Før båten vart kjøpt var det gjord avtale om at John skulle vere skyssbåtførar. Brørne Knut- og Petter Holte henta båten i Kristiansund, og kom rett til Yksnøya og la han på hamna. Kommunen ynskte at ”Ina Kristin” skulle gå mellom Yksnøya og kaia på Lid. Men John nekta å vere førar av båten om ikkje kaia på Berkneset vart nytta:

”Viss ej ska gå me’ båta i de’ heile tatt, då verte de’ Berknese’, elljes må de’ verte enj annjì.”

Dette hadde med vindforhold, leia (stakar og grunner), avstand og vegforhold på Lid å gjere. Resultatet vart at kaia på Berkneset vart fendra, det vart bygd ny trapp, og skyssbåtruta mellom Yksnøya og Berkneset kom i gang med John som skipper.

Volda kommune eigde båten til april 2008. Høgskulen i Volda overtok då båten vederlagsfritt for å kunne nytte han som undervisningsbåt ved kystfriluftslivsbasen på Yksnøya.

1.5.2 Brevhus og telefon

I manuskriptet til busetnadssoga (2009) skriv Hasle dette om post og telefon:

”Yksnøya hadde eige brevhus frå 15. november 1938 til 30. juni 1986 på garden Tufta. Her låg i si tid også ansvaret for dampskipsekspedisjonen. Postnummeret var 6117 Yksnøy. I førstninga låg brevhuset under Volda postkontor. Frå 1979 låg det under Ålesund postområde.

Dette var ei viktig teneste for innbyggjarane, ikkje minst med tanke på at mennene på øya var vekke store deler av året på arbeid. Å kunne sende og hente brev heime var ei lette i kvardagen.



Garden Tufta, der brevhuset var (16.4.2009).

Inventaret i brevhuset var mellom anna eit stempel og ei stempelpute. Eit "Krona posthorn"-stempel vart sendt til opninga av brevhuset i 1938. På stempelet stod det Yksnøy, og det hadde eit posthorn i midten. Brevhuset utførte berre dei enklaste posttenestene, som inn- og utsending av vanleg brevpost. Rekommanderte brev, verdisendingar og pakkar måtte øybuarane til Lid for å poste eller hente. Brevhuset selde frimerke. Når brev vart sende frå øya, vart dei stempla med posthornstempelet for brevhuset, og sende samla i ein postsekk. Sendingane skulle så sidestemplast med eit datostempel ved Volda postkontor. Poststempla frå Yksnøya har i lang tid vore svært populære mellom samlarar, og Oddbjørg Yksnøy Rangsæter frå Tufta kan hugse at mange ville sikre seg stempelet både før og etter brevhuset vart nedlagt. Onkelen hennar, Håkon I. Yksnøy, dreiv brevhuset frå 1944 til han døydde i 1966. Etter dette tok den andre onkelen hennar, Knut I. Yksnøy, over drifta og dreiv det fram til brevhuset vart nedlagt.

Knut og Kanutte Yksnøy tok seg av telefonsentralen i Grønevika, også kalla Yksnøyvika. I dette huset budde lærarane når dei var på øya. I og med at Knut ofte var ute på fiske eller anna sesongarbeid, var det hovudsakleg Kanutte eller sonen Johannes som hadde arbeidet med å gå med telefonbod.



Hauane, der telefonsentralen var i det gule huset. Det raude huset er gamlestova. (16.04.2009)

I 1954 var Torbjørn Sørheim lærar for dei seks skuleborna på Yksnøya og Eika i periodar på fjorten dagar. For at ordninga skulle vere rimeleg for alle, heldt han skule ei veke på Yksnøya og ei veke på Eika. Dei neste to vekene var han lærar for borna i Lidabygda, før han så reiste til Yksnøya og Eika att. Torbjørn hugsar godt ein episode frå tida han var på Yksnøya. Han heldt skule på Eika, og vart brått henta av ein skysskar i båt frå Yksnøya fordi det var telefon til han. Når han så kom ned igjen til båten etter å ha snakka i telefonen, og skulle skyssast tilbake til Eika, merka han at skysskaren såg grundig på han. - Var alt vel, spurde mannen. Han forstod at det ikkje var kvardagskost å verte henta til telefonen på Yksnøya på denne tida.

- Ja, det var ikkje akkurat tid for ”koseprat” i telefonen, minnest Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter. For det første kunne ein ikkje opphalde linja altfor lenge, i tilfelle andre venta på å kome til. Og dessutan var det kostbart å ringe. Kom det bod frå Kanutte eller Johan Yksnøy om at det var telefon til heimen, hugsar ho at dei lett kunne verte litt oppskjærta. Kanskje stod det på noko med nokon dei hadde nær og kjær? Medan dei sprang til telefonen hadde dei difor gjerne eit håp om at telefonen ikkje kom med bod om noko gale. I byrjinga av 1970-åra fekk familiane hustelefonar.” (Hasle 2009: 402-04)

1.5.3 Fyrlykta

Fyrlykta finn vi på søraustenden av Yksnøya, på Arehaugen. På sjøkartet heiter lykta i dag berre Yksnøy (Statens kartverk sjø, 2005). Lykta er viktig for å lose sjøfarande trygt i Voldsfjorden, Vartdalsfjorden, Rovdefjorden og Ørstafjorden. For dei som har budd på øya, har lykta vore spesielt viktig for kommunikasjonen med omverda og eit liv knytt til fiske og fangst.

Lykta på Yksnøya vart sett opp i 1903. Tilsynsmann for lykta har alltid vore eigar av bnr. 1 Yksnøy, der fyrlykta og oljehuset er plassert. Ole Høydal, som eigde bruket før familien til Kjell Yksnøy kjøpte det av han, var den fyrste tilsynsmannen. Sidan har lykta vore passa av Kjell sin familie i tre generasjonar. Kjell var den siste som hadde tilsyn med den oljefyrte lykta, og han kan fortelje at fyrvesenet har betalt ei bygsleavgift på tre kroner pr. år, heilt frå 1903 og fram til denne dag.

Kvar sommar kom fyrvesenet med ein stor båt for å fylle dei tre 200-liters oljetankane. Lenge bar dei oljen frå båten til oljehuset i berehylkje. Den siste tida var det tankbåt med slange. Ein gong i veka måtte tilsynsmannen fylle opp den ti liters store tanken i sjølv lykta. Med jamne mellomrom måtte brennar vedlikehaldast, og ruter og prisme pussast for å få klart og fint lys. Vedlikehaldsarbeid av lykt og oljehus gjorde fyrvesenet i sommarhalvåret.

Sjølv om husa på Yksnøya fekk elektrisitet i 1951, var det oljelykt på fyret heilt til det vart lagt fram straum og fyret vart automatisert, i siste halvdel av 90-talet.

Den fyrste tida fekk tilsynsmannen hundre kroner året for arbeidet. Dette var då ei bra og viktig biinntekt. I Kjell si tid som tilsynsmann vart beløpet auka til om lag fem hundre kroner. Med den prisstiginga som vart så var dette ikkje noko å verte rik av, seier Kjell, og ler godt. Dei seinare åra var det dårleg betalt i høve til ansvar og forplikting.

Kjell fortel vidare at det har vore nokre grunnstøytingar på austsida av øya, av båtar som har kome sør Vartdalsfjorden. Då han var liten, var det ein engelsk trålar som gjekk seg på ei grunne rett utanfor naustet i Grønevika. Sjølv om han var liten hugsar han godt den store fiskebåten som låg på land nede i fjøra. Men det som har vore av grunnstøytingar, kjem av feilnavigasjon. Lykta har vore godt stelt og alltid vore tend, så ingen skipper kan skulde på fyrlykta ved grunnstøyting.



Fyrlykt og oljehus på Arehaugen, på søraustenden av Yksnøya. (16.4.2009)

1.5.4 "Snill mann -"Troll"til båt"

For John og familien har motorbåten "Troll" vore svært viktig for kommunikasjonen med omverda. Knut Arne Aarset hadde denne artikkelen i Sunnmørsposten, som gir ei god skildring av John og Troll:

"**Yksnøya.** Øybuaren John Yksnøy (81) jubilerer i fjor. Båten han har hatt i snart femti sesongar, kjem etter og jubilerer i år, berre elleve år yngre enn eigaren. 70-åringen "Troll" er ein 21 fot lang klinkerbygd dekksbåt. Sauma i hop i Bjørkedalen, måla i hovudfargen Yksnøy-grått og med grøn og kvit dekor. Båten har utan tvil både sjel og hjarte (motor), og han er karakteristisk så det held. Yksnøy-skuta har knapt nok sin make i moderne tid, med sitt tronge styrehus med full ståhøgde for skipperen – og skorstein på taket. Slike blir truleg aldri meir bygde, no i plast- og atomalderen. Så Oddgeir Bruaset, kva styrer du med for tida?"



John og "Troll" – to gode kameratar. Foto: Knut Arne Aarset 12.5.2007

Bjørkedaling. "Troll" er utan tvil den tøffaste, traustaste, kvassaste og mest karakteristiske skuta som flyt, i alle fall på dei næraste sju sjømil kring Yksnøya, aller yttarst i Voldsfjorden. Det er altså 70 år sidan "Troll" vart klinka i hop på ein eller annan gard i Bjørkedalen, uvisst kva for ein.

Eg har berre høyrte at han som nybygg kom frå Bjørkedalen, noko eg har vore såre nøgd med sidan. Dei må ha gjord særstødig handverk og hatt framifrå material, bjørkedalingane. Treverk har eg faktisk talt aldri måtta skifta, berre saum og slikt. Av den opphavlege saumen kan eg nesten garantere at samtlege spikar er skifta ut etter at eg overtok båten, fortel John Yksnøy.

Med unnatak av dei siste par vintrane har John Yksnøy budd på øya her – midt i krysset mellom fire fjordar – i heile sitt liv. Eit liv totalavhengig av båt. Difor kan det neppe ha vore tilfeldig då skipper Yksnøy blinka seg ut denne spesielle, umiddelbart døypt "Troll" etter faren sin båt, då han i 1949 skulle ha farkost monaleg større enn færingen – og vesentleg mindre enn ferja som gjekk til Berkneset.

I sterk kuling. Denne båten hadde alt ei historie då eg fekk hand om han. Den førre eigaren, Nils Sundgot frå Dimnasundet – Skulegards-Nils dei kalla, nytta han mellom anna lenge som skyssbåt for arbeidarar ved sildolje- fabrikk på Eggesbøneset. Sjølv har eg vore til dei fleste fjordar, kaier og hamner i distriktet her i lag med "Troll". Det hadde vore frykteleg artig å få vite den eksakte distansen vi har gått i lag. Vi kunne tilsvarende gått rundt Ekvator, truleg fleire gonger, trur Yksnøy. Han har elles fleire gonger kryssa fjorden over til Berkneset i sterk kuling, kanskje endå skarpere.

Så du stolar på båten din?

Eg har aldri tvilt på "Troll" og sjøeigenskapane hans. Nei, det har eg i grunnen aldri gjort. Men ein må bere seg åt med vit. Ein må slakke ned og halde opp imot, når det trengs. Då går det nesten alltid bra, erfarer John Yksnøy. Han har frakta både folk og firbeinte med båten sin. Snart har han slite ut sin tredje motor om bord. – Nei, eg rekk nok ikkje å slite ut den som står om bord no. Det er min andre Sabb Diesel 10 hk, og dette er ubegripeleg driftssikre maskiner. Med første motoren vart eg eit par gonger liggjande og drive med motorstogg midtfjords. Med dei to Sabb-motorane mine har slikt for noko aldri skjedd, fortel Yksnøy.



”Troll” – ein svært driftssikker båt. Foto: Knut Arne Aarset 12.5.2007.

Misser bussen. Ein øybuar blir automatisk båtmann. Båtkyndig. Båtinteressert. Det ligg i så vel naturen og nødvendigheita. John Yksnøy fortel at han har både rodd og ikkje minst sigla, mellom øya og fastlandet i tidlegare tider. No har han fast båt plass på småbåthamna på Rjåneset, tett ved ferjekaia. Derifrå tek han bussen når han skal "inn på Land", som han kallar Volda sentrum. Men snart kan han ikkje lenger ta bussen frå ferjekaia, etter at Eiksundsambandet har opna.

Nei, då må eg vel gå heilt opp til riksvegen, viss eg har helsa til det. Det er i grunnen litt snodig, dette med Eiksundsambandet for oss på Yksnøya. Tunnelen går rett under oss, vi merka godt ristinga då dei skaut. Men vi har inga råd med å knyte oss på der nede. Og når både ferja og bussen flyttar, blir det visst ikkje så mange andre fordeler heller, konstaterer John Yksnøy. Han har vurdert å leite etter alternativ båt plass i Eiksund, men har høyrte at det er vanskeleg å skaffe.” (Knut Arne Aarset i Sunnmørsposten 30. august 2007)

DEL II. EIT LIV PÅ YKSNØYA

I denne delen skal vi fylgje John R. Yksnøy, som er fødd i 1926, gjennom eit liv på Yksnøya. Før vi møter John som pensjonist i kjøkenet på garden Soltun, skal vi sjå på nokre familiære faktaopplysningar og gi eit innblikk i livet hans i dag.

2. John si næraste slekt

Besteforeldra som budde på øya: Anna f. 1867. d.1953 og Johannes f.1862 , d.1951

Foreldre: Ragna f. 1898 , d.1985 og Rasmus f. 1899 , d.1994

Born: John f. 1926

Hanna f. 1928

Nelly f. 1930

Solveig f. 1933

Olav f. 1937

Arne f. 1940

John vart Gift med Anna f. Orvik 1929. d.1996

Born: Oddmund f. 1954, Volda

Randi f. 1956, Mo i Rana

Solfrid f. 1959, Oslo

Harald f. 1962, Yksnøya

Arnfinn f. 1964, Rjåneset

Bjørg Unni f. 1970, Kvalsund

John er bestefar til sju, ”reservebesten” til to og oldefar til tre.

2.1 Hofteproblem – Å bu på omsorgsbustad ein vinter

John er fødd i 1926, er no 83 år (2009) og har vakse opp på Yksnøya. I fiske- og fangstsesonar, og i samband med arbeid, skulegang, militærtjeneste og vitjingar har han farten mykje, men har elles levd heile livet på Yksnøya.

Hausten 06 måtte han operere hofta pga. slitasje. Etter operasjonen var han på Muritun (Valldal) for rehabilitering, for så å sitje fire månader i rullestol på Nilletun ved Mork-senteret i Volda. For ein mann som har levd eit fritt, innhaldsrikt og godt liv er det ikkje enkelt å måtte vere på institusjon. John har eit smittande godt humør og ser lyst på livet, men likevel beskriv han det å verte plassert på ein institusjon slik:

”De’ e’kje ofte ej ser svart på live, men dei fyste daganje på Nilletun gjore ej de’.”

Etter kvart vart han kjend med bebuarar og tilsette, og trivselen auka. Positiv som han er, gir han ros til dei tilsette for mykje god hjelp. På det sosiale plan var det eit godt opphald, men plasseringa av Nilletun og Mork-senteret er han lite nøgd med, då det ligg altfor langt frå folk og sentrumsfunksjonar:

”Men bakdeli der på Mork e at de’ e so atta i døra. Utafor allfarveijø på allje måta.”

Det sosiale var svært bra: ”Me vart so ei store familje – på enj måte.”

2.2 Å kome attende til ei øy som gror igjen

Etter intens trening utover vinteren på Nilletun kunne han reise tilbake til Yksnøya i april. Det å kome attende til øya si beskriv han slik:

”De’ e omtrent so å ha vore ute å reist, so kjeme du heimatte. De’ e no ikkje noke verre elle beire for den skuld. Du veit at so, so me’ mej no, so e de’ so innjigrott. Sjøl om ej he vore vekke et halvår, so kanj ej kome innj i kjøkene, tappe vatn, koke mej kaffi, å de’ e so ej he vore her heile tida.”

John er klar i hovudet som ei klokke, og er no bortimot fullt restituert. Når han vert spurd om grunnen til at han kom seg så fort på beina igjen, svarar han:

”Ej måtte tidle lære mej å lite på mej sjøl. De’ va’kje berre å fare å mase på andre om de’ va noke.”

Han har seg daglege turar på øya ”for å ikkje stivne til” som han seier.

John er uroleg over at det gror slik igjen på øya, etter at dei slutta med husdyr som beitte. Dette gjeld både utmarka og dyrkamarka.



Yksnøya gror igjen etter at dei slutta med husdyr som beitte. (16.4.2009)

”De’ e et større å større problem eigentle. No sida de’ ikkje vart krøter her – å me slutta å slå, so so me gjore før. De’ e’kje noki so greie å halde de’ nede lenger. De’ e på hare live å berre greie å halde ryddigt tune’ å hajì her. Når du ikkje he brùk for grasa so verte de’ slik.... Før i tidinje då måtte du no få tak i dei grasstråda so fanst då, de’ va no om å gjere å få so mykje so råd innj i lødå.”

Dei fór rundt med småljå frå sjø til høgste berg, og nøysemd var viktig for å kunne ha nok fôr til dyra.

”Me fekk no nokre såte me’ småhøy.”

Då John voks opp, var det nesten ikkje tre på øya.

”De’ va berre nokre fåe – kanj du seie. Sånn so når i markjìnje va der nesten ikkje eine enj gong.”

Lyngen og småtreda som kom opp, åt krøtera opp om sommaren. Dei hadde oftast tre kyr og nabogarden to kyr, som beitte der.

” Dei gnog de’ dei kunnje finnje, å vel so de’...De’ kom ikkje den ting opp!”
John slår i bordet fleire gonger.

”Å so vart de’ no slutt med krøter – kyr når i markjìne, å so bejynde de’ å kome måse – å då vart de’ no nesten gjøsla so de’ bejynde å vekse meir gras. So va no de’ saudinje. Dei va no både haust å vår i markjìnje, men om sommara hadde me dei opp i Velsvikjìne. Heilt frå då ej voks opp å til ut på sekstitala.”

Så lenge dei hadde kyr som beitte på øya, vart det for lite beitemark til sauene sommartida, og beiteretten dei hadde i Velsvika frå gammalt av, var ei god løysing på fôrproblemet på Yksnøya. Dei betalte nokre øre til ein gard i Ytste Velsvika - nærast Korsfurå, for å få ha sauene i utmarka, og på fjellbeitet deira. Det einaste positive John ser med skogen som gror, er mykje ved, men det vert både nok og for mykje.

”Me he no snart so füllje lødå me’ ved, og vedahuse greie me no aldre å brennje tomt om so me helde på i hundrede år.” John ler godt....

Når naboane Kjell og kona Nelly, som er syster til John, kjem forbi, stikk dei ofte innom, og godt samhald har det alltid vore på øya.

”Her he alltid vore et tett forhold – et tett samarbeid. De’ va me igrunnjì nøydde til. De’ va no enj å annja gongjì ikkje allje va no so einige, men de’ e no de’ allje stess. Men, når de’ va noke so sto på (slår hendene saman), då va dei der allje! De’ e i allje fallj sikkert.”

Døme han nemner er ved sjukdom og om hausten når dei treskte korn.

”Då for me rùndt på heile øya å hjelpte kvarandre. Då gjekk de’ radigt.”

Alle hadde korn og poteter. Stort sett var det havre, men i krigsåra hadde dei bygg og kveite. Dei fleste var sjølvhjelpete.

3. Oppveksten på Yksnøya

3.1 Fødsel

John vart fødd i gamlestova på garden Soltun i 1926, i eit lite kammers, der foreldra hadde soverom. Fødsel heime på gardane var vanleg.



Raudehuset er gamlestova der John vart fødd i kammerset (vindaugst nærast nyehuset). (10.10.2007)

”Ej å allje sýskjenja mine vart fødde heime her, allje i hop. De’ va no berre å hente jormora de’, de’ va no ut’på Leikong helst.”

Fødslane gjekk stort sett bra, ut frå det John veit, men han nemner likevel at broren til faren hans vart fødd for tidleg.

”Hanj livde berre to dage. Men ej veit ikkje so mykje om ditta der igrønnjì, for de’ va aldri snakka om noke sånt seddu, so de’ e vanskele å vite heilt nøyakti.”

Når John får tenkje seg om, nemner han også:

”Ho mor me’ fekk vel enj liten jentungje so va fødde so tidle at ho ikkje overlivde. De’ va’kje slik so de’ e i dag at dei kunnje berge dei. Naturlevis so va de’ no ditta der so va minuse allje tide. Men de’ gjekk bra med dei allje fleste.”

Det var vel ikkje vanleg at mannfolka var med på fødselen?

”Nei, ej he no seks ùnga, men ej va no ikkje me’ på enj einaste enj.”

Då yngste sonen Arnfinn vart fødd, andre påskedag 1964, verka ikkje telefonen på Hauå (Grønevika), på andre sida av øya. Dei måtte då bruke sin eigen motorbåt Troll, for å kome seg frå øya til Berkneset.



Motorbåten "Troll" ved flytebrygga på Hamna. "Troll" har vore John sin trufaste hjelper gjennom mest heile livet. (9.7.2008)

Frå ein gard på Berkneset fekk dei ringt etter drosje. Kona Anna, vart sjukare og sjukare:

"De' va no på live laust, ha ej so nær sagt."

Drosjesjåføren Gjelsvik spurde om dei skulle gi seg tid eller køyre fort, og fekk dette svaret:

"Nei berre kom dej innj i Volda på sjukehuse so fort so du kannj, for ditte e'kje noke å vente ette."

Det gjekk unna berre så småsteinen spruta, inn gjennom den skrøpelege vegen gjennom Alida.

"Når me kom innj på sjukehuse å fekk varskue, då kom no dei ut å to sej ta 'nje Anna. Men ej kom ikkje lenger enn innj til døra, då ha'kje ej der noke meir å gjere." John ler godt.

Dei seks borna til John vart fødde på sjukehuset i Volda, men det var berre med yngste sonen, Arnfinn, at Anna venta på fødselen heilt fram til termindato. Då fødselen nærma seg med dei fem andre borna, flytta kona Anna inn til Enok Osvold i Volda. Kona til Enok, Hanna, var tanta til Anna. Det gav tryggleik å kunne bu på fastlandet, nær sjukehuset:

"De' vart no likso bergingja, for de' va'kje alltids so enkelt å kome herifrå..."

3.2 Ein sommar i oppveksten

John gir denne skildringa av ein sommar i oppveksten på Yksnøya:

"Fyst om vårì so va de' no å få ned i jorda. Me va no oftå me' å spadde opp åkrì, de' va no å bere greipa, når me kom so langt me greidde de'. Å sameleis so spadde me no torv. So va no de' å vere me' der, fram på berjå, å legge utover torv. Sameleis sete de' opp – huse de', so me sa. (Torva vart tørka og brukt til brensel.)

Når me bejynde på slåttì, so tūrka me no mykje høyr på markjinje. Elljes so va me no me' å slå me'. Ej va no ikkje so gammalje når hanj bestefar lagde mej ei lita longorv. Hanj lagde de' av enj småljå. Ej slo i lag med hine ned på markjìnje. So va no det å drage slipestein ikkje minst. De' va monge sånne arbeidsoppgåve, men me va no fri me', kjære folk.... Me for no over stokk å stein. Ned i fjørinje å ut i markjine å allje stess. Plukka bær når de' leid so langt.

Å so va no de' på sjøi. De' va no helst kveldanje. Om morgeni for no dei so tidle, oftast for å drage ganja, so då va'kje me ùngane vakne alltid. Viss ganja vart ståande utover daji, elle formiddaji, so kunnje enj risikere at fùgli åt fiskji ut av ganja (p.g.a at det vart lyst – fuglen såg fisken).

Å so ettemiddaganje då, når me hadde utýve høy, so va no de' me ùnganje so snudde – gjekk med rivinje... Når me hadde ete middag, å dei vaksne hadde sej enj middagslur, so va me stad å snudde. Men når me va ferdi med de', ja då kunnje me gå i fjørå å bade, ja då va de' fridom (John ler godt). Me va no ofte innji Årvikja. Ja me va no innj i hamnìnje me', men der va best når de' va flod. Når de' vart fjøre då kom me ut på gjørmå, veit du, då vart de' so stygt å gå. Me va mykje når i hamninje, heilt når i bùktinje.

Når det va store flod, so for no me å vassa når på Osa å fanga småflyndre å stikling. De' va no å lure dei innjunde foti. Stikling e nokre små fiska – ei fem til seks sentimeter store, å so he dei noke pigga på sidå, so dei kunnje stikke ganske godt.”

Elles laga dei seg trode som hadde knappenålsonglar, og stod ned på voren, ned med naustet og fiska småmort og skjebbe.

”Dissa små raudeskjebbinje dei va no so besetta å stele agn, veit du. De' va no nesten ikkje råd å lure dei. De' va'kje oftå me greidde.”

3.3. Ferieturar

Det var ikkje vanleg å reise på sommarferie når John vaks opp.

”Nei, de' va'kje de' noke so heitte, de' haure ikkje ej gjete før enn de' ej va vaksì å meir til.” John ler godt.

”Me' helga so va no de' av å til me tok oss enj tur, kanskje sýd til Rovdestranda – ho mor ha no slekt der å sánn..., å enj dag elle to sánn innj i mylljá at de' passa slik at me kunnje reise, men ikkje feirie i den forstand. De' va å besøkje slekta. Ho mormor bùdde sýd i Årvikjìne, me' dei va me ganske oftå.”

Når du fekk born sjølv, vart det då ferieturar?

”Nei, de' gjore me igrùnnji ikkje, når me for nokì tur so va de' oftaste heimatte der ho Anna va ifrå – når til Misund å når på Otrøynje. Me ha'kje bil, so når me skulde nokì stad va de' båtì over fjorì naturlevis, enten me brukte no 'nå sjøl, elle de' va nokì so skyssa oss. So va no de' å nå ti ei elle annja slags rute – enj buss, elle båt.”

Det er ikkje sikkert at det var så stort behov for lengre ferieturar når de budde så fritt?

”Me visste ikkje om de' – visste ikkje om noke! De' va igrùnnji enkelt.”

Omgrepa ferie og fritid høyrer det moderne samfunnet til. Dei kom fram med industrialiseringa der det vart nødvendig med slikt. I det tradisjonelle førmoderne fiskarbondesamfunnet ”kvilte dei i arbeidet”. (Eldjarn og Godal 1988: 26 - 39)

3.4 Leikar

Av leikar som John hugsar at dei heldt på med i oppvekst nemner han å ”slå pinnj”, slå lyre og sisten. Jentene heldt også ein del på med å spele lyre oppetter ein vegg. Dei kasta ballen oppetter veggen – snudde seg rundt – tok igjen ballen og gjorde forskjellige ting etter at dei hadde kasta ballen oppetter veggen.

”De’ va enj heile seremoni.”

”Slå pinnj” heldt dei ofte på med i tunet, eller ”når de’ var ryddigt på markå”. Slå lyre var det fint til ”fram på Myrå”.

”Der va de’ enj svære plass å slå lyre. Når me va på skule, når i Gjerde, so dreiv me no å slo lyre der – utapå skulì, å heim i Geila. De’ vart no av å til at de’ vart litt kort – de’ hende no de’ at me laut over steingarì på Tufta for å finnje atte både de’ eine å de andre – når de’ vart litt skjikkele treff.”

Å forklare reglane til å ”Slå pinnj” er ikkje så enkelt. Men det er viktig at denne leiken ikkje går i gløymeboka så me får prøve: Dei hadde ein liten pinne, som låg mellom to steinar. Denne slo eller vippa dei med ein stor pinne. Så hadde dei ein strek slagmannen måtte slå over.

”Elljes so va’kje de’ jyldi.”

Dei som stod ute på marka/bana – bak streken, som då greidde å ta imot pinnen, fekk poeng. Etter at personen som var inne hadde slått/vippa veslepinnen, la han frå seg den store pinnen over steinane. Den som då hadde veslepinnen skulle prøve å kaste - treffe storepinnen slik at han datt av steinane, eller kome så nær at du ”ikkje fekk et mål med storepinnj” (eit mål = lengda av storepinnen). Om det skjedde, måtte slagmannen ut. Den som då hadde greidd å ta imot veslepinnen, for så å kaste den inn og få treff, vart ny slagmann. Dersom den som kasta veslepinnen bomma, så kunne slagmannen ta veslepinnen, hive han opp i lufta, og slå denne med storepinnen så langt han berre greidde. Fekk du til dette tre gonger, fekk du måle avstanden inn til steinane med veslepinnen. Då vart det like mange poeng som det vart lengder med veslepinnen. Ein som var dyktig og litt heldig, kunne vere slagmann ”ei heile stünd.” Ein var ferdig som slagmann når nokon slo vekk storepinnen med veslepinnen (trefte når dei kasta inn), eller der ikkje var ”mål” (veslepinnen vart kasta inn og var så nær at det ikkje var plass til storepinnen som ”mål”), eller du ikkje greidde å treffe veslepinnen når du skulle slå han ut.

Det var mange akter og ulike sett av reglar. Reglane lærte dei av dei eldste borna, så dei gjekk i arv.

”Reglanje hadde no vore til før mi tid i allje fall.”

3.5 Skienektivitet

Skienektivitet er vanlegvis ikkje den tanken som dukkar opp når ein er på ei øy. Men ein fin vårdag vi står i tunet og diskuterer klima, og teikn på endringar, fortel Harald, son til John, at det mange vintrar var mykje snø på øya. Eitt år, på slutten av sekstialet, hugsar han at det var snø over steinmuren nord for gamlestova, som er over ein meter høg. Når snøen kom, var det

stas. Ungane leika seg på ski. Dei fór opp på det dei fann av åskammar, haugar og tuer, og rann ned igjen. Skihopp var også stas, den gongen som no. På vegen og Myrane gjekk dei kilometer etter kilometer for å få dette notert i distansekortet som dei hadde fått på skulen. Harald brukte dei gamle skiene til , som no hadde fått Kandaharbinding med tåjern og klype framme, og vaier med fjør bak.

John kan fortelje at det også var skienektivitet i hans oppvekst, men det var dårleg med utstyr. På garden hadde dei berre eitt par ski som faren, Rasmus, hadde hatt. Desse var av rogn som hadde vakse i naturleg boge i eine enden. Denne bogen var tuppen på skis. Til binding hadde dei berre ei lærreim over skotuppen, så hælen var laus. Det var derfor vanskeleg å halde balansen. Dette løyste dei ved å bore hol i tuppene og feste eit tau i hola. Han heldt så bukta i hendene og fekk då balansehjelp når han skulle renne.

Seinare fann dei emne av bjørk, som dei tok med til Kjartan Rotevatn på Volda Skifabrikk, som så laga nye bjørkeski. John varmimpregnerte dei med tjøre, slik at dei ikkje skulle trekkje vatn. Med gode ski vart det no også lengre turar. Dei rodde til Velsvika for å gå på ski til Velsvikskåla. Det hende også at han rodde til Velsvika for så å gå til Rovde for å handle. Han gjekk då på ski etter vegen. Det gjekk fint, for det var svært lite trafikk den tida. Nokre vintrar var det mindre snø, og då vart det sjølvsagt også mindre skiaktivitet på Yksnøya.



John med skiene sine. (16.4.2009)



Harald peikar mot ein av skibakkane på øya. (16.4.2009)

Kjelkar, eller krubbe som John kallar det, vart også brukt til å leike seg når det var vinter. Faren laga krubbe med plass til tre. Under krubba var det meiar med metallbeslag. Når det var fast og god snø, fekk dei god fart utover markene.

Når dei var mange, lånte dei steinsleden til kjelke. Sleden hadde meiar og vart brukt til å drage stein av markane, men var også ypparleg til kjelke når dei var ein god gjeng med born som skulle leike seg.

”Me tok de’ me fannj på gara, me va’kje rådalause ...”

3.6 Oppveksten ved sjøen og symjedugleik

Var det alle ungane som lærte seg å symje?

”Nei, de’ va dårle me’ igrønnjì. De’ va veldi dårle med symjing – vil ej seie. De’ va no somme ta oss so lærte no skjikkele. Lite grand kunnje no vel dei fleste, men de’ vart ikkje noke..... Hanj Kjell (Yksnøy) va veldi svære å symje...”

Når vi diskuterer symjedugleik, kjem dette fram:

”Ho mor tru’kje ej kunnje, å ikkje veit ej om ho bestemor, elle han bestefar heller kunnje de’. Han far kunnje vel lite grand då, men han va’kje nokì symjar han helder. Å ej he aldri vore nokì symjar. Men de’ va no somme, nokre ta dissa karå so budde borti Eikinje for eksempel, dei va no so svære å symje. Enj ta dissa gutå. Brorì hass Erling Eiken – hanj Sigmund. Hanj symde no ofte over sunde (Yksnøysundet) å bort til Stornese.”

John oppsummerer:

”Ej kan vel seie de’ slik at støste prosentì ’ta oss ùngå her på landa, so kunnj’ikkje me noke særle å symje.”

Når det gjeld årsaker til manglande symjedugleik, er han usikker:

”Nei, de’ veit ikkje ej, me ha vel ikkje nokì so hjelpte oss til å kome i gong - akkurat.”

Låg temperatur i vatnet kan vere noko av årsaka, men også manglande symjeopplæring.

”Ja , de’ va vel noke de’ me’. Men, ikkje va de’ no noka symjeopplæring nokì tid. De’ va no de’ ikkje noke so heitte.”

Manglande symjedugleik førte aldri til større ulykker.

”Nei, de’ he aldri vore noke slags ùhell. Her e’kje nokì so ej veit, framma igjønå tida, so he omkjømost på sjønå her på den måti.”

Fråvær av ulykker på sjøen stadfester også Hasle (2009):

”Etter det folk veit, har ingen frå Yksnøya kome bort på sjøen. Med tanke på kor ofte både born og vaksne frå Yksnøya har vore på sjøen, er dette ein utruleg ulukkesstatistikk. Nokre meiner dette også seier noko om dyktige sjøfolk frå Yksnøya.” (Hasle 2009: 371)

Ei forklaring på at det har gått så bra, kan vere at dei heilt frå fyrste møtet med sjøen lærte korleis dei skulle passe seg, og korleis dei skulle oppføre seg i ein båt.

”De’ fekk du direkte innj frå fyste dag du va so pass at du va me’ ’tì enj færing.”

Bestefaren, som dreiv sjømannsopplæringa, hadde strenge reglar for korleis ein skulle oppføre seg i båt.

”Me fekk ikkje fare rundt so tulljinga i enj båt. Der va visse regla å gå ette, ja. Me skulde vere på plassanje våre. Me måtte vere både forsiktige å vite ka me gjore, både når me skulde fiske å me skulde flytte oss innji båta å alt slik.”

Ved leik i fjøra og bort på hamna vart dei lærte opp til å vere forsiktige, og dei var aldri åleine. Det hende at dei fekk seg ein kipp:

”De’ va vel enj gong, elle eit par gonge, hanj Olaf, so e sýd på Rovdestrandinje, ramlar ned frå vøri, ned me’ nausta. Den gongjì va no ho Nelly (systema) der, å ho huka no tak i brokraua på ’nå å drog ’nå oppigjen. Me va’kje vanhjelpte om de’ va noke so gjekk gale.” John ler.

Dei aller minste ungane fekk ikkje vere med ved leik og bading i hamna.

”Ikkje dei aller minste då. Dei laut no vere so pass at dei gjekk sjøle, so nokelunde, å greidde å vere me’.”

Det var tradisjon på øya for at dei eldste borna passa på og tok ansvar for dei som var yngre.

”Ja, de’ va no i grønnjì heile tida de’. De’ vart no sagt at me skulde sjå ette. De’ va no sånn so voks sej til frå fyst av, kanj du seie. De’ va berre sånn.”

3.7 Skulegang

Før det kom skule på Yksnøya, gjekk borna på omgangsskule. Då var det skule i dei ulike heimane på øya.

”De’ var skule her, å Fram i garì - i husa der va skule, å so flytta dei når på Tufta – når i stovå der. Frå eine husa til hitt. So å so monge daga på enj plass”.

John meiner det var ei slags turnusordning.

”Dei delte på de’ altso – litt på kvar gard.”

Skulen på Yksnøya vart bygd i 1910. Ei viktig årsak var barnerike familiar på øya, og såleis mange barn i skulepliktig alder. John fortel at faren Rasmus var elleve år og skuleelev då skulen kom i gang, og berre på deira gard var det då ni born. Alle var sjølvstøtt ikkje skuleborn samtidig.

”Dei va opp i tretten stykkje so budde i gamlestovinje.”

Iver Yksnøy (bestefar til Oddbjørg Rangseter) på Tufta var sentral i arbeidet med bygginga av skulen.

”Hanj va likso so enj sånn føregangsmann, hanj va no i kommunestyra å litt sånn”.

Gamlekarane (dei som var besteforeldre då John voks opp) bygde skulen på dugnad. Han nemner Henrik Yksnøy, Knut Yksnøy og Johannes Yksnøy blant bygningsfolka.

”Karanje pjaska å snikra litt – både den eine å den andre. Sånn so hanj bestefar (Johannes) va no bygningsmannj – egentle. So dei va de’ so kakka ihop dinnja skuli. De’ va vel på dugnad. De’ va vel sånn friville innsats. Men ej trur de’ dei fekk nokre krone med kommuninje sopass at de’ dei hadde til material.”



Skulen vart bygd på dugnad i 1910. (10.10.2007)



Dører, glaskarmar, kateter o.l. vart også laga på øya.

”De’ lagde dei på hylvlebenskå sine her å der”.

”Dei fekk no opp huse, å de’ stende no der slik de’ gjore til å bjynde me”.

John byrja på skulen som sjuåring i 1933 og gjekk på skule på Lid dei tre fyrste åra, til sommaren 1936. Dette på grunn av at dei berre var to born på øya i skulepliktig alder. Det var han og tanta til Knut Øyvind Yksnøy – Oline Yksnøy (g. Ulvestad). Ho var eit år eldre. Det var då lenge sidan det hadde vore skuledrift på Yksnøya på grunn av få skuleborn. John budde i Berkvika med ho tante Amanda og han Pe-Ola (mannen), innpå Pe-Bønå, under skulegangen på Lid.

I 1936 vart dei nok born på Yksnøya til å få i gang skulen. Dei var seks elevar, og John meiner at det var minstekravet for å halde i gang skulen på øya. Dei gjekk på skule i fjorten dagar, for så å ha fri like lenge, men om sommaren var det skulefri som no. Det var seks dagar med skule pr. veke, og berre søndag var fridag.

For John varte skulegangen på Yksnøya i fire år, ut 1939, det vart sju år med skulegang. Dei fjorten dagane dei hadde fri, beskriv John slik:

”Å, de’ va herledom å glede. Då pùgga me lekse, å elljest so styrte me no me’ de’ vanlege. Leksìnje kùnnje vere rekninga so skùlde gjerast ferdige, elle noke so skùlde lesast før neste fjortendagesbolk me’ ùndervisning. Me va’kje heilt sånn sleppte på viddå. Men de’ va no ikkje noke lekse so va no noke tỳngjande, kanj du seie. De’ va no igrùnnjì ei veldi fine ordning.”

Olav Egge frå Vikebygda var lærar. Han var også lærar i Vikebygda. Bustad hadde han i kammerset på skulen i undervisningsperiodane. Middag fekk han med Kanutte (bestemor til Knut Øyvind Yksnøy) på Hauå (Grønevika).

”Å elljes so styrte han sej sjøl på skulekammersa.”

Skuledagen varte frå kl. 8.30 til 15.00, og timane varte ein klokke, med friminutt på ti til femten minutt, meiner John. Men dei hadde langfriminutt, klokka 12 til 13, der alle gjekk heim for å ete middag.

Det vart undervist i kristendomskunnskap (bibelsoge, katekisme, forklaring og salmevers), rekning, teikning, geografi, naturkunnskap, skriving og song. Songtimane hugsar John med glede. Det var songar knytt til dei ulike årstidene. Lars Sjøraas si songbok vart mykje brukt. Elles las dei mykje. På skulen hadde dei bokskap med ei boksamling på over hundre bind, som dei også kunne låne med seg heim. Læraren hadde også lesetimar der han las til elevane:

”Då sat me so nokre kjerteljøs, veit du.”

Gymnastikk inne hadde dei ikkje. Men dei slo lyre og pinne i friminutta.

”De’ va’kje sånn hendelse me’ fotballj dinnja tida.”

Læraren var ofte med på leiken i friminutta.

”De’ va sjøldå de’ hanj sette sej til innje. Hanj Egge va me’ oss heile tida.”

Var de mykje ute i naturen rundt på øya, og i fjøra i undervisningssamanheng, når de var ei lita gruppe på seks elevar?

”Nei de’ gjorde ikkje me. De’ va no der me oppheldt oss allje andre tide de’. De’ styre so va nedi fjørinje å ned i sjønå, ditta styre der, kùnnje me lenge før me bejynde på skule – i grùnnjì. Naturlevis so las me om forskjelle, å so tegna me fùgla å dyr, plante å blomstra. So me hadde litt sånn teoretisk. Me ha igrùnnjì ikkje utetima.”

Når eg spør John om læraren (Olav Egge) var ein omgjengeleg kar, eller det var hard disiplin, kjem dette svaret momentant:

”De’ va enj veldi greide kar. Han kùnnje sette sej ned å slå av enj prat på meir kameratsle basis. De’ va’kje noke bråk i skula. De’ va fùllje jobbing de’, heile tida, når me skùlde jobbe. Me respekterte både lærarì, å me respekterte ganske godt kvarandre me’.”

Fysiske avstraffingar kan ikkje John hugse at der var.

”Nei, de’ veit ikkje ej om. De’ va i grønnji ikkje so strengt, på enj måte. De’ skulde mykje til igrønnji før at du måtte site atte, for eksempel. Då måtte ikkje du kunnje et ord ta leksinje elle noke sånt.”

Den verste straffa dei kunne få, var å sitje igjen, etter at dei andre hadde gått heim. Å måtte sitje inne i eit friminutt var ikkje så gale.

”Å site atte de’ va no de’ verste ta alt de’. De’ va hårda bud.”

Foreldra visste når dei skulle kome heim, så då forstod dei med ein gong at noko hadde hendt på skulen, med avhøyr som resultat.

Det var veldig lite disiplinproblem på skulen. Skuleborna hadde respekt for læraren og hadde ei oppseding der ein skulle ha respekt for vakse folk generelt.

”Du visste kor du skulde oppføre dej, å du visste kor grensinje gjekk. Å de’ va’kje noke å diskutere verken sånn eller slik.”

John kjenner ikkje så godt dagens skule, men ut frå det han har høyrte og lese, seier han:

”Ej synest de’ at de’ he vorte vel mykje laustsleppt. De’ kjeme vel ta de’ at de’ he vorte sleppt laust frå de’ ùnganje e små. For dei e’kje vande me’ at de’ e grense for ka du fe gjere å ka du ikkje ska gjere. Ej meina de’ at de’ e litt for laust.”

Både heime og i skulen hadde dei klare reglar for kva som var lov og ikkje lov, noko som John opplevde som trygt og greitt. Han ser det også som viktig at dei største borna passa på og sette grenser for dei mindre borna i familien.

Av andre lærarar som John hugsar frå skulegangen sin på Yksnøya, nemner han Nille Fremmerlid og Elias Andanes.

3.8 Konfirmasjon - ”Å gå for presten”

Våren 1940 begynte John å gå for presten. Då reiste han til tante Amanda i Berkvika kvelden før dei skulle for presten, overnatta der, for så å gå til Volda saman med tre andre konfirmantar frå Lid. Så gjekk han tilbake til Berkneset, der far hans henta han med færingen. Dette varte ut sommaren 1940. Ein dag pr. fjorten dagar.

”De’ vart no monge tura.”

Dei vart konfirmerte 29 september 1940.

”Enj nydele fine dag. Solskjìn å svartestillje ned på fjøra.”

Sivert Lid henta konfirmantar med fylgje, på Bøkaia på Lid, med skyssbåten ”Turist”. Dei var om lag åtti konfirmantar som var stilt ”til forhøyr” på kyrkjegolv i Voldskyrkja.

”Då va’kje de’ nokì nåde – hanj Tjensvoll spaserte opp å ned å spurde oss. Å me las salmevers å bibelord. De’ va vel litt nerva, men de’ gjekk no veldi profesjonelt føre seg igrunnjì, å greitt. De’ va’kje slik at enj kunnje verte utestengde frå konfirmasjona for de’ enj ikkje kunnje noke. De’ va’kje på den måti den tida. Dei fleste kunnje ditta der, ganske so bra (bibelord, katekisma og salmeversa).”

Det var mange ting som måtte lærast utanåt. Dei gjekk gjennom heile kyrkja sitt innhald gjennom kyrkjeåret, så dei vart ganske godt orienterte om kyrkjeåret, høgstidsdagar og kristendomshistoria.

”De’ va’kje berre pugg ’ta salmevers å bibelord, me fekk ganske mykje historie samtidi. I dag he me tapt mykje på at de’ ikkje e noke i same dur so de’ va då. I dag ska enj lære så mykje forskjelle at alt verte so utvatna. Kristendomì kjeme for mykje i bakgrunnjì. Enj burde lært meir om denj religionì so e offentle i de’ lande enj bur.”

4. Yrkesval

Etter at John vart konfirmert hausten 1940, var det naturleg å få seg eit arbeid.

”Då vart dissa krigsvintranje. Då va me enj heile del ut i Fosnavåja vinterstida ej å han far. Me salta sild ut på budå der.”

Arbeidet bestod i lossing, skaffe fram tretønner og salt, moke sild opp på langborda, som flittige damehender gjorde opp og salta i tønner.

”De’ va enj sabla gjeng med kjæringa so la sild. Dei plukkka fort opp i ei tynnje.”

Timeløna var rundt ei krone pr. time for dei yngste, og noko meir for dei vaksne.

I 1945, siste krigsvinteren, fekk John hyre på ein 65 fots fiskebåt frå Remøya. Ein av mannskapet hadde vorte sjuk, og han måtte hive seg rundt på kort varsel.

”De’ va fyste turì min på sjøi. Då låg me ut i hava å dreiv ette sildinje, kolsvarte allje fyra. Fùllt ta mine å...”

Av ansiktsuttrykket til John ser eg tydeleg at sløkte fyr og minetrusselen kunne vere skremmande. Han fekk full lott, og gjorde seg åtte hundre kroner, på denne fyrste turen som sjømann.

”De’ va mykje penge de’!”

John skildrar også ei flott natt ute i havet, ”ute på Eggjinje” (Storegga). Det var damande stilt på sjøen, og himmelen flamma i gult og raudt. Dette var ein sterk kontrast til ruskevêr og krig for ein ung sjømann.

Hausten 1945 vart det meir skulegang. Då byrja John på folkehøgskule i Ulsteinvik, eller ungdomsskule, som det heitte den gongen.

”Då måtte ej stad å lære mej litt meir. Stad å lære mej å vere la me’ folk.” Han ler godt.

Det var fleire kjende som skulle byrje på skulen, og foreldra var positive til at han skulle få seg meir lærdom. Dei hadde fleire av faga som dei tidlegare hadde hatt på folkeskulen, og John hugsar godt at dei lærte seg å lage arbeidsteikningar for bygging av bord og skap o.l. Det var mykje song, og dei hadde ulike valfag som dei kunne melde seg på.

”De’ va enj veldi svære vinter – me ha de’ veldi kjekt.”

Sommarhalvåret 1946 vart det arbeid på kvalstasjonen på Steinshamn på Harøya, i Sandøy kommune. Det var tre båtar som fangsta kval som var knytt til stasjonen. John jobba på land i mottaket av finnkval, seikval og ”en og annja gongji spermkval”. Drage på land kvalen, partere, pakke kjøt, koke olje av det som ikkje kunne brukast av folk eller dyr, var nokre av arbeidsoppgåvene. Kvalen vart fangsta ut på ”Eggjakanta”.

Det vart så sildefiske, og ny sesong på kvalstasjonen på Steinshamn. Vidare vart det militærtjeneste som sambandssoldat på Jørstadmoen .

Frå februar og ut sommaren 1948, som del av militærtjenesta, var John i Tyskland, der han deltok i Tysklandsbrigaden. Dei norske soldatane samarbeidde med engelskmennene om å halde ro og orden etter krigen i Holzminden opp i Hartz - området. Dei budde i ein stor militærleir ”me’ fine sånne murblokkje so me budde på – nesten so enj litì by.”

”Tyskland va no okkupert frå beggje side, då ette krigen. Me hadde kvar våre posta so me heldt orden på militært.”

Der var mangel på mange vareslag, så svartebørsen florerte:

”Å so va der svartebørs. Ha du ei øskje me sigaretta so kunnje du kjøyre halve Tyskland rundt me’ drosje.”

Ein gong var dei på tur for å sjå seg om i Hamburg. Dei leigde seg ein sjåfør med ”boble” (folkevogn) for to til tre sigarettpakningar.

”Ej trur nok hanj selde de’ vidare – hanj måtte no ha et kvart til bensin.”

På svartebørsen kjøpte han seg også eit flott fotografiapparat, som han betalte med sigarettar:

”De’ va omtrent fire hundert sigaretta. Sirka seksten krone i penge.”

På slutten av førtitalet og utover på femtitalet vart det jobb som fiskar på ulike fiskebåtar, og arbeid som fyrbøtar på kvalfangstskuter.

Frå 1956 vart det turar med fiskebåtar på håbrannfiske, lofotfiske og på Island med linebåtar.

Lysta til å vere meir heime med familien hadde no vore sterk lenge, og frå 1958 vart det arbeid på verkstaden på Kleven i Ulsteinvik, der dei reparerte og bygde båtar.

”Ej va faktisk fjernten år der ute - ej he sveist monge kjilometer med sveis.”

I vekene budde han på hybel i ein kjellar, og reiste heim kvar helg, så fråværet frå heimen måtte han leve med ei stund til.

”Fyste åra då jobba me no laurdaganje me, so då vart de’ no laurdag ettemiddag me for heimatte igjen, å so va de’ no å fare igjen søndags kveldi. Hardaste slåtti kunnje ej no vere heime ei veker tid.”

Frå 1976 vart John tilsett av Volda kommune som skyssbåtførar på Ina Kristin. Han gjekk då to turar for dag mellom Yksnøya og Berkneset, ein om morgon og ein på ettermiddagen, pluss eventuelle ekstraturar som vart tinga. Frå 1970 skyssa han også studentar frå kroppsøvingstudiet ved Volda lærarskule, som hadde kystfriluftslivskurs på Yksnøya. Når han skal seie noko om korleis skyssbåtførarjobben var, kjem det:

”De’ va no fint på den måti at ej fekk no vere heime her.”

Han var skyssbåtførar til han vart pensjonist.

Når han skal grunngi kvifor sjøen og arbeid knytt til fiskeri og båtar vart yrket hans, får eg dette til svar:

”De’ va no igrunnji de’ som va lettast å kome sej til med. I å me’ at du va me’ enj gong på sjøi, so bejynde du no å få ditta der innj i hendinje å i kroppi, kanj du seie, å då vart de’ no slik at ette kvart so ha du no lyst å vere me’.”

Hadde du andre tankar og draumar om yrke den tida?

”Nei ej hadde igrunnji ikkje de’. I nittentreåfemti so gifta ej mej, å de’ so då va aktuelt va no å grave til sej so monge krone at du kunnje greie å brøfø familjå di, å få ti de’ so dei trengde.”

Fiske kunne vere lukrativt?

”Du kunnje gjere skjikkele gode tura, å so kunnje du no vere ùheldige me’”.

Det er vel heller ikkje så rart at arbeid knytt til sjøen vart levevegen for John. Når du veks opp i sjøkanten og har ein bestefar (Johannes, f. 1862) som var i fyrvesenet mykje av livet, og ein far (Rasmus, f. 1899) som var i hamnevesenet sommarhalvåret, så vert sjøen eit naturleg val som leveveg.

Etter å ha fortalt om ei militærøving på Bjørkelangen der dei låg i telt i tjue kuldegrader, nesten to meter snø og ”enj redige snøstorm”, så oppsummerer han:

”Når ej tenkje tilbake på alt, so he de’ vore mykje opplevsa.”

5. Krig

På Berkneset er det kanonstillingar og festningsverk frå krigens dagar. Yksnøya ligg rett vest av Berkneset, på andre sida av fjorden, og ut frå dette skulle ein tru at folket på øya har følt krigen på kroppen.

”Me låg no igrunnji midt i skotlinjinje - heile tida - då når dei hadde fått til dissa kanoninje sine innj på Berknesa. Dei dreiv av å til å skaut på blink syd gjønå fjori og når gjønå fjori, å prøveskaut dissa kanoninje me’ skarpe granata.”

Ein tysk vaktbåt slepte ein flåte i eit langt tau. På flåten hadde dei ein blink, som var målet for øvingssskytinga.

”So då va de’ no et rabalder heile tida.”

Då dei heldt på å byggje opp festningsverket på Berkneset, var det mang ein smell på grunn av sprengingsaktivitet i anleggsperioden.

”Då va no de’ ganske mykje rabalder av å til.”

Våren (i juni) 1940 kom den fyrste tyske troppen over til Yksnøya. Desse kom frå ein vaktstyrke som heldt til på Kornberg. Det var om lag tjue soldatar som etablerte seg på skulen.

”Å so ha dei maskingeværstilling på Ryggjå, der so no dinnja der transformatorè stende. Der hadde dei maskingeværstilling å enj vaktpost, for du veit der såg no dei sýd å når å innj, å rúndt allje stess.”

Ryggjå er det høgste og beste utsiktspunktet på øya. Ned for hammaren på Ryggjene hadde dei tyske soldatane eit telt, der ein soldat kvilte seg, medan den andre heldt vakt ved maskingeværstillinga.

Dei to offiserane som var med troppen, heldt til på loftet på Hauå (Grønevika), på austsida av øya, i det gule huset til Knut og Kanutte Yksnøy (der Knut Øyvind stammar frå). Her var den einaste telefonen på øya, så Hauane var såleis ideell for offiserane. Når eg spør om dei spurde om å få bu der, eller dei beordra, så seier John:

”Ej trur de’ at dei berre sa at der skal me vere.”

Dei tyske soldatane vart på øya utover sommaren.

”De’ va no nokre veke, ej e’kje sikker på kor lengje de’ va. De’ va no enj månes tid, elle vel de’. De’ va no då utýve sommarè ei stúnd.”

John var fjorten år når tyskarane kom til øya, så han hugsar rimeleg godt det som hende. Skildringane hans er rimeleg udramatiske, og han skildrar møtet med dei tyske soldatane som om soldatane viste respekt for Yksnøy-folket.

”Dei gjekk no her å tassa, dei kom no hit å kjøpte sej egg, me ha no høne me veit du. De’ va’kje noke problem.”

Sommaren 1940 var festningsverket på Berkneset enno ikkje bygd, og Yksnøya var faktisk eit reelt alternativ til bygging av dette:

”De’ va no meininga me’ de’, til å bjýnde me’. Å de’ va so langt kome dissa plananje deira om å vere her, at allje garanje nåraføre, me’ nå Kjell, på Hauå, på Tuftinje å når i Vikjine, hadde fått beskjed om at dei måtte rekne me’ å flytte.”

Desse fire gardane var så sikre på at tyskarane kom til å ta husa deira, at dei hadde begynt å flytte ting frå husa sine og over til gardane på vestsida av øya (Soltun og Fram i gara). Matpoteter, setjepoteter og ”alt slag” vart flytta.

”Monge sånne ting vart flytta hit, å somt bort i Eikå endåtil, å forskjellige plassa. Dei va bejynde å forberede sej på å flytte utto husa. So langt va de’ kome.”

Dei tyske offiserane gjekk rundt på øya, såg, studerte og vurderte om dette var den ideelle staden for festningsverket.

”Enj gong hadde dei hatt me’ sej onkeli hass Kjell (Yksnøy), Nikken so me kallja ’nå (Nikolai var ugift sjømann, og var bror til Knut, som var faren til Kjell), for å sjå kor de’ va ut i utmarkjinje. Å so va de’ vatn, ja hanj hadde vist dei dissa brune myrholinje, hanj, veittu. De’ va brunt å de’ va dårlege greie med vatn, ha hanj fortalt dei. Å de’ va no noke sant me’.”

Når eg spør om Nikolai overdreiv noko for å verte kvitt dei tyske soldatane, har John denne kommentaren:

”Hanj gjore de’ nok ikkje beire enn de’ so de’ va då.”

I tillegg til det dårlege vatnet var tyskarane betenkte på alt som måtte transporterast over fjorden frå Berkneset til Yksnøya.

John trur at alt som skulle til for å lage festningsverk på Yksnøya var teikna, fått på papiret og klart. Men dei to nemnde faktorane sette ein stoppar for prosjektet, og tyskarane gjekk i gang med bygging av festningsverket på Berkneset.

”Ditte styre her vart ikkje noke meir ta, å de’ kunnje no igrønnjì vere de’ same. Me va no vel fornøgde me’ at de’ vart stopp.”

John er klar på at dette var ei rett avgjerdsle. Eit artillerikompani på kanskje 150 mann hadde fått for lite vatn på Yksnøya.

Tyskarane reiste frå øya, og ut over hausten vart det mindre kontakt med soldatar. Det hende seg at det kom ein vaktbåt med sjekk av pass som fylgje, men det vart no ei mykje rolegare tid, og meir tryggleik for Yksnøy-folket.

No og då kunne dei høyre aktivitet frå festningsverket på Berkneset. Når det var stilt og fint vêr, kunne dei høyre når tyskarane song og marsjerte der. Øvingsskyting kunne også både høyrast og merkast. Ein gong høyrde dei eit smell på Tufta, og eit prosjektil kom gjennom rafta og fór vidare opp i marka. Dette var eit vådeskot frå Berknes-festninga, truleg med eit mausergevær.

Under heile krigen gjekk det stort sett godt å ha ei festning som nabo. Det vart aldri den store krigsaktiviteten på Berkneset. Utanom den nemnde øvingsskytinga nemner John ein gong til der luftvernartilleriet vart brukt. Engelske fly, som kom frå eit hangarskip i Nordsjøen, hadde senka ein tysk vaktbåt og to lastebåtar (norske båtar som tyskarane hadde beslaglagt), som hadde gøymt seg i Ørstafjorden. Flya var på veg til å returnere over Eidheim og Berkneset. Då dei passerte sør for Berkneset og var på veg i retning Rovdefjorden, vart det fyrst av ei salve med luftvernartilleriet frå Berknesfestninga. Han beskriv tyskaren som skaut etter flya som

ein galning, då festninga si plassering ikkje skulle røpast for engelskmennene. Dei hadde ordre om å skyte berre ved militært angrep mot festninga, meiner John.

Det nemnde slaget i Ørstafjorden merka dei godt. Smell, svart røyksky over Eidheim frå tyske båtar i brann, tett i tett med luftverngranatar frå dei tyske skipa, som dei såg kom over Eidheim og eksploderte over Voldsfjorden, og bort under Velsvika. Eit engelsk fly vart skote ned. Piloten frå Australia omkom. Det er reist ei minnestøtte på Lianeset frå denne hendinga. Mange tyske soldatar vart drepne og såra i desse trefningane. Dei som var såra, vart transporterte til sjukehuset i Volda.

Tidleg om morgonen før desse trefningane starta, var John og faren inn i Steinnesstranda med færingen for å samla rekved. Dei brukte å ro dit for å samle rekved. Då dei kom inn der, låg to av dei tyske lastebåtane oppankra på Selbervika, og ein var lenger inne i Ørstafjorden. Dei observerte då eit fly himlande høgt oppe.

”De’ e vel best me kjøme oss heimatte igjen , for de’ e no ikkje godt å vite ka dei finnje på,” sa far til John.

Dei sank da ihop det dei fekk med seg av rekved og skunda seg heim. Dei oppankra båtane og flyet på observasjonstokt gav dei ein mistanke om kva som kom til å skje. Seinare på ettermiddagen i to-halv tre-tida, då dei sat og åt ved kjøkenbordet, hørde dei duren av dei engelske flya, og like etterpå braka det laust.

Elles var det tyske byråkratiet eit problem. Når dei skulle ha seg ei dynamittpatron for å sprengje stein, måtte dei fylle ut ein bunke med papir for å få løyve.

”Me måtte ha enj *so* tjukke bункje med papir, stempla på å styr å stellj.”

Dei hadde ikkje radio på øya då krigen tok til. Av våpen hadde dei to gamle gevær, men dei tok onkelen til John og gøymde vekk.

”De’ va innj i Hilljinje enj kvanj stadì. Innj mot Båtvikjìnje, innj i brattinje, enj elle annja plassì der. Vekk ifrå gara.”

Dei hadde ikkje så mange trasige opplevingar med tyskarane.

”Nei, me hadde igrunnjì ikkje de’. Ingjì vart arresterte.”

Dei svarte blendingsgardinene som det var eit generelt påbod om, er også ein ting John hugsar. Det skulle ikkje kome lys frå husa. Dette for at engelske fly skulle ha lite å navigere etter, men også for eigen tryggleik med omsyn til å verte bomba. Tyskarane reiste rundt og kontrollerte.

”Såg dei enj gneiste ’ta noke slag, so va de’ påpakning. Dei skuld’ ikkje ha noke slags lyspunkt å orientere sej ette. Endåtil fyranje va sløkte, sånn so ut i øyå, Svinøynå og Rùndafyre. De’ einaste dei hadde (å orientere seg etter), va enj båt so hadde ei spesjelle lanterne opp i mastrìnje, hanj låg vel oppankra, slik at hanj markerte dinnja Geitmarì, fallje der Arisan forliste.”

Vinteren 1945 var John nitten år, og det var fyrste vinteren han var på sildefiske, og her skapte også blendingspåbodet problem.

”De’ va so kolsvart at du måtte vere godt kjende for å kome dej innj på Fosnavåjì igjen.”

Folket på Yksnøya var lite førebudde på at dei skulle få tyskarane så nær innpå seg som dei fekk våren 1940.

”De’ va so ùverkele heile greiå.”

Når eg spør om dei hadde fått noko form for signal om kva som kom til å skje, så kjem det kontant:

”Me ha no ikkje peiling. De’ va svært lite folk so hadde tenkt på at ditta kunnje verte.”

Dei hadde høyrte mykje om krigen, men at plutselig tyskarane dukka opp var uverkeleg. Men før dei kom, hadde dei registrert at båttrafikken rundt Yksnøya og i Vartdalsfjorden var aukande. Store, tome, ulasta lastebåtar fór forbi. Om dette var ein del av mobiliseringa, er John usikker på.

Bestefar til John, Johannes, abonnerte på Sunnmørsposten så lenge som John hugsar, så dei hadde tilgang på ein viss sensurert informasjon.

”Me kunnje no lese mylljå linjå.”

Elles las dei illegale aviser når dei kom over det. Nokon informasjon frå folk som hadde høyrte radio, kunne det også verte.

”So me heldt no oss oppdaterte.”

Ei hending som sit spikra i minnet til John, var då ein tysk lastebåt med ammunisjon ombord, eksploderte. Engelske fly hadde skote han i brann ein stad mellom Kvamsøya og Hakallestranda, og i drift mot Åramsundet gjekk tre til fire hundre tonn med høgeksplisiv ammunisjon i lufta. Han gir denne beskrivinga av hendinga:

”De’ ej haure å såg allje best, va no dinnja der ammunisjonsbåtì gjekk i lùfta, sýd ùnde Kvamsøynje.”

Det var stilt og fint, og det var klar himmel. John låg utfor Storeneset og fiska frå færingen. Det kom ein forferdeleg smell. Dei som var oppe i husa, høyrde smellen endå betre enn Jon:

”Her kjendest de’ ut so de’ va jordskjelv aldeles. Å like ettepå kom dinnja skya, oppfør Laupì (fjell på nordsida av Rovdefjorden), enj høge sopp. Nesten sånn atombombesky. Ja, de’ va so likt dissa billeda so ej he sett ta atombombegreiå. Ho vida sej ut so enj store vide klump. Kvitt å svart, so va de’ noke so kom ùnda, nesten so regnelinga. Svarte strek so gikk ùnda dinnja skyinje å ned. De’ va sånn drit å sånt so va slengt opp i lùfta, so kom nedatte. Tjùkke so ei stamme å stort so enj sopp. Ditte va på haustì i fireåførte.”

Han avrundar:

”De’ so va merkjele, va at ikkje sivile vart skada. Mòla av båta va fùnnje opp på fjella. I kjirkjå på Sandsøyenje va’kje de’ atte ei heile glasrute, å der va mykje hus de’ va utblesne rute.”

6. Nok mat

John har hatt ein god oppvekst på Yksnøya.

”Ja, de’ vil ej no seie. So so dissa krigsåra me’, me leid no ikkje noka nød, på nokì måte. Me hadde både mat og klede, de’ me trengde, å allje ting igrunnjì. So her va no et paradís her mot so de’ va some stade i bya å meir sentrale sted.”

På spørsmål om han nokon gong har lagt seg svolten, kjem det kjapt:

”De’ he ej aldre opplevt.”

Så det var alltid nok mat?

”Allje tide.”

Men John fortel likevel at det var ikkje alltid dei hadde så mykje pengar. Når han var liten og faren var på hamnearbeid, var timeløna under krona pr. timen. Under krigen då John var med faren på sildearbeid i Fosnavåg, hadde han nitti øre timen. Men han kan likevel fortelje at ved å gå til bakaren, kunne ein ete seg bra mett for ti øre.

Når det galdt mat var dei stort sett sjølvhjelpete på Yksnøya:

”Kjøt ha me kvart einaste år, å då ùnde krigen, ej he’kje vokse so godt nokì tid so de’ ej gjore då. Me hadde konnj so me fekk male oss mjøl, å bakte brød å store stabla me’ flatbrød. Å so ha no me dissa stakkars kuskreklinje, dei va no ikkje so svære, men me fekk no både mjelk å smør. So ha me saude, å slakta ei tre, fire, fem kanskje om hausti. Å gris hadde me no alltid om sommara, so me fora opp å slakta då på hausta. Me hadde bærtred, so me laga både saft å sylte. So ha me no gulljerøte å enj rabbeåkr.” (Han kallar dei kuskreklene fordi dei var små og skrinne.)

Av frukt hadde dei både eple- og plometre, men frukta varte aldri heile vinteren. Sydlandske frukter var det lite av:

”Oftast fekk no me ei appelsin til jul å de’ va no svære greie,” seier John og ler godt.

Bær var det dårleg med på øya, då sauene gnog det dei kunne finne både haust og vår, også blåbærlyngen.

”De’ e fýst dei seinare åra at her he vorte skjikkele med blåbær, å i år e de’ no de’ beste de’ he vore.”

Sopp brukte dei aldri. Det same med strandsniglar, olbogeskjel og andre ting, som kan haustast frå fjøra:

”De’ va no ikkje tenkt på enj gong. De’ va’kje noke so va rekna so mat ditta der, i de’ heile. De’ va no ikkje brukvisa.”

Dei hadde alltid nok fisk:

”Du store tid - dinnje her fjori e no de’ so gjere at me eksistera egentle – de’ e no et heilt unikt spiskammer.”

Dei gode fiskeforholda i kombinasjon med god naturhamn og god matjord, gjer at det har budd folk på øya heilt frå yngre steinalder, meiner John. På garden har det vore funne to pilspissar ved graving i jorda. Den eine er på museet i Borgundgavlen, den andre er på Historisk Museum i Bergen. Frå Bergen fekk han skriv om at pilspissen stamma frå yngre steinalder. John meiner at slekta hans har budd på Yksnøya sidan 1802. Anders og Marte , stamforeldra, kom frå Voss, var i teneste hjå ein prest i Dragsund, hadde truleg fire born og slo seg etter kvart ned på Yksnøya.

7. Giftarmål og kjønnsroller

7.1 Giftarmål

I oktober 1953 vart John gift med Anna Orvik i kyrkja på Oterøya. Festen var i heimen til Anna på Oterøya i Midsund kommune. Dei treffe kvarandre på Harøya, medan han arbeidde på kvalstasjonen hjå Brødrene Sæbjørnsen A/S på Steinshamn. Ho hadde slekt på Harøya, og arbeidde som husmorvikar på fleire av øyane i Sandøy kommune (Ona, Finnøya, Sandøya, Orta, Harøya og Lyngvær). Veninna til Anna arbeidde på kvalstasjonen saman med John. Gjennom henne kom han i kontakt med Anna, som han fekk mange gode år saman med.

7.2 Kjønnsroller

”Alt skal vere so nøytralt no for tida, men de’ e no ikkje nøytralt live’ i de’ store å heile. De’ ska vere kjønnsnøytralt å ditt å datt, de’ e no ikkje de’. Kjønnsnøytralt e de’ mest idiotiske ej høyre, de’ høyrest forferdele tullje ut. Et kjønnsnøytralt samfunn let ikkje sej gjere å få til. De’ ha no kollapsa de’”, seier John, slår i bordet og er tydeleg irritert.

I John sin oppvekst var det tydelege kjønnsroller. Mannen og kvinna hadde avklarte oppgåver.

”Men de’ va’kje noke i veien for at han far tok enj oppvask enj gong i mylljå, viss de’ passa sej slik. Å sida han vart no gammalje me’, å ho mor va her mindre å mindre, so laga han mat å styrte i kjøkena å alt so trengdest – de’ va’kje noke problem de’. Men de’ va vel ikkje allje stade de’ va sånn.”

John meiner likevel at det var tydelege kjønnsroller i oppveksten. Gutane var med i arbeidet og vart opplærte av far og bestefar. Jentene var med i arbeidet og vart opplærte av mor og bestemor.

”De’ va so naturle, de’ kom ta sej sjøl mykje ta ditta der. De’ va’kje nokì so tenkte på at ditta va noke skjeift på nokì måte.”

John meiner at det i dag er for utydelege kjønnsroller, med rolleforvirring som resultat.

Som vi har sett var mennene på Yksnøya vekke på arbeid i lange periodar, noko som førte til at kvinnene og borna fekk ei ekstra tung bør med å skjøtte heim og gard. I busetnadssoga skriv Hasle:

” Sjølv om dei fleste henta store delar av inntektsgrunnlaget sitt frå arbeid utanfor garden, var gardsdrifta i stor grad bygd opp rundt tanken om sjølvforsyning. Mennene var borte frå øya på arbeid store delar av året. Dette innebar at gardsarbeidet hovudsakleg var kvinnene og borna sitt ansvar.

- Fjøsstellet var kvinnearbeid. Sidan ingen huslyd hadde innlagt vatn, var bering av vatn til dyr og hus ei stor og viktig arbeidsoppgåve i kvardagen. Ved sida av stell av born og gamle var arbeidsdagen til kvinnene fylt av gjeremål for at hushaldet skulle ha det nødvendige.

- Vi kjøpte lite utanom kaffi, sukker og litt mjøl, forklarar Olav Yksnøy. Det meste vart laga heime. Han kan også hugse at dei hadde heimelaga sko.

Kvinnene spann, strikka, vov og sydde kledda til huslyden. Poteter, grønsaker, bær og frukt vart hausta, mjølka vart ysta og kinna, fisken kokt eller steikt, salta og tørka, og i slaktetida om hausten vart det laga blodpølser, saltmat og annan kjøtmat. Kvardagskosten var ofte graut, og flatbrød og saltsild.

Mennene prøvde å vere heime i onnene. Men dette gjekk ikkje alltid. Borna var tidleg med i arbeidet med slåtten. Langorva var gjerne sett på som ein reiskap for menn, men Nelly Yksnøy hadde godt lag også med denne. Ho hugsar godt arbeidet med slåtten:

- Det skulle slåast alle plassar, alt måtte nyttast, fortel ho. Ho kan endatil hugse at det vart slått på den vesle holmen AUSA. Arbeidet med slåtten kunne difor vare i fleire veker. Alle små teigar vart utnytta, og graset vart slått mellom bergskortane, innimellom småskogen, ja, overalt. Borna var viktig arbeidskraft i slåttetida. Den sommaren Olav Yksnøy var 15 år, hadde han og systera Nelly, som var sju år eldre, for det meste hadde ansvaret for slåtten åleine på heimgarden. Mesteparten av arbeidet vart utført med handemakt, og dei reiskapane dei nytta, var gjerne heimearbeidde.

Frå dei små slåtteteigane rundt omkring på øya bar dei høyet heim på ryggen. Graset vart samla i ei høybere, der dei nytta eit tau som dei stramma høyet saman med. Dette småmarkhøyet vart kalla stutthøy. Dette vart gjerne tatt inn i store striesekkar som dei også bar inn på ryggen. Langhøyet frå slåttemarkane vart hesja. Dei som etterkvart fekk slåmaskiner kunne kople på ei kjerre og få høyet inn på denne måten.” (Hasle 2009: 376)

8. Tankar om samfunnsutviklinga og dagens miljøproblem

Når spørsmålet om dagens miljøproblem, med global oppvarming og isbrear som smeltar dukkar opp, vert John fyrst usikker, men pratar seg fort varm.

”De’ veit ikkje ej, de’ virka på mej so innjvikla – veldi innjvikla. Men på ei annja side sett so e de’ no mykje ta ditte so skjer no i dag so he vore før. Viss du bejynde å fylgje me’ litt på ka dei he fūnnje ut forskaranje å forskjelle slag....De’ e’kje slett alt so peika på de’ at de’ e sånn galskap so me he gjord, men naturlevis so e de’ mykje – å de’ verte no meir å meir. De’ va no aldri tenkt på at noke kunnje verte øydelagt på den måte... De’ e lengje de’ va villje tilstanda – de’ va sånn texasgreie. Du kanj tenkje dej – dei låg å snørpa på dinnja mussinje – enj sildeyngel som va so store (John viser mellom tommel og peikefinger), på nårlandskysta å her i fjorå. Dei fylte store båta. Du kunnje få ei åtte – ti ned i ei fyrstikkøskje. Dei kjaure de’ ned i fabrikkanje å lagde mjøl å olje. Ditte va fūllt lovlle. Då kan du bejynde å lure på ka so he skjett frammaigjønå tida. De’ va’kje annja å vente de’ at silda forsvannj - heldt på å gå i oppløysing

– ha ej so nær sagt...Ha no endåtil småsilda fått vore i fred, so ha no de' vore litegrand beire....”

Dette var på 1950- og 60-talet, og vi veit at silda vart nesten utrydda og seinare freda i mange år.

Var det fokus på miljøproblem i din oppvekst, slik som i dag?

”Nei då, du visste ikkje om de' – de' va'kje noki so tenkte på.”

I dag er det mange som veks opp som er redde for framtida og dommedagsprofetiar.

”De' e'kje rett. Disse dommedagsprofetianje dei he somme forskara, de' helde ikkje ej me' dei ti.”

John meiner dei kan ha rett, men mykje av dagens miljøproblem har ein også sett før i tida. Han siktar då til at klimaendringar har gått i syklusar.

”Der he no vore sånn opp på Svalbar at der voks no både appelsine å annja.”

Han viser også til istida:

”Lande va no vekk i enj store isklump. De' e so longe periode at et menneskeliv fe'kje du de' me' dej ti. Men ej meina'kje at dei ska sleppe opp i luftha alt mule galskap – de' gjer'ikkje ej. Men alt mule so folk forfekta, trur ej me kan ta ganske med ro.”

Er det framskritt alt som skjer i dag, får vi det betre?

”De' vi'kje ej seie de' e – de' e'kje de'.”

Han kjem vidare med eit spørsmål til svar:

”Kor me ska få de' beire då – ka so ska verte beire?”

Han meiner at mange får det verre, og viser til flyktningleirar i Afrika, og fangeleirar i ulike regime der frykt for å verte skotne er ein del av kvardagen.

Folk har også for lite tid til å besøkje kvarandre. Før stakk dei ofte over i grannegarden og slo av ein prat, og ein tok seg tid til å prate når ein møtte nokon. Han fortel om bestemora som tok på seg ”storeplaggje over hærane,” og stakk over i grannegarden til Henrika og strikka og prata, når borna laga for mykje leven i stova. Ho tok seg ein liten pust i bakken. I dag er terskelen for høg for å gå på besøk:

”Some plassa må du nesten ha skriftle innjbydelse for å kome innj i husa til folk.”

Han viser også til eigen barndom:

”Me ùnganje, for eksempel, gjekk no til kvarandre alljestess.”

John meiner også at stress er eit alvorleg problem i dag.

”Til meir effektive du ska vere, ja til verre verte de’!”

Eg viser til ein samtale eg hadde med Rasmus, far til John, der han uttalte at folk i dag burde haroa seg meir ned og reist ut på fjorden for å fiske småsei. Då ler John, og seier samtykkjande:

”Ja, de’ e no heilt sikkert, de’.”

9. Tru, alderdom og døden

9.1 Tru

I mange sterkt truande miljø har dei venta på verda sin undergang eller dommedag, men vart dette opplevt i ein oppvekst på Yksnøya?

”Ej he ikkje opplevt de’ at verken hanj bestefar, ho bestemor, elle foreldra mine sette fram noke sånne teoria. De’ va noke so Vår Herre styrte me’ å dermed pùntùm.”

John understrekar det med å slå fingeren i bordet.

”Ditta ha’kje me noke me’ å gjere.”

Kristentrua de lærte av foreldre og gjennom skulegang og konfirmasjonsførebuing, har den vore med deg gjennom heile livet?

”Ja, egentle, so he de’ vore heile tida.”

Trua er god å ha når det røyner på?

”Ja de’ vise sej no bra oftå de’ – de’ e no sikkert.”

Føler du at foreldre- og besteforeldregenerasjonen stod for ei streng kristen tru?

”Nei, de’ vil ikkje ej seie, de’ va’kje sånn ekstremisme,” ler Jon .

”De’ va so tilforlatele. De’ va ditta so va deira forankring.”

Trua låg i botn som gode levereglar og søndagane hadde dei ofte andakt heime. Når dei fekk radio og seinare fjernsyn, hørde dei alltid preika søndagane. Søndag formiddag hende det ofte at familia sette seg rundt bordet, og far til John las teksten som hørde til dagen (etter huspostillane). I høgtidene vart kristentrua vektlagt. Var det vêt til det, reiste dei til kyrkje.

”De’ va no å samle ei tre, fire, fem stykkje å ta sej enj færing å ro til Leikong – å gå i kjirkjå.”

Det var vanleg med bordvers, eller bøn før maten. Kortspel var det lite av, men det var ingen forbod mot det. Kortspel var ikkje vanleg i familien.

”De’ va’kje noke so haure me’ innj i familjå.”

Hugsar du at det var dans nokon gong på Yksnøya?

”Nei, de’ veit ikkj’ej om.”

Årsaka meiner han at det var ingen som spela verken fele eller trekkspel. Men han nemner at sommartida hende det at dei tok med seg sveivegrammofonen til onkelen, ”fram i Myrane, opp onde bergja”, sette han på ei steinhelle, og hørde på plater av Book-Jensen og andre gamle slagerar.

9.2 Alderdom

Korleis er det å vere her ute, no på dine gamle dagar, vert du mykje åleine?

”Nei, egentle ikkje. De’ e no av å til at de’ verte no litt stussle, men so e no de’ so enkelt me’ at ej he no dinnja telefoni.”

Mange ringer, og John bruker også telefonen flittig.

Stundom tek han seg turar til Volda, på ”Teria” (kafé). Der møter han alltid gamlekarane ,som han kan slå av ein prat med. Elles reiser John rundt og besøker born og vener.

”Ej he ei ganske store kontaktflate.”

Han fortel om bilturar saman med borna, tur med hurtigruta langs Norskekysten, viser bilete frå ulike delar av landet, konfirmasjonar, barkedåpar, gebursdagsfeiringar og andre familiesamkomer. Familie og vener er ein viktig del av livet til John. Born, barneborn, andre slektningar og vener passsar han på å halde kontakt med.

9.3 Tankar om døden

John har eit naturleg forhold til døden. Han har levd eit langt, innhaldsrikt og opplevingsrikt liv og har vore gjennom alle fasar som livet har å by på. Han seier det så enkelt:

”Døden e berre noke so kjeme – de’ gjer de’ for allje - enj kanj ikkje gjere noke me’ de’ Men ej he hatt et godt liv, so ej e’kje redde for dødi. Ej he alltid hatt banjetrua, å den hjelpe mej. De’ e ingen so veit korleis dødi e – so de’ e noke framant....”

Når same tema vert diskutert i stova med Kjell- og Nelly Yksnøy, seier Kjell:

”Nokre fe vere me’ lengje i ditte live, å somme fer so alt for fort. Slik e de’ berre. Me he sjølsagt lyst å vere me’ lengst muli, so sant me he helså”.

DEL III. SJØLIV PÅ YKSNØYA

10. Sjøliv

Vi skal no innom noko av det som høyrde sjølivet til: hamna, naustet, båtar, segling, roing, fiske, og ord og uttrykk knytt til færingar.

10.1 Hamna

Når vi diskuterer namnet på hamna, kjem det frå John:

”Me sa rett å slett ned på Hamna. Ditta derre namne so e skrìve på karta – Røytå, de’ brùkte ikkje me i de’ store å heile. De’ va iaffallj svært sjeldent – veldi sjeldent at de’ va brùkt. Sånn so i dagligtale va de’ ned på Hamna.”



Innseglinga til Hamna (Røytå) mot vest, i kveldslys. (10.10.2007)

Når eg spør om korleis namnet Røytå dukka opp, svarar John litt usikkert:

”De’ va no enj sånn tronge våg, veit du, å mykje stilljeståande vatn, å til dels e der brakkvatn, når de’ e på de’ verste med spillevatn å regn. Å de’ va so ei sånn røtsøyle - næraste. De’ kan vere noke de’, å so kanskje de’ at dei brùkte de’ til å røyte ta når dei skulle bereide skinnj, so måtte dei ha ta håra veit du. Då legge dei dissa skinnja ned i sjøi, so ette ei stùnd so losna håra – du røyte dei.”

John er samd i at Yksnøya har ei av dei beste naturhamnene for småbåtar på Norskekysten, og at båtene er svært godt verna mot bære og vind:

”Ja, de’ e de’ – de’ e no ditta der so gjere de’ at her kùnnja vore båta so kùnnja leie ute heile tida.”



Den fine naturhamna sett frå Hamnahaugen. (10.10.2007)

No har dei flytebyggjer til båtane sine. Før var det anker og fortøyingspåle innmed land. Bakenden på båten var inn mot land, og baugen peikte nordover. Seinare vart det faste utfar der båten låg på svai. No er det flytebyggjene som dominerer. Ein av fortøyingspålane står det igjen ein mole av enno, aust for støa til John. Denne har dei i den seinare tid brukt som merke når det vart storfjøre, og dei lurte på om det var nok vatn på hamna til å kunne gå ut hamneopninga med skyssbåten Ina Kristin.

”Når de’ e so store fjøre at den stende godt oppo, då trengje ikkje du om å prøve å kome ut me’ Ina.”

Hamna har vore viktig for øysamfunnet, og når vi snakkar om dette, kjem det kjapt frå John:

”De’ lýt enj no nesten kallje det livsviktig – egentle. Det hadde vore veldi vanskele å finnje nokì plass so enj kunnje vore sikker for motorbåtå sine heile åre, viss ikkje du hadde hatt dinnje hamna.”

Hamna er kanskje ei av hovudårsakene til at dei fyrste innbyggjarane busette seg på øya?

”De’ he no hatt innjflytelse. Ej kan tenkje mej de’ at dissa karanje so kom her til å bejynde me’ so he dei sett litt på dinnja derre krånå der til å kome sej attunde.”

Vestavinden er verste vindretninga på hamna, for då kjem det bære inn opninga. I kombinasjon med stormflod, der mykje av steinvernet i innløpet er under vatn, kan det verte svært uroleg der Ina Kristin har flytebyggja si. Lenger sør i hamna kjem dei ”attunde” og der vert det rolegare. Nordavind, og særleg nordausten gir mest vind inn i hamna, men det vert ikkje bære.



Lenger sør i hamna kjem dei i le for vør og vind. (10.10.2007)

Båtar har ikkje vorte øydelagde på grunn av vind og sjø, noko som er eit bevis på kvaliteten på øya si naturhamn.

”Ikkje ta nåravinda, elle vinda i de’ store å heile. Når at de’ gjekk vel dinnja orkannatta, då trur ej de’ ska mykje til also.”

10.2 Naustet

Før dei fekk seg motorbåtar på øya (Rasmus, far til John fekk motorbåt i 1921), hadde dei færingane sine i nausta i nærleiken av gardane sine. Familien til John hadde naust der høgskulen no har naust, like vest for garden. Seinare flytta dei det inn i hamna, men det var før John si tid. Dei andre gardane hadde naust i tilknytning til garden, der dei fann seg eit nes å gøyme det bak.



Naustet inne i hamna. (10.10.2007)

I naustet hadde dei båtar, årar, fiskevegn, tauverk, garn, kastenot, trålnot, pluss rigg og segl til færingen. Linestampane hadde dei i kjellaren, for det var enklare når dei skulle egne lina.

”Når me egna line so va de’ alltid her oppi kjelljara”.

Hadde dei med seg noko frå sjøen som måtte attunder i ei fart, vart det også plassert i naustet.



John viser oss naustet der dei hadde båtar, årar, fiskevegn, tauverk, garn, kastenot, trålnot, pluss rigg og segl til færingen. (10.10.2007)

10.2.1 Slakting i naustet

Naustet vart også nytta til slakting av større dyr, til dømes oksar. Dei drog ut båtane, slik at det vart plass til slaktinga.

”De’ gjekk no oftaste fort å greitt fyre sej.”

Dei hadde dyra i grime og festa hovudet med tau gjennom eit hol under dørstokken.

”Ej fekk haude ned til so de’ var role – då va de’ berre å brùke skyjtemaskå. Ej ska gå ned i kjelljari, so ska du få sjå’nje.”

John finn fram to ulike skytemasker frå kjellaren. Den minste brukte dei salonggevær-ammunisjon i, og ho høvde til å slakte sauer. Den største brukte dei grovare ammunisjon i og vart nytta til slakting av griser, kyr og oksar. Til denne var det spesialammunisjon til skytemaske, og der var 9 mm skot med tre ulike ladningar.

”Dei svakaste va de’ berre ei stjerne på, å dei sterkaste va de’ tre stjerne på.”

Du stappar ammunisjonen ned i eit tilpassa hol/løp og legg attover eit lok som du skrur over patrona. Loket er ranggjenga. I tillegg er der sikring, slik at ikkje ammunisjonen kan gå av ved eit uhell. Fungerer som eit minigevær. Ein set skytemaska ned på skallen på dyret, tek av sikringa og slår på skytemaska med ein reiskap eller ei vedaski, og skotet går av.

”De’ hende no ej brùkte dinnja støste viss de’ va enj gammalje storeveir elle noke sånt. De’ he vore slakta bra monge dyr me’ dissa der”.



Skytemaske i to størrelser.



John demonstrerer bruk av skytemaske. (10.10.2007)

Det var mange grunnar til at naustet vart brukt til slakting:

”Du hadde sopass høgde å sopass sterkt tak at du kunnje heng’ oppi et dyr. Den støste oksè ej slakta ned i nausta der, de’ va no enj ta dei siste, de’ va 268 kjilo slaktevekt. De’ va et traust dyr.”

Vi minnest den gongen eg kom til Yksnøya med ei klasse førskulelærarstudentar. John og sonen Arnfinn hadde akkurat slakta ein gris, som hang blodig inne i kjellaren, og innvollane låg i ein stamp. Studentane fekk kome inn i kjellaren for å sjå puljevis, og nokre av studentane sprang ut og brekte seg. Dei var ikkje vane med å sjå slikt.

”Nei de’ e no klart de’, sånn so her me’ oss, me va no vande me’ de’ at de’ va no sånt so haure me’ til livets gang gjønå året. De’ va no ei tid de’ me hadde gåande fire slaktegrisa om sommarè. So de’ va fleire gonga de’ hong fire griseskrotta her ned i kjelljara i enj gong.”

Når dei fekk sauene ut or fjøsen på våren, så fekk dei plass til slaktegrisene. Grisene måtte så slaktast på hausten, for at sauene skulle få kome inn.

”De’ va no i slutta ta september å fyste daganje ta oktober – då slakta me gris. Å ette me va ferdige me’ de’, då ha me innj saudinje å klipte.” Dei av sauene som skulle slaktast, vart så slakta.

Kor mange grisar hadde de på det meste?

”Åtte stykkje. Når me slakta då, so tok me fire på enj dag.”

Til eigen vintermat så brukte dei eit halvt, eller eit griseslakt. Resten selde dei til andre.

John fortel vidare at dei hadde frå åtte til tolv vinterföra sauer i fjøsen. Når dei hadde ti til tolv så kunne dei ikkje ha andre dyr i fjøsen p.g.a. plassmangel. Om våren når sauene fekk lam, vart det litt av eit liv i fjøsen, og det vart trengt om plassen. Når dei hadde ned i åtte sauer, kunne dei i tillegg ha fire ungalvar og fire store årskalvar i fjøsen over vinteren. Dei store slakta dei på våren.

”Dissa små, dei va no åt å vart litt store då, dei sleppte me ut på markja. Når haustè kom, når me sette dei som hadde vore ut på markjijne innjatte, so fekk me fire nye små.”

Vi ser at livet hadde syklusar og rytme. Dyr vart skaffa til veie den eine årstida, og vart slakta ei anna. Fødsel og slakting var ein del av det naturlege livet på garden.

10.3 Båten sine bruksområde

”Båtanje va igrunnjì transportmiddel, på lik linje me’ de’ so bilanje e no for folk – kanj du seie. Du kanj nesten samanlikne dei på den måti. De’ va no til allje ting so skulde transporterast - over sjøi ja. Mýlljå annja den tida me hadde saudinje opp i Velsvikmarkjine, so va de’ no å ta dei ned i færingjì, elle ned i Kjirkjebåti då helst – trerøringjì so sto helst når på Hauå. Den eigde me i lag heile øynå. Den va brùkte då til å ha nedi saude. Om de’ va no ei lita vindkjøyle då, oftaste ettemiddaganje – ei lita utrøne, so va no de’ å få opp mastra å ordne sej. So va no de’ å plukke saudinje nedi, å kome sej ut om hamnesynde å strekkje opp segle. Du veit no de’ va füllje båti me’ saude, so va no de’ vanskele å ro.” John ler godt.



Segling med trerøring. Kanskje det var slik det såg ut når dei segla med ”Kyrkjebåten” til Velsvika med sauene? Foto: Ola Einang 2004.

”Å skulde du ha matriål på land so måtte du ha båt. Å skulde du ha ved på land, - me brùkte oftå mykje lÿng til ved, attåt de’ me spadde torv her på landa då. De’ fanst no ikkje et trejd. Å då va de’ når i Eikå då, oftaste, å rive lÿng. Fem børe ha me innji færingjì. To framme å tre atte. Å so rodde me til kjirkje, å so va me stad å fiska selfølgeli. Skulde me ha ut ganj elle line, so va no de’ færingjì.”

Færingane vart også nytta til å sanke rekved, og dei var ofte heilt inn i Steinnesstranda for å sanke.

Handel vart gjord ved bruk av færingen, både på Leikong, Rovde, i Eiksund og på Lid. Seglvinden kunne avgjere kvar handelen vart gjord. Etter at dei fekk posthus på Lid (hjá handelsmannen Kalvatsvik) vart handelen ofte lagd dit. Dei kombinerte då handelen med å hente post.

”Kjæringane her, to til tre her ’ta landa, å kanskje et par stykkje borta Eikinje, so to no dei sej enj færing, å sette sej ned i å rodde til Leikong – dei handla no der oftå. Å elljest so va no de’ innj i Lid. Stundå so rodde no dei heilt innj i Volda, men dei ha no alltid me’ sej segla. De’ va no ikkje så mykje ette de’ ej kom til, men ej he no vore me’ på de’ ej me.”

De rodde vel også på kjærastbesøk?

”Ja, ikkje å forgløyme de’ – de’ va no.....”.

John sluttar der og ler godt.

Elles var det færingen som vart nytta til besøk av slekt og vener, ved deltaking på festar og basarar.

”Me’ jul so rodde no me bort på Eikå, de’ va no de’ næraste, de’ va no ikkje so langt. Å so va no de’ når til Eiksund. So rodde me no innj til Lid å va på fest der.”

Nokre gonger vart det rodd heilt til Volda, men då hadde sei alltid med seg segla. Under krigen, då dei måtte spare på dieselen, var John med på å ro til Volda på handel fleire gonger.

”De’ va enj gong, me skulde innj ej å han far. Innj kom me no de’, men me heldt på seks tima enj vei. Me rodde bortunde Voldshammara, å rodde innj me’ landa. De’ va sýnnjavind, å helddivis so va han opplette. Å når me kom innj for Torvikja kom der enj store notbåt drivande. Han hadde slite sej å kom ut me’ landa berre so de’ plystra veit du. De’ va no nesten rôksalvanje ut me’ landa. Å to kara i enj færing attiveia. Dei kom sej opp i dinnja båti, men kar dei greidde å få ’nå i land de’ e’kje ej sikker på. Dei berga no båti – hanj for ikkje til havs.”

Når eg fortel at min eigen bestefar rodde frå Lauvstad til Barstadvika på kjærastebesøk, har John denne kommentaren om å ro langt:

”De’ hende de’, men de’ va’kje ej me’ på. Men i bestefar si tid å disse gamlekaranje her, dei rodde til Ålesund, fleire gonga dei. Om hanj far va me’ på de’, de’ e’kje ej heilt sikker på. Dei ha no me’ sej segla veit du, å visst de’ va ei vindgræle so brùkte dei de’.”

Kva for ærend var så viktig at dei kunne finne på å ro og segle med ein færing til Ålesund?

”De’ veit ikkje ej, men dei to no sej enj å annja byturì den tida me’...”.

10.4 TBåttyparype båtar

”Til dagle va de’ færingjì so va brùkte, å so ha me no oftaste to færinga på kvar gard. Enj so va litt større då. Trerøringa de’ va’kje her på landa so ej veit om, annja elle dinnja derre Kjirkjebåti. De’ va enj vanle trerøring. Enj litì trerøring – kanj du seie. De’ va enj veldi god båt – lette å ro va hanj. Va de’ seks kara so gjekk ikkje de’ lengje over fjorì.”

Kyrkjebåten hadde som nemnt alle gardane på øya som felleseige. Båten hadde tre årepar og hadde derfor nemninga trerøring. Dette var i mange år den største båten på øya, og han vart nytta når mange skulle reise samtidig (t.d. kyrkjebesøk, julefestar), eller mykje fe skulle transporterast på sommarbeite eller seljast. Elles vart han nytta ved transport av tungt

materiell. I John si tid har kyrkjebåten mest vore brukt til transport av dyr. Han nemner at når kyrne skulle til okse for paring på Eika eller på Berkneset, vart dei med åra så vande med det, at dei gjekk stille og roleg om bord, for dei visste kva som skulle skje.

Frå hundreårsskiftet vart det gradvis motorbåtar av ulikt slag som tok over mange av funksjonane som færingane hadde hatt.

Færingane fekk dei bygd anten på Bjørkedalen, Straumshamn, eller på Bjørnaset. Stundom kjøpte dei brukte færingar.



Oversiktsbilete av ein færing ved HVO sin base for kystfriluftsliv på Yksnøya. Båten er bygd av Jakob Helset på Bjørkedalen. Foto: Nils Ola Skuset 2006.

10.5 Segling, roing og fiske

I oppveksten var det mykje segling med færingane, riggen var alltid på plass:

”Me for aldri noke langt uten å ha me’ oss segle. Va de’ ei vindkjøle so sette me no oss ikkje til å ro over fjori, for eksempel. Va de’ enj fine nårauste, so va no de’ enj herledom aldeles å sigle. De’ va no bestandi de’ å strekkje på ’nå segla.”



John riggar færingen i støa med storsegl og fokke. (9.7.2008)

Færingen var rigga med storsegl og fokke. Om storseglet fortel John:

”De’ va som ei rå øvst oppe. So va no de’ dragje då – knytt fast ikkje på midta då, men litt på eine sidå.”

John er fortruleg med dei ulike omgrepa knytt til segling, og nemner omgrep som ”dragje, skjøt, rev, kause, halse, vanta, mastra og å vende”.

Når vi diskuterer segltekniikk, seier John:

”Kuvending (vende unna vinden) prøvde me å unngå, for då tapte me så mykje høgde. Når me vende, so va de’ berre å kjøyre ’nå so høgt opp i (vinden) so enj berre greidde, å stramme innj skjøta, å prøve å få litt god fart. Å so drog du over styrevøli, so vende hanj opp i vindì. Då bejynde naturlevis segle å slå, men de’ va no berre å stramme innj so mykje so du greidde, når segle kom over på andre sidå. Å so måtte du stramme innj fokkå, på den sidå so ho no va, so når hanj då kom over, fekk vindì frå hi sidinje, då vende båti, når hanj fekk vindì innj i fokkå. Ditte va å vende. Å baute de’ va å krysse mote vindì. Me må ha ein baut til, so me sa.”

Men råa var då på feil side av masta. Kva gjorde de, let de ho vere på same sida av masta heile tida når de bauta?

”Me berre let ’nje vere slik. Forma på segle vart ikkje so so de’ skulde vere, egentle, men skulde me ta ned segle å ha de’ på hi sidå å oppigjen, gjekk de’ for mykje tid, då tapte me for mykje høgde.”

Kor store var færingane som de segla?:

”De’ va no disse vanlege færingane, ej hugsa ikkje kor longe hanj va dinnja der. De’ va no alne den tida, å so mælte dei på ripinje. De’ va’kje lengda på båta frå stamn til stamn. Ei alne e 62 sentimeter, de’ e i grønnjì to fot. De’ va no so so disse småfæringane so de he. Dei va no slik so dei va. Måla veit ej nesten ikkje.”

John fortel at faren fekk seg 27 fots motorbåt i 1921. Han var bygd på Bjørkedalen. Den var også rigga, slik at dei kunne segle han. Men etter at dei fekk Hjelset-motor, var det som regel motoren som vart brukt. Segle gjorde dei om det var noko gale med motoren. Seglet var der for tryggleiken si skuld. Men det hende også at dei brukte segla attåt:

”De’ va’kje noke problem å strekkje på ’nå segla, å kome sej dit dei vilde.”

Som ei avrunding på seglinga skal vi sjå frå manuskriptet til busetnadssoga der også Hasle (2009) ser på bruk av segl på Yksnøya. Nokre av kvinnene var og gode seglarar:

”Sjølv om ein hadde tilgang på motorkraft, nytta ikkje folket dette i utrengsmål. Det var kostbart og sløseri. Når vinden var god, heiste dei like gjerne fokka i færingen. Dette gav stabilitet i båten, og då segla dei dit dei ville. Nokre kvinner på øya var òg gode seglarar, og tok seg lett til handel i Lidabygda. Ingeborg Eline Yksnøy (1864-1960) frå Soltun vert til dømes hugsas som ein framifrå seglar. Fleire av borna lærte seg også seglekunsten fort.” (Hasle 2009: 372)

John gir denne skildringa av Ingeborg Eline Yksnøy som var den ugifte ”gamletantå” (tanta til faren, Rasmus, og syster til bestefar Johannes):

”Ho va ekspert i færingja. Å sigle kunnje ho like godt so noki ta karå. Ho va litt spesjelle.”

Dei fleste damene på øya hadde full kontroll på vanleg handtering og roing av færingar, men segling var ikkje så vanleg at dei kunne:

”Ho va litt spesjelle når de’ gjaldt å bruke segla. Ho såg sej ikkje redde for å vere me’ på både de’ eine å de’ andre. Ho kunnje de’ meste.”

Nelly Yksnøy, syster til John, er einig når eg nyttar omgrepet ”gutajente” om Ingeborg.

”Ho var me’ på de’ meste å såg sej ikkje omringa ta noke.” (Nelly Yksnøy)

Nelly fortel at då Ingeborg vart gammal og skulle flytte på aldersheimen i Volda, så var ho lite lysta på det. Dagen etter at ho vart plassert på aldersheimen så rømde ho frå institusjonen. Der skulle ho ikkje vere. Dermed tok ho beina fatt og gjekk frå Volda til Berkvika og busette seg med ei tante. Ho kom aldri meir på aldersheimen i Volda.

Færingane var til fri disposisjon:

”De’ va no ned i sjønå me va, ha ej so nær sagt. Ej va no ikkje meir enn seks år, elle noke sånn, når ej bejynde å lære mej å ro. Å me va no me’ bort på sjøi til allje tide. So lengje me greidde å site på toftå. Å ej veit no de’, når ej heldt på å lære mej å ro, so va ej no me’ ’nå bestefar opp på sýnde å pilka - fiska hyse. Å då måtte ej no andøve (ro slik at ein låg på same plassen). Å då va de’ no å lære sej å sjå mîdînje – at du va på rette plassa – at du heldt mîda. Låg å rodde opp mot, ette straum å vind, å alt slag. Då fekk ej lære mej både å ro, å vite kar ej va på sjønå. Å mîda, de’ va enj viktige ting. Å so når me fiska hyse for eksempel, so va de’ ikkje langt til sides me skulde før de’ ikkje va noke fisk. Mîda kunnje vere knappe.” (John ler.)



Mange studentar har sin fyrste rotur med færing ved Yksnøya. I John sin oppvekst byrja dei å ro i seks-års alderen. Å ro var ein del av oppveksten og barnelærdomen. Foto: Nils O. Skuset 2006.

Om det å bruke båtar, fare å fiske, vere i fjøra seier han:

”De’ va i grønnjì enj del ta oppveksta vår i de’ store å heile.”

Vart de nekta slike ting?

”Nei, de’ veit ej aldre om. Når me va so pass at me hadde tjangs til å greie oss sjøle so for me, når de’ va forhold til de’.”

Mødrene var vel redde for at dei minste borna skulle drukne:

”Ja de’ va dei no vel sikkert, men de’ va no ikkje noke problem. Kjæringane so va her på gara, de’ va no ho mor å ho bestemor, dei va no vande me’ å ta båti å fare. Sommarstida for eksempel, va de’ no omtrent ikkje karfolk atte igjen. De’ va no me ùnganje, å ho mor å ho bestemor, ja hanj bestefar me’ va no her. Hanj far va no vekke sommarstida, so lengje so ej veit om. Hanj arbeidde i hamnevesena hanj – i allje år. Å då måtte me greie oss sjøle – jada!”

Bestefar, Johannes, var den som lærte dei opp til å verte sjøfolk.

”De’ va hanj som va me’ igrønnjì for de’ meste, for hanj far va so lite heime hanj, sommarstida då når de’ va finaste. Me sette no ut ganj, sildeganj å styr å stellj. De’ va no ikkje slik spetakkel so no. Du he no ikkje lov å sette ut verken de’ eine elle de’ andre. Me egna på smålinå, stad me’ pilkjì, me’ påtatroda, ned på Fluda å Ausefluda, stad å drog småseid. Me lærte kar me skulde sette ganj – me hadde bestemte plassa. Der mylljå Leirvåja – Øyra kallja me det. De’ va enj so fine plass å sette sildeganj. Der hadde me endåtil, ned i berja, enj jarbolt som me ha til å leggje fast ganje. De’ va so snautt, berje. Når me ikkje hadde annja, so to me

berre fast ned i ei tonglurve - enj skjikkele neve med tong, å knytte kringom landtåje på ganje. Ja de' heldt no de'. Berre du fann enj skikkele neve med blæretong.”

Bestefaren var sentral i oppveksten, då faren var på sjøen, eller på anna sesongarbeid.

”Bestefari va veldi sentral – besteforeldra i de' store å heile. De' va slik monge plassa rundt om på bygdene den tida. Dei lærde oss å verte sjølstendige – greie oss sjøle.”

10.6 Fiskeplassar

Gode fiskeplassar og méd, var det sånn at de fortalde desse, eller var det hemmeleg?

”De' va no sånt so me visste, meir eller mindre allje.”

Dei ulike personane kunne ha sine lokale plassar, ”so dei hadde no fùnnje enj gong i tidinje”. Men John slår fast at alle på øya visste om dei ulike médene. Han nemner Ausefluda som er sør for staken som er sør for Ausa, Eikefluda som er like ved staken sør for Eika med visar av tre, Lisjøygrunna, som er ved næraste staken vest for hamneinnløpet, og Ramsvikfluda som ligg sør for Ramsvika, ei vik med sand og eit lite skjær - Ramsvikskjeret.

Yksnøysundet mellom Eika og Yksnøya, vart mykje brukt til pilking, og sør for fyrlykta er også ein god fiskeplass. Der er som ein rygg, der fisken står, særleg storsei. Mellom Ramsvikfluda og Eikefluda er ”ei veite”, som er rekna som ein god hyseplass.

”Likaste hyseplassi e frå Ausefludinje å når me landa - når mot lyktinje.”

John fortel om ein gong faren Rasmus og nokre andre av mannfolka sette kastenota i Ramsvika.

”Dei to' no peisande füllje kastenota bort på Ramsevikjine me' småseid. Der va no vel ei tjue kasse.”

Det var ikkje enkelt å berge ein så stor fangst.

”Dei kùnnj' ikkje berre møke de' opp i enj båt.”

Dei prøvde å samle ihop notposen, for så å prøve å ro mot ”hamnasýnde”, som han seier. Dette heldt på å gå gale, for det vart for stor straum gjennom hamnesundet. Dei heldt på å drive av. Men dei fekk ein tamp på land slik at dei fekk hjelp til å drage. I tillegg fekk dei henta ein motorbåt til som kunne slepe. Dei klarte då å berge fangsten inn på hamna. Dette vart mykje god mat. Femten til tjue kasser med stor småsei.

Rasmus, far til John, dreiv med kommersielt krabbefiske. I haustsesongen kunne det verte nokre kroner av dette, men dei fekk ikkje meir enn seks til sju øre pr. krabbe. I oppveksten hjalp John faren med dette, og hadde si eiga krabbekasse som han fylte opp i. Kvar veke kom det ein seksti til sytti fots båt og henta krabbane. Når båten kom, fekk dei betaling for fangsten dei hadde levert veka før. Etter lang tids sparing kjøpte han seg skinnhue i Ålesund for krabbepengane. Under krigen hende det at han var med faren og selde krabbe i Volda. Men John har aldri hatt krabbefangst som ein viktig næringsveg.

10.7 Færingane - Ord og uttrykk - Namn og nemningar

Av fleire forfattar vert det trekt fram eit skarp skilje mellom aust- og vestnorsk båtradisjon. Frå og med Sør-Vestlandet er det ein viss likskap og samanheng i båtbygginga. Frå og med Vest-Agder og austover finn vi ein annan tradisjon. (Eldjarn og Godal 1988, Hole 2007, Sjøhistorisk Årbok 1988).

”Den vestnorske båten er slank og smidig, med opptil fem og seks årepar i motsetning til den østnorske tungbygde, grove og solide farkosten som nesten er umulig å ro når den kommer over færingstørrelse. De østnorske er lettere å manøvrere i bidevindsseiling, mens de vestnorske er kompliserte å håndtere når man skal krysse seg frem i motvind.” (Hole 2007: 115)

Det har vore ulike forklaringar på kvifor vi har ein austnorsk og ein vestnorsk båtradisjon; grad av kontakt med utlandet er ein teori, men kanskje den beste teorien går på forholda båtane vart brukt under (vind, bærer, straum, skilnad på flo og fjøre). Folket på Vestlandet og i Nord-Noreg var avhengige av ein lettrodd båt som kunne nyttast under vekslende vêrtilhøve på grunn av at ein ligg midt i leia for lågtrykka frå Nord-Atlanteren. Sørlandet og Aust-Noreg ligg i le for dei same lågtrykka, har meir stabilt vêr og såleis andre behov i høve båten sine eigenskapar. (Hole 2007: 115f.)

I nasjonal samanheng var sunnmørsbåtane noko særreigne, då dei opphavleg vart bygde som snidbetningar.

”Særleg på sunnmørsbåten skilde bygginga av huda seg ut frå alle andre båtar i landet. Framme gjekk borda på skrå, ’på snid’, og førte til nemninga snidbetning... På snidbetningen var to eller tre bord framme, ”strengene”, skara saman med kvart bord attanfor. Huvane og halsane vart laga slik at strengene vart liggjande på skrå utan større bøyg. Det gjorde båten mjukare, og han kunne vinde seg mykje i sjøen utan å verte lek.” (Færøyvik 1987: 126)


Med byggjeteknikken på snidbetningen fekk ein ikkje berre ein mjukare båt som ”levde med båra”, men ein fekk eit breitt framskip som både ved roing og segling lettare kunne gli på vatnet, i staden for å skubbe det. (Hole 2007)

Ved roing og segling skulle dette verte ein mjukare og raskare båt enn ein tradisjonelt bygd båt.

Kor lenge det har vorte bygd snidbetningar er vanskeleg å seie, men vi finn dette sitatet i Sjøhistorisk Årbok 1998 – 1999:

”Byggjemåten kan følges tilbake i alle fall til ca 1770, hvor meget eldre den er vet vi ikke.” (Sjøhistorisk Årbok 1998 – 1999: 81)

Snidbetning:



Illustrasjonsbilete av snidbetning frå Olsvika i Borgund, Sunnmøre. (Færøyvik 1987: 129)

”Ulempa var at båten var så lite sterk i bordskøytane på midten. Bar det til med hardsigling, kunne båten få stor lekkasje i andøvs- eller kjemperommet. Med fiskelasta i bakskuten og torskegarna i framskuten kunne dei segle båten tvert av på ei kvass båre.” (Færøyvik 1987: 128)

Men sjølv om Færøyvik er krass med omsyn til styrke i utsegna over, så presiserer han at sunnmørsbåtane var rekna som gode havbåtar. I ei ”forordning” frå 1771 for fisket på Island, kunne ein båtbyggjar få fri reise til og frå Island, fri frå kongens militærtjeneste, 20 riksdalar for kvar fjøringfar han bygde, og 30 riksdalar for kvar åttring han bygde. (Færøyvik 1987: 129)

Færingar vart også bygde som snidbetningar, men snidbetningen var av dei første tradisjonsbåtane som gjekk ut av bruk. Ein meiner at allereie i 1870-åra vart dei erstatta av meir tradisjonell byggjeteknikk. (Hole 2007)

Ifølgje Eldjarn og Godal (88) finst det seks ulike system for å rekne ut storleik på ein båt. Eit av desse systema er åretal-systemet, og truleg er det ut frå dette at færingen har fått namnet sitt:

”Færing - kan tyde rodd med fire årar. (Alternativ tyding er at færing kjem av far som tyder båt/farkost).” (Eldjarn og Godal 1988: 49)

Båtbyggjaren Jacob Kolbein Helset på Bjørkedalen støttar dette og seier at færing kjem av firæring, som tyder fire årar.

I naustet på hamna har John to færingar. Når vi skritt opp og reknar litt, så finn vi ut at den minste er på knappe sytten fot, og den gamle storfæringen er om lag tjuuein fot. Den sistnemnde har ikkje vore i bruk på ei stund. Den minste færingen vert seinare nytta som illustrasjonsbåt når vi skal sjå på ord og uttrykk knytt til færingen. Båten vart kjøpt ny av Rasmus, far til John, og er bygd på Bjørnaset. John veit ikkje kva for båtbyggjar som har bygd båten. Han fortel vidare at han er bygd i gran, noko som gir låg vekt og mindre slit når han skal dragast opp støa og inn i naustet. Men problemet med båtar av gran er at dei fort får langsgåande sprekker i borda, då grana fort tørkar ut. Fure er mest brukt til båtbygging då han er feitare i veden. Det vert derfor mindre sprekker og såleis ein tettare båt. Båtar av fure er


også meir slitesterke, men vert noko tyngre. Sjølv om færingen til John er bygd i gran, er han i svært god stand. Dei har vore påpasselege med å smørje og stelle han. Men nokre langsgåande sprekker i borda finn vi likevel.

John meiner at rundt om på bygdene her i distriktet brukte ein stort sett dei same omgrepa knytt til færingane:

”Dei so hadde enj færing, rundt om på bygdinje her, visste no ka de’ va. Dei brukte orda nokelunde på same måti ganske vide utover her, men kor langt de’ rakk, de’ veit ikkje ej, farr.”

Når vi studerer skrivne kjelder om kystkultur, bruksbåtar og båtbygging, så ser vi at alle delane på båt og rigg har eit namn, og mange ord og uttrykk går igjen over store delar av landet. Men nokre av omgrepa varierer frå distrikt til distrikt.

Illustrasjon som viser at kvar minste detalj på ein bruksbåt har eit namn:



Kvar minste del på ein båt har eit namn. (Færøyvik 1987: 134)

I boka "Båter og Kystfolk" finn vi dokumentasjon på dette:

"Hver minste del på en båt har sitt navn, noe båtforskeren Bernard Færøyviks plansje over en møringsbåt tydelig viser. Benevnelsene kan være forskjellige fra distrikt til distrikt, men den store rikdommen av ord og uttrykk som presist uttrykker hva man snakker om, er den samme over hele landet." (Hole 2007: 80)

Ut frå dette er det truleg at mange av orda og uttrykka som vart nytta på Yksnøya også vart nytta i store delar av vårt distrikt, og stadfesting av dette finn vi når vi studerer boka Vestlandsbåtar av Øystein Færøyvik (87). Her kan det sjå ut som store delar av Vestlandet har mange av dei same omgrepa. Her finn vi skisser av bruksbåtar frå Rogaland til Nordmøre og vi ser at mange av omgrepa som vart brukt går igjen i heile området. På skisser av oselvar frå Hordaland, kyrkjebåt frå Sogn, færing frå Nordfjord, trerøring frå Sunnmøre og firrøring frå Nordmøre finn vi igjen mange av orda og uttrykka som vart nytta av folket på Yksnøya, både knytt til bruksbåten og riggen. Men som sagt; orda og uttrykka har variert ein del frå distrikt til distrikt, noko Færøyvik også har med ein del døme på i boka. (Færøyvik 1987: 68, 86)

I eit avsnitt som heiter "Namnebruk" presiserer han at omgrepa i vårt distrikt har størst slektskap med distrikt som ligg nord for oss:

"Nordvestlandet hadde nemningar som samsvara med ordbruken nordafjells." (Færøyvik 1987: 127)

For å ikkje ta for hardt i kan vi konkludere med John:

"Dei brùkte orda nokelunde på same måte ganske vide utover her...."

Vi skal no sjå på omgrep som John meiner vart brukt på dei ulike delane av færingen, og var knytte til bruken av færingen på Yksnøya. Dette er omgrep som han lærte av sine forfedrar. Der John har vore i tvil om dei ulike omgrepa, har eg nytta Kjell Yksnøy (f.1931) og annan lokal færingseksperitise for rådgiving.

I overskriftene er John sine dialektformer sette i parentes, og her har vi også teke med substantivbøyinga i tillegg til grunnforma. Vi har berre teke med bøyingsformer som vart nytta i daglegtale slik John hugsar det. Fleirtal ubunden og bunden form er ikkje med ved gjenstandar det berre var ein av om bord i båten, då det sjeldan eller aldri vart brukt. Dette er gjord på same måten i når det gjeld ord og uttrykk knytte til riggen.



Færingen til John, i ferd med å verte rigga. (9.7.2008)

Saum (saum, saumì; sauma, saumanje)

Naglane som bitt saman ein klinkbygd båt vert kalla saum.

”Skjifte saum i enj båt haure me’ til vanle folkeskikk, de’ gjorde me rett so de’ va når de’ va nødvendig.”

Kjell Yksnøy fortel at når saumen vert dårleg (opptært), så held han ikkje godt saman borda lenger, slik at det blir lekkasje mellom borda og inn i båten. Då tek ein ut den dårlege saumen og set inn ny. Ein klinkar borda skikkeleg saman igjen og tettar lekkasjen

Ro (ro, roa; rø, rønje)

Ro er platene/skivene inne i båten som saumen er klinka fast i. På den gamle storfæringen er desse firkanta. På den noko nyare færingen er rørne runde.



Fleire rør slik ein ser dei inne i færingen. Saumen går frå utsida av båten og gjennom borda, ein trer så ei ro inn på denne, og klinkar slik at enden på saumen vert butt og låser fast roa.

Kjøel (kjøl, kjøli)

I botn av båten der nedste borda er festa finn vi kjølen. Kjølen er viktig for retnings- og sidevegs stabilitet då han stikk ned i sjøen i heile lengda av færingen.

”Kjølen er det fyrste som blir sett opp når bygging av båten startar. Oppbordinga av båten startar frå kjølen. Kjølen er såleis båten si ryggrad.” (Kjell Yksnøy)

Draget (drøgja)

Dette er ein slitetekjøel som var festa til-, og lagd utanpå kjølen under båten. Denne tok støyten når båten skulle dragast på lunnane i støa, slik at det ikkje vart slitasje på sjølve kjølen. På større båtar og skuter heiter dette stråkjøl.

Kjell Yksnøy fortel at på undersida av kjølen legg ein på ei fôring like brei som kjølen, 1 til 1,5 tomme tjukk, og som rekk heile kjølen til endes. Dette er stråkjølen, eller ”drogja”, som det helst heiter på til dømes færingar. Den skal vere for å spare sjølve kjølen for slitasje og flising under utsetjing og landsetjing. Derav namnet ”drogja” – av å drage.



Draget på nyefæringen, den tynne lyse fôringa nedst på kjølen.



Draget på gamlefæringen er ei solid slitefôring festa nedst på kjølen.

Huv (hu, huì)

Det fyrste smale bordet som er festa til kjølen - eitt på kvar side av kjølen.

Su (sud, suda; sude, sudinje)

Der borda er ihopsette, vert det ein kant. Nedste kanten av bordet som ligg ovanfor huven er lagt utanpå huven og klinka fast i denne. Slik gjer ein også med neste bordet. Ein legg heile vegen nedste kant av bordet som er nærare ripa, utanpå bordet som ligg nedanfor. Ein vil då sjå denne kanten/sua mellom alle borda heilt opp til ripa.



Kjølen: på langs, midt i biletet. Huven: fyrste smale bordet over kjølen.
Sua er kanten mellom huven og neste bordet.

Bord/bordgang (bor, bore; bor, bora) / (borgong, borgongje; borgonga, borgonganje)
Fjølene/borda som tettar færingen frå kjøøl til rip. Skifte bord gjorde dei sjølve på Yksnøya, når det ein sjeldan gong var nødvendig.

Bording (boring, boringja)

Heile flata som alle borda skaper frå kjøøl til rip vert kalla bording.

”Ongeli datt ned i boringji”



Tre bord som er klinka saman med saum.

Ripbord (ripbor, ripbore; ripbor, ripbora)

Øvste bordet er ripbordet, bordet dei avslutta med før ripa. På dei andre borda kan ikkje John hugse at dei brukte noko namn i daglegtaalen, men ”båtbyggjarane hadde det”, seier han.

Jacob Kolbein Helset, som er båtbyggjar på Bjørkedalen, gir oss desse namna på borda på færingen (frå kjølen og opp):

Fyrste bordgang – huven

Andre bordgang – halsane (halsbord)

Tredje bordgang – overslaget

Fjerde bordgang – renningane (knelestebordet)

Femte bordgang – underkjempa

Sjette bordgang – kjempa (ripbord kunne også verte brukt)

Håvard Haraldson Hatløy som arbeider ved Herøy Kystmuseum, uttalar at det ofte har vore berre fem bord på færingane. Borda har då vorte kalla huven, halsane, overslaget, knelestebordet og det øvste æsingbordet. Huven vart ikkje alltid nemnd som eit bord, då det er eit halvbord.

Rip (rip, ripa)

Øvste kanten på ripbordet/kjempa er ripa.

Jacob Kolbein Helset kan fortelje at forsterkingslista på innsida av ripbordet heiter ”æsinga”, og den bogne forsterkingslista på utsida, som fungerte som fenderlist, kalla dei ”longvisa” (langvisa).

Det var ikkje alle båtbyggjarar som brukte å leggje på denne fenderlista på utsida.

Rip vart ofte brukt om kanten på øvste bordet, enten der var forsterking eller ikkje.



Ripbordet/kjempa og ripa.

Rong (rong, rongja; renga, rengjinje)

Rengene er reisverket i båten, eller det som bitt saman og stivar av båten. Dei er klinka fast i borda med tresaum (trenaglar). Omgrepet spant vart ikkje brukt. Spant var omgrepet som vart brukt på større båtar.

Kne (knej, kneje; knej, kneja)

Eit kne er ein tverrbjelke, eller avstivar på rongane som ein finn under framtofta og under baktofta. Dette er ei forsterking som stivar av borda i færingen. På dei gamle færingane kunne det vere berre eitt kne. Dette var då plassert på rongane under framtofta.



Rong med kne.

Band (band, bande; band, banda)

Eit band er ei trelist der borda er klinka fast med saum. Ved å legge inn band kunne ein ha færre renger, slik at færingane vart lettare.



Band, trelista midt i biletet.

Toft (tofte, toftå; tofte, toftinje)

Toftene er dei tre tverrfjølene som ein sit på i ein færing. Namna på dei er framtofta, midttofta (midttofta) og baktofta, som også vart kalla hamletofta.



Toftene, tverrfjølene som ein sit på i ein færing. (10.11.2007)

Ein færing kan delast inn i: framskuten, framromet, bakromet og bakskuten:

Framskuten (framskùti) - frå framstammen (framstamni) til framtofta.



Framromet (framrome) – frå framtofta til midttofta (midttofta).



Bakromet (bakrome) – frå midttofta til baktofta.



Bakskuten (bakskùti) – frå baktofta til bakstammen (bakstamni).





Framskuten nærast, så kjem framromet, bakromet og bakskuten. (10.11.2007)

Att i skuten (skùtì) - "Set dej att i skùtì"

Att i skuten er heilt bak i færingen, ein god sitjeplass på/over bakarste rong. Dei minste borna sat ofte der, gjerne med eit pledd (eit storeplagg) over seg. Att i skuten er også den rolegaste plassen å sitje ved mykje sjø rett imot, for det er dei som sit framme som må ta støyten når båten reiser seg på bårane og dett ned i bølgedalane.

Bakstammen (bakstamni)

Bakarste enden av færingen heiter bakstammen. Dette er eit bogetrestykke som er skøytt saman med kjølen.



Att i skuten og bakstammen.

Fram i skuten (skùtì)

Fram i skuten er heilt framme i færingen.

Framstammen (framstamni)

Det bogne trestykket som er skøytt saman med kjølen har nemninga framstammen. Det er den fremste enden av færingen som støyter mot berget om du har feilrekna siget i båten.

"Heile rùndingjì ned – heilt ned til han e skjøytt med kjøli. Bau vart ikkje brùkt på færinga, då måtte du på enj skikkele båt – større båt."

Fotstoveronga (fostøvrongja)

Fremste rongja der ein kan sitje imot framstammen vart kalla fotstoveronga.

Fotstova (fostøvå)

John meiner at fotstova er romet eller rundingen rundt framstammen over fremste rongja, der du har ein god sitjeplass når det er stilt på sjøen. Framskuten var, som sagt, den mest urolege plassen, då han reiste seg på ei båre og slo ned igjen på den neste, med tilhøyrande sjøsprøyt og væte.

”Set dej fram i fostøvå.”



Fram i skuten med framstammen og fotstoveronga (framfotstova).

John er usikker på kvar omgrepet ”fostøve” stammar frå. Når eg spør om det har noko med stove å gjere (forstove), eller det kjem av ”foten si stove” (fotstove) så kan han verken stadfeste eller avvise dette. I boka Båtbygging i Bjørkedalen får eg i alle høve svar på at ordet har med fot å gjere. Der finn eg orda fotstovene, bakfotstove, framfotstove og fotstovearm i samband med bygging av sunnmørsåttring. Bakfotstove vert brukt om rongja lengst bak i åttringen og framfotstove om fremste rongja. Fotstovene (fotstøvinje) vert nytta når ein snakkar om å finne emne til begge desse rengene. Fotstovearm vert nytta når ein snakkar om ei av armane på rongja. (Bjørkedal 1987)

Tilje (tilje, tiljå; tilje, tiljìnje)

Tiljene er treflakane som ein går på, som ligg nede i botnen av færingen. Plittane (plitt) vart ofte brukte om tiljene som var fremst framme, eller lengst bak i færingen.

”Treflakar som var skorne og tilpassa for å høve mellom rengene og banda i båten, og var det som utgjorde ”golvet” eller dørken i ein robåt. Gammal samnemning for alle tiljer og plittar i båten var tilfaret eller tiljefaret. Legg heile tilfaret innatt i båten, var vanleg å seie.” (Kjell Yksnøy)



Tilje.

Nygle (nygle, nyglå; nygle, nyglinje)

Nygle er ei trepropp som du tappar vatnet ut av færingen med når du har teke han på land, eller til å tette båten når ein skal sjøsetje. Nygla var som regel plassert i bakromet.



To nygler i denne færingen. Nygla skal aldri kakkast hardt, for då sprekk bordet ho står i.

”Sete ti nyglå før enj ha ’nå på sjø, va no enj go tonkje.”

Årar (åre, åra; åre, årinje)

Til å ro med, skape framdrift på robåten har ein årar. Færingane hadde to årepar.



Studentar på rotur med tre årepar i Nordfjord-seksring. Foto: Nils Ola Skuset 2006.

Framårane

Framårane er fremste åreparet, gjerne lengre og tyngre enn bakårane.

Bakårane

Bakerste åreparet, gjerne kortare og lettare enn det fremste.

Keip (kjeip, kjeipì; kjeipa, kjeipanje)

Keipane er der ein plasserer årane. Dette er angrepspunktet til årane for å skape framdrift. Det er to keipepar i færingen og storfæringen. Trerøringen som alle gardane hadde i fellesskap, hadde tre keipepar.



Keip.

Hamleband (band, bande; band, banda)

Bandet som er festa i keipen, vert kalla hamleband. Dette går rundt åra og held henne på plass og er viktig for at åra ikkje skal fare ifrå keipen. Særleg viktig er bandet når ein skotar (ror bakover). No vert det brukt tau – før vart det brukt vidje av bjørk til hamleband.



Hamlebandet held åra på plass i keipen.

Årelom (åralom) (lom, lomì; loma, lomanje)

Handtaket på åra, der ein heldt fast med handa, har nemninga årelom.



Årelom.

Lask (lask, laskjì; laska, laskanje)

Forsterkingar på dei to kantane av åra som ligg imot keipen, vert kalla laskar.



Laskar.

Åreblad (blad, blade; blad, blada)

Årebladet er breiaste, nedste bladet på åra, som er nede i sjøen og skaper framdrift, eller bremsar båten.



Årebladet.

Omgrep knytte til roing:

Å ro

Ved å ro skaper ein framdrift på ein robåt med årane, slik at båten fer med framstammen fyrst. Når ein ror, har ein ryggen mot fartsretninga.

Å skote (skùte)

Ror ein slik at båten fer bakover så heiter det å skote. Bakstammen fer då fyrst gjennom vatnet. Når ein skotar, har ein ansiktet vendt mot fartsretninga.

Ved manøvrering kan ein kombinere roing og skoting. Skal ein til dømes snu ein færing kjapt, kan ein ro med eine åra og skote med den andre.

Å hamle

Når ein hamlar, sit ein på baktofta (hamletofta), ser framover og skubbar frå seg. Når ein sit slik at ein ser mot framstammen og ror kan ein sjå i fartsretninga samtidig som ein ror. Ein kan sitje på baktofta og hjelper til/hamle. Ein hjelper då den som sit på midttofta med roinga – ein hamlar og ein ror.

Å andøve

Å andøve er å ro slik at båten held seg på same staden. Ein regulerer kraftinnsatsen i roinga etter straum og vind, til dømes når ein fiskar og skal halde seg på méda (ein god fiskeplass).

Å streke

Held ein årane i ro nede i sjøen medan båten er i fart, slik at åreblada bremsar farten på båten, strekar ein. Ved streking med ei av årane kan ein få svinga båten, samtidig som ein bremsar farten. Ved manøvrering kan ein streke med eine åra og ro med den andre. Ein får då ein slak, fin sving, t.d. inn mot ei bryggje.

Auskjer (auskjer, auskjere; auskjer, auskjera)

Ei slags ause av tre med handtak for å få vatn or båten vart kalla auskjer. Dette vart nytta til å ause vatnet ut av båten når båten lak, det hadde regna, eller ein av andre grunnar hadde fått vatn inn i båten.



Auskjer.

Belaget (belaje), eller fanglina

Tauet som var festa til framstammen og ned i fotstoveronga, som ein "la fast" (bela) båten med.



Belaget.

"Ta me' dej belaje når du går i land".

”Ej va ganske store før ej visste ka ei fangline va. De’ va i grønnjì belaje me brùkte i oppveksta.”

”Tåje (tauet) haure ikkje me’ til båta og sjønå – de’ vart ikkje brùkt.”

Underskurd (ùndeskùr, ùndeskùrì, ùndeskùra, ùndeskùranje)

Underskurd er ei tetting mellom tilje og kne til å sperre t.d. mellom bakskuten og bakromet, slik at dei kunne hive fisken i bakskuten. Avsperring slik at fisken då ikkje kunne gli over i bakromet. Kunne også ha ein underskurd under framtofta. Det vart eit stort rom til å ha fisk i.

”Namnet kjem sikkert enkelt og greitt av at denne fjølbiten er tilskoren og tilpassa for å høve perfekt og kompakt under baktofta, inntil bakronga og kneet. Derav namnet: ”ùndeskùr” (underskurd).” (Kjell Yksnøy)



John viser fram ein ”ùndeskùr”. (10.11.2007)



Underskurd på plass mellom tilje og kne.

Stø (stød, støda; støde, stødinje)

Stø er skråninga frå sjøen og opp mot naustet, som var mura opp og steinsett for å drage opp båtar .

Lunnane (lùnnj, lùnnjì; lùnnja, lùnnjanje)

Trestokkane (lunnane) som dei drog båtane opp i naustet på. Dei kunne ikkje berre drage kjølen mot steinane i støa, for då vart kjølen øydelagd og det vart for stor friksjon til å greie å drage båten opp i naustet.



Støa med lunnane.

Spelet (spele)

Spelet til John er ein genial patent for å sveive færingen inn i naustet åleine samtidig som han held båten på rett kjø. l.



Spelet sin konstruksjon. Bileta talar for seg.

Korge (korgje)

Om dei hadde fått fisk tok dei ut levra og heiv den opp i eit trekjerald (korgjakjerald). Når ho hadde lege ei stund og surna, vart oljen skilt frå, og levra låg igjen som sleipe klumpar. Denne grauten kalla dei ”korgje” og brukte til å smørje lunnane (lùnnjane), slik at båtane gleid lett ut og inn av naustet. Dei tok då betre vare på kjø. l og lunnar (lùnnja).

Lyse er olje/tran utskild frå fiskelever. Denne trana brukte dei til å lage maling (i staden for linolje), men også til å skape lys i heimen. Dei hadde då ei lampe som dei kalla kole, som hadde ein veik ned i oljen, som dei sette fyr på.

Reling (reling, relingjì; relinga, relinganje)

Relingen er rekkja eller ripa på ein større båt. Vart ikkje brukt på færingar, då relingen er breiare.

10.8 Rigg - Ord og uttrykk - Namn og nemningar

John har liggjande full rigg til færingen på betane i naustet. Ein fin sommardag i juni, tok vi riggen frå betane og rigga færingen hans, slik at vi fekk teke bilete. John har sett fram til denne dagen og er i strålende humør. I det vi har byrja å få fram riggen frå betane, kjem han med dette sitatet frå "Terje Vigen":

"Så heiste han fokken og hjem han dro, i solskinn den gamle ørn."

Det er tydeleg at det dukkar opp mang ein seglas i solskin, frå minnet til John.



Kanskje er det dette John drøymmer om når han siterer Terje Vigen? Foto: Ola Einang 2004.

Han hugsar imponerende godt både namn på riggen og korleis rigginga vart gjord. Riggen var ikkje skikkeleg tilpassa færingen som vart rigga, men vi fekk teke bilete som kan dokumentere korleis John og forfedrane hans rigga færingar for segling på Yksnøya. Dette er lærdom som har gått i arv gjennom mange generasjonar.

Masta/færingsmasta/mastetoppen (mastra, færingsmastra, mastetoppi)

Masta vart brukt om den runde trestokken som heldt oppe heile riggen og segla, same omgrep som vert brukt i dag (mast, masta eller mastra).

Mastetoppen – toppen av masta.

(Masterota – enden av masta nede i båten. Omgrepet vert brukt i dag, men John meiner at det ikkje vart brukt i hans tid.)

Å reipe masta

Når ein knyter fast all løpande rigg, alt tauverket til masta når ein rigga ned, så reipar ein masta.

"Me får vel reipe mastra".



John med godt tak rundt den reipa færingsmasta.

Spora (spòra)

Ved undervisning av studentar har vi ofte sagt at rota av masta skal plasserast i kjerringa - ein stokk/mastefot med eit lite hol i (eit spor), med nokre hakk i begge endar, som vart kilt fast mellom to renger. Denne held fast rota av masta.

Om dette seier John:

”De' e nesten same prinsippe her me', men me kallja de' spòra – kor enj skrive de', de' veit ej no ikkje.”



Spora plassert like framfor framtofta, oppå ei tilje, mellom to renger.

Staget (staje)

Masta stod like framfor framtofta i færingane som John segla. Ho var ikkje støtta til, tok ikkje inn i framtofta.

”Vanlevis so gjore ikkje ho de’....”

Staget, som stabiliserte masta slik at ho ikkje datt bakover, var festa i eit øye framme i stammen. Staget vart tredd gjennom nokre ringar i fokka, slik at ho vart fast i framkant og kunne gli oppetter staget når ho skulle til topps eller takast ned. John har ikkje noko namn på desse ringane, men holk eller holke vart ofte brukt på slike ringar.

Omgrepet forstag, som ofte vert nytta i dag, vart ikkje brukt:

”Me sa berre staje.”



John festar staget i eit øye i framstammen.
Vi ser ringane/holkane på fokka er tredd inn på staget.



Staget vart ofte festa rundt ein kause med eit sleppstikk.
(Her måtte vi improvisere med ein taustump i eit øye, ein kjeng.)

Vant, vantenål, holk, urve (vant, vante; vant, vanta), (nål, nåla; nele, nelinje), (holk, holkji; holka, holkanje), (ùrve, ùrvå; ùrve, ùrvinje)

Sidevegs vart masta stabilisert med eit vant frå mastetoppen og ned mot ripa, på kvar side. I enden på kvart av vanta var det ei vantenål. Lengda på vanta kunne strammast/slakkast med ein spesiell knute på vantenåla. Vantenåla vart så festa ned i ei urve, som var innfestingssystemet for vant i sjølve færingen, ofte ein innspleisa tauring som ein stakk vantenåla inn i. Denne var festa i ein kause, som igjen var festa i ein augebolt som gjekk gjennom sjølve ripa. Vantenåla vart så låst til vantet med ein holk av bukkehorn eller kuhorn. Holken var tredd inn på vantet. Urva var festa litt bak masta, slik at vanta stabiliserte masta både sidevegs og framover (slik at ho ikkje datt framover). Akterstag eksisterte ikkje.



Vant/vantenål/holk og urve frå to ulike vinklar. Det vanlege var spleising av urva, her er urva knytt saman med båtmannsknop.

Når eg så spør John om dette stabiliserte masta godt nok, seier han:

”Når enj då stramma innj alt ditta der – so sto ho so fjellj”.

Urva kunne også ha andre funksjonar:

”Ho va so veldig god å ta nedi, når enj skulde drage fram båti for eksempel – fekk so godt tak,” ler John.

Innfesting av stag og vant i mastetoppen

I enden av staget og vanta er det spleisa lykkjer som er tredd ned på mastetoppen. Både stag og vant vart innsett/impregnert med tjøre for at dei skulle vare lenger under påverknad av skiftande vêrtilhøve (regn, vind og sol). Tjøreimpregneringa gjorde også at taua strekte seg mindre då dei ikkje vart gjennomtrekte med vatn.



Innfesting av stag og vanta i mastetoppen.



Rundt stag og vant finn vi seisingar av hampetråd for å verne spleisen og regulere storleiken på lykkja.

Seising (seising, seisingj); seisinga, seisinganje)

Surringar for til dømes å feste ein kause, ein holk eller ei blokk i segl eller rigg har nemninga seising. Når ein surrar fast ein gjenstand med ein tynn tråd. På biletet over til venstre kan vi skimte at blokka til fokkefallet er seisa fast i staget.



Holke (kause) av tre som er seisa fast i fokka og tredt på staget.

Segl

Råsegl var dei fyrste segla som vart brukt på dei gamle bruksbåtane. Hole (2007) stadfestar dette:

”Råseil er den eldste seiltypen på de tradisjonelle båtene.” (Hole 2007: 75)


Dei fyrste råsegla var forma som likesida trapes. Dette fungerte godt ved slør og lens, men vart truleg for dårleg til å krysse med. Mange av sunnmørsbåtane vart difor tidleg rigga med asymmetriske råsegl, noko som gav betre form på seglet når dei kryssa mot vinden. Vi skal vidare sjå på ulike segl som har vore nytta.

Ulike segltyper som har vore nytta på bruksbåtar i Norge:

Fakta: Seiltyper


Råseilet

Råseil er den eldste seiltypen på de tradisjonelle båtene. Det er formet som et likesidet trapes, hvor toppen på seilet utgjør den minste parallelle siden, mens bunnen er den lengste. Enkelte råseil kan ha stor lengdeforskjell på topp og bunn, mens andre kan være tilnærmet rektangulære. Seilet knyttes på en rund stokk som kalles rå, og festes til masten med en rakke som glir opp og ned. På et vanlig råseil er rakken festet midt på råa. Råseilet var opprinnelig i bruk over hele landet, men det var på nordlandsbåten og åfjordbåten det holdt lengst ut – faktisk helt til i dag.




Luggerseil (marineseil)

Dette er egentlig også et lite råseil. Det ble brukt mye på sjalupper og barkasser til krigsskipene fra 1600-tallet og utover (derfor betegnelsen marineseil). Seilet festes til masten slik at en tredjedel av råa stikker ut på ene siden og to tredjedeler på den andre. Til forveksling kan luggerseilet ligne et gaffelseil, og er et mellomstadium mellom råseil og gaffelseil. Luggerseilet ble opprinnelig brukt på små og lette master uten stag og vanter slik at riggen var lett å ta ned og pakke bort. Luggerriggen kunne også ha stag med en fokk. I Norge ble luggerseilet brukt på mindre båter på Sørlandet, men var også brukt i andre distrikter i mindre omfang.




Lårseil, sneiseil

Dette er også et råseil, og det er noen som mener at lårseilet er inspirert av luggerseilet. Seilet er hengt opp på en relativt kort rå. Den bakre siden går bratt ned til underliket (likt er kanten på seilet), mens den fremre siden er lagt kraftig på skrå til undeliket. Man får da et seil som kan assosieres med storseil og fokk i ett og samme stykke. Dette seilet ble stort sett brukt på Vestlandet fra Sognefjorden og nordover.



Spriseil

Denne riggtypen kom antagelig til Norge noe før 1700, og man mener den kom fra Holland. Seilet er festet i masten i forkant, og spennes ut av en spristake som fra festet sitt nede på masten går diagonalt over seilet til øvre og bakre hjørne på seilet. Spririggen fikk etter hvert fokk, og kan også ha toppseil. Riggtypen ble først brukt, og brukes, i Oslofjorden. Den ble også brukt nordover til Hordaland.



Gaffelseil, sneseil

Gaffelseilet har navnet etter gaffelen – «bommen» – som holder overkanten av seilet opp og ut fra masten. Seilet er formet som en uregelmessig firkant. På mindre båter er det vanlig at nedre kant på seilet er løst, på større båter er det festet til en bom. Gaffelriggen har også fokk, og den kan også ha klyver og toppseil. Gaffelseilet ble tatt i bruk i løpet av 1800-tallet på bruksbåtene, først i Oslofjordområdet. Mot slutten av 1800-tallet ble det også prøvd på flere typer av de tradisjonelle båtene. Vi finner blant annet nordlandsbåter med sneseilrigg. Fordelen med denne riggen er at den er enklere å baute med (vende når man seiler i motvind) og den kan gå høyere opp mot vinden enn råseilene.



Segltyper på dei tradisjonelle bruksbåtane. (Hole 2007: 74)

Storsegl (segl, segle; segl, segla)

Som på dagens moderne seglbåtar, det største og bakarste seglet. På færingen brukte John det som på biletet over vert kalla luggersegel (marinesegl). Sjassesegl har også vorte brukt som nemning på dette seglet. Denne segltypen var forløparen til gaffelriggen, men vart også brukt parallelt med gaffelriggen. Storseglet er "hovudmotoren" i ein færing og skaper såleis størsteparten av framdrifta når ein seglar. Det er viktig å trimme dette for å få best mogleg form på det i høve vindretninga, og dermed størst mogleg framdrift. Ved mykje vind (for mykje) er dette det viktigaste seglet å få ned, eller reve (reducere seglareal), då det har størst areal av dei to segla som færingen har.



Storseglet

Draget (dragje)

Tauet som ein dreg opp, eller slepper ned storseglet med, kallar John draget. I dag kallar vi det ofte storseglfallet, eller berre fallet. Draget går gjennom eit avrunda hol i mastetoppen som verkar som trinse. Nede på masta finn vi eit kryssholt av tre for å feste draget. For å skilje sa dei "dragje" om fallet og "drøgje" om slitekjølen som var festa til kjølen.



Draget går gjennom holet i mastetoppen.



Kryssholt av tre.

Fokka (fokkå)

Fokka er fremste og minste seglet på ein færing. Dette er ”hjelpemotoren” i færingen då det er det minste seglet. Som med storseglet er det også viktig å trimme fokka for å få best mogleg form på seglet i høve vindretninga, og dermed størst mogleg framdrift. Ved mykje vind (for mykje) er det ikkje like viktig å få ned, då fokka har eit mykje mindre areal. Å segle berre på fokka (fokkeseglas) var og er mykje brukt når vinden er kraftig, men ein kan også ta ned fokka og berre segle på storseglet, eller eit reva storsegl ved mykje vind. Summen av begge segla er viktig for framdrifta og balansen i båten. Har du til dømes berre fokka, så vert båten pressa ned og fram. Det vert ubalanse i båten. John fortel at ved mykje vind hadde dei som regel fokka oppe, men reva storseglet til eit høveleg areal. Ofte sleppte dei berre ut litt på ”dragje” (reduierte storseglarealet) utan å gjere noko meir.

Røynsle med segling er ofte det som avgjer korleis du regulerer seglføringa. Ein røynd seglar kjenner det i nakkehåra litt i forkant av at vinden endrar seg. Han les bårane og grælene på sjøen, studerer farten i skyene, veit korleis vinden vil endre seg etter landformasjonane, og tek avgjersler og handlar ut frå summen av informasjon til rådvelde, og den aktuelle situasjonen som oppstår undervegs.



Fokka, fremste seglet.



Fokkefallet festa med pålestikk i fokka, som vidare går gjennom ei blokk som er seisa fast i staget.


Fokkefallet eller berre fallet (fokkefallje, fallje)

Fokkefallet vart brukt som omgrep på tauet som ein dreg opp eller slepper ned fokka (fremste seglet) med. I toppen av fokka vart fallet festa i ein kause med eit pålestikk, og nede på masta vart enden av fallet festa i eit kryssholt på framsida av masta.

Skjøtet eller storseglskjøtet og fokkeskjøtet (skjøt, skjøte, storseglskjøte, fokkeskjøte)

Skjøtet er namnet på taua som ein festar i akterliket (bakre kant) på seglet i ein kause. Dette kan ein stramme inn eller slakke seglet med, og det kan festast både på styrbord og babord side av båten, alt etter vindretning i høve kursen ein seglar. Skautet som også har vore nytta som omgrep om skjøtet, vart ikkje brukt som John kan hugse. Men han sa mellom anna:

”Skjøt på korå sidå so gjekk gjønå håll i rongja (fokkeskjøtet), slik at me kunnje stramme opp segle”.



Storseglskjøtet med kroken som var festa i eit hol i ripa.



John prøver å feste storseglskjøtet, men holet i ripa var ikkje bora på denne færingen.

Liket, forliket og bakliket (likje, forlikje, baklikje)

Kanten framme på seglet vart kalla forliket og kanten bak på seglet bakliket. I dag er akterliket mest brukt. Dei brukte som oftast berre "likje" som omgrep når det galdt kanten bak på seglet. På biletet over er bakliket nærast hovudet til John. Nedste kanten på seglet hugsar ikkje John at dei brukte noko namn på, men underliket vert brukt i dag.

Pike opp seglet

"Pike opp seglet" var å stramme opp forliket på storseglet ved å stramme draget.

"Me pika de' opp, so me sa."

Råa (rå, råa; ræ, rænje)

Stokken/kjeppen oppe i mastetoppen som storseglet og draget var festa i, heiter råa. Fleirtalsformene vart berre nytta når dei snakka om større båtar som hadde fleire rær.

"Me' füllje seglføring so stramma dragje råa innj til mastra. Råa va sydde faste i segle – ho va litt avlonge på enj måte – ikkje fjøl helder, men ho va denj veiù. Å so va der skøre innj i ei rast (hakk) enj tredjepart opp på, å der var bora hòl imylljå".

Når det gjeld toppen eller øvste kanten av seglet, kan ikkje John hugse at det hadde noko namn.



Råa.



Draget var festa med denne knuten. John kan ikkje hugse namnet på knuten.

Halsen og høna (halsi, hønå)

Lågast nede i enden på storseglet sitt forlik, hadde dei eit taljesystem som dei kalla halsen.

”Å der ha dei enj krok so dei krøkte innj i ei lykkje på mastrinje, å so ha dei noke øye so dei drog ned ditta der. De’ virka so enj talje.”

Det vil seie at nedst nede på seglet var det to til tre kausar ”ei to tre kunnje der no vere - oppover”. I nedste kausen på seglet var det festa eit tau (tauet kunne også vere innsydd i seglet) som gjekk ned i eit rundt trestykke – ”hønå” (jomfru) med fleire hol. Tauet var så tredt inn i fyrste holet og opp i andre kausen i seglet, så ned i andre holet i høna og opp i tredje kausen, for så å feste tauet i tredje holet på høna. I enden på høna var det ein krok som så var festa ned i ein kjeng nede på masta. Dette var eit elegant taljesystem som stramma forliket på seglet. Heile dette systemet var festa på storseglet, og når dei pakka seglet, vart også taljesystemet berre pakka inn i seglet, slik at det låg klart til bruk. Når dei så pakka ut seglet og skulle bruke det, hang halsen (taljesystemet) på plass. Når draget var stramma (seglet kome til topps), var det berre å krøke kroken fast i masta, stramme taljesystemet, og forliket vart stramt. ”Stram opp halsi” vart brukt som omgrep.



Halsen.



Høna.



Halsen og høna.

Masteringar, for å halde seglet inn til masta, vart ikkje brukt på færingane. Det var berre halsen nede og råa oppe (som igjen var festa i draget) som heldt seglet inn mot masta.

Rakken (rakkji)

Rakken er som eit ”perlekjede” eller ein ring som var festa i råa. Denne heldt råa inn til masta. og var spesielt viktig når dei reva storseglet, for då stramma ikkje draget råa inn til masta. Når ein heiser eller sletter ned seglet, vert det mindre friksjon på grunn av trekulene i rakken.



Ein rakke.

Å reve segl (rev, reve; rev, reva)

Å reve segl er å minske seglarealet ved mykje vind. Dei tok då vekk ca. 1/3 av storseglaarealet. Når dei reva, sleppte dei ut på draget slik at råa kom lenger ned på masta. Så festa dei rakken rundt masta, slik at råa heldt seg inn til masta. Ved full seglføring vart ikkje rakken brukt, for då heldt draget råa inn mot masta. Dei stramma så forliket på storseglet ved å stramme inn på halsen. Då var det berre å stramme storseglskjøtet, og dei kunne segle med høveleg seglarealet etter vindstyrken. Dei hadde to rev i storseglet.

Revetrådane (revetråd, revetrådì, revetråda, revetrådane)

Trådar eller tynne tau som var sydde fast i seglet, vart kalla revetrådar. Desse vart nytta til å knyte opp underliket eller nedkanten av seglet når dei reva.



Revetråd knytt med båtsmannsknop.



Eit reva storsegl med hals og høne.

Å skjøte om storseglet

Ved reving flytta dei storseglskjøtet til ny kause på bakliket, høgare oppe på storseglet på høgde med revetrådane. Ved denne flyttinga av skjøtet fekk dei stramma opp det reva storseglet.

”Me må skjøte om.”



Å skjøte om. Skjøtet er flytta lenger opp på storseglet og tredt inn i ny kause på høgde med revetrådane.

Styret (styre)

Når dei segla færingane, nytta dei styret for å få båten i den retninga dei ynskte.

”Du må sete føre styre.”

Det vil seie å få på plass styret.

Til å feste styret til båten var det ein pik nede på styret (styrepiken) som vart tredd inn i eit skinn eller lærmole, eller ein smidd jarnklave (styrelykkja). Lærmolen eller jarnklaven var festa rundt kjølen slik at han skapte eit auge.



Styret



Styrepiken



Styrelykkje av skinn

Oppe var det to kjengar på båten (skrånå) og ein på roret (rorlykkjå). Gjennom desse kjengane vart det tredd ei ”rennjespøte” (metallstong med stoppar) gjennom alle tre kjengane, som så låste styret fast i båten. John hugsar ikkje namnet på alle delane av styremekanismen, men som vi ser av illustrasjonen av stamnstyret og namna i parentes, var det namn på den minste detalj.

Omgrepet ror brukte dei ikkje på færingane. Det vart brukt på større båtar – motorbåtar.

Styrevol (styrevøl, styrevøli)

Styrestonga som var festa i roret, slik at når dei drog i styrevolen, svinga båten til eine retninga, og når dei skubba, svinga han til den andre retninga. Om båten svingar styrbord eller babord når ein dreg eller skubbar, er avhengig av kva for side av styret innfestinga av styrevolen er på.




Styre og styrevol på plass på ”Gamlefæringen”.



Harald, son til John, med styre og styrevol.

Illustrasjon av stamnstyre:



Modifisert illustrasjonsskisse av stamnstyre. (Bjørkedal 1987: 27)

Over ser vi korleis styremekanismen kunne vere på ein færing. Det John kallar styret er på skissa merkt med 7. Det John kallar "rennjespøte" er her merkt 5. Styrevøl er merkt 10. Dei andre namna kjem fram av skissa og forklaringa.

Omgrep knytt til å segle båten i ulike retningar etter vindretning

Å segle bidevind

Når ein seglar bidevind, seglar ein skrått mot vinden, så høgt som ein greier og samtidig med bra framdrift (utan å pine).

Å segle rom vind (rome vind, rome bøl, fine slørar)


Seglar ein rom vind, har ein vind frå sida, eller skrått bakfrå.

Lense

Seglar ein rett unna vinden, så lensar ein.

"Då ha me vindi rett attatte".

Illustrasjon av omgrep knytt til å segle båten i ulike retningar i høve vindretning:



Illustrasjon av bidevind, slør og lens. (Bond 1981: 62)

Vende

Å snu eller slå opp mot vinden er å vende.

”No må me vende”.

Baute

John brukar omgrepet om det å krysse mot vinden – talet på slag som vi seier i dag.


”Me må nok ta enj baut til”. ”Me får ta enj baut oppatunde Auså”. ”So å so monge bauta for å kome over fjorì”.

Det John seier her, er interessant, for i segltheorien vert omgrepet baute brukt synonymt med å vende:

”Å slå, stagvende eller baute er uttrykk som benyttes når man under kryssing svinger båten over på nye halser (for eksempel styrbord halser når vinden blåser fra høyre side) gjennom vindøyet.” (Bond 1981: 66)

Vi ser her at Bond (81) brukar omgrepet om det å svinge båten over på ny hals, sjølve vendingsprosedyren mot vinden. John brukar omgrepet baut om å krysse mot vinden / segle bidevind.

Illustrasjon av ”å vende” (baute/slå):



Hvordan man foretar et slag

Vanligvis foretar man et slag når man forandrer kursen fra skarp bidevind for én hals til skarp bidevind for den andre halsen. Under opplæring kan det imidlertid være lettere å foreta et slag fra en slør for én hals, til en slør for den andre halsen. Vinkelen for stagvendingen blir dermed større – 180° mot vanligvis 90° – og dette gjør at både rormannen og mannskapet får lengre tid på å utføre sine oppgaver.

Illustrasjon av det John kallar å vende, eller som Bond (81) kallar å baute/slå. (Bond 1981: 67)

Kuvende (kuvending)

Kuvending er å vende båten unna vinden.

”Kuvending prøvde me å unngå, for då tapte me så mykje høgde.”

Jibb er omgrepet som vert nytta i dag om å kuvende.

Illustrasjon av ”kuvending” (jibb):

Hvordan man foretar en jibb

For begynnere kan det være lettere å lære om jibbing når man tar en treningstur med båten, og unngår å seile platt lens (rett akterlig vind) når man forbereder jibben. I stedet seiler man rom slør (med vinden aktenfor tvers). Faren for ufrivillig jibb er ikke så stor når man jibber fra roms slør på én hals til roms slør på den andre halsen (til høyre).

- 1 Rormannen svinger båten bort fra vindretningen (faller av) og midstiller roret når fokka fylles av vind på motsatt side av storseilet (platt lens).
- 2 Rormannen svinger så båten tilbake mot vindretningen til fokka fylles av vind på riktig side (rom slør). Denne kursen er det beste utgangspunkt for å forberede en jibb under trening. Mannskapet hever kjelen i lenseposisjon (se side 60).
- 3 Når rormannen finner at farvannet i farsretningen er klart, roper han skjøt til jibba. Mannskapet sjekker farvannet på le side og svarer «ja». Skjøtene er slått helt ut, og bommen berører resten vantet.
- 4 Rormannen trekker inn på storseilskjøtet til bommen peker til hjørnet på akterpeilet, og trekker rorkulten til seg, idet han skifter tak med hendene på rorkulten. Han beveger seg mot midten, med ansiktet vendt bakover, og holder storseilskjøtet med den «ledige» hånden. Mannskapet frigjør fokkeskjøtet på le side, og er klar til å trekke inn skjøtet på den andre siden.
- 5 Når bommen svinger over midtlinjen, setter rormannen rorkulten i midstilling og beveger seg mot den andre siden. Mannskapet følger etter og balanserer båten etter behov. Det er viktig å passe seg for bommen under denne manøvrer.
- 6 Rormannen slakker ut på storseilskjøtet, og mannskapet slakker ut på fokkeskjøtet. Begge kontrollerer at det ikke finnes hindringer «i veien» på den nye kursen.

Regattajoller – idet de jibber rundt en merkebøye.

69

Illustrasjon av kuvending eller jibb. (Bond 1981: 69)

Færingen ferdig rigga med storsegl og fokke



På plass med skjøtet.



Skal tru om vi kan segle rett inn i nauset?

Me rundar av rigginga



John har mang ei god historie å fortelje når vi diskuterer segling.
"Skal me rigge ned, elle segle til Shetland!"



Det gjer seg med ein kaffi etter avslutta riggjobb.



"De e no litt tidle på dag, men enj litti konjakk til kaffia e no ikkje så verst..."
Skål, og takk for innsatsen og samarbeidet John!

10.9 Oppsummering sjøliv

Med sjøen som næraste nabo har vi sett at sjølivet har hatt ein sentral plass i livet til Yksnøy-folket. Sjøen har vore viktig til kommunikasjon, næringsveg, matforråd, men også som opplærings- og leikarena for nye generasjonar som skulle bu på øya.

Symjedugleik har det vore dårleg med, men likevel har ingen frå Yksnøya kome bort på sjøen. Dette kjem truleg av at dei eldste borna passa på dei som var yngre, at folk hadde respekt for sjø og hav og fekk god opplæring i sjømannskap.

Hamna, som naturen har skapt for dei, har vore svært viktig med tanke på ivaretaking av båtar i all slags vêr. Båtar har ikkje vorte øydelagde av vind og sjø, og det fortel mykje om kvaliteten på denne naturhamna.

Naustet har vorte nytta som lagringsplass for alt utstyr som har med sjøliv å gjere, men vi har også sett at det har vorte nytta til andre gjeremål, som til dømes slakting.

Båtane har vore øyfolket sitt transportmiddel, som bilane er det for "landkrabbar" i dag. Men i tillegg var båtane viktige med tanke på å skaffe seg "det daglege brød". Fiske og fangst har vore mykje av livsgrunnlaget (spiskammerset) for dette øyfolket. Færingane har vore nytta til alt frå fiske til frakting av material, dyr, ved, høybører, lyngbører, handel, besøkje slekt og vener, hente post, kjærastbesøk, kyrkjebesøk, og deltaking i fest og basarar i nabogrender. Opplæring i båtbruk og roing fekk dei heilt frå barnsbein av, men det var strenge reglar for åtfærd i båt. Bestefar var ein viktig ressurs i opplæring i båtbruk og sjøliv for komande generasjonar, då faren var mykje vekk på fiske, fyrvesenarbeid, eller hamnearbeid.

Opplæring i segling gjekk i arv mellom generasjonane. Dersom det var seglvind, vart seglet ofte nytta for å spare krefter og kome seg fortare fram sjøvegen. Men segling var også ein fritidsaktivitet i oppvekståra.

Vi har sett at den minste detalj på færing, rigg og segl har eit namn. Dette var (og er) viktig for kommunikasjon om båt og utstyr. Men ikkje minst var dette viktig når dei var på sjøen, for då hadde alle eit felles ordforråd, og det vart lite mistydingar når dei kommuniserte. Dette var spesielt viktig i hardt vêr og i kritiske situasjonar, når ein måtte handle kjapt og det ikkje var rom for å gjere feil. Presis kommunikasjon var då livsviktig.

Dette ordforrådet er teke vare på, og vi kan nytte det i opplæring for skuleelevar og studentar knytt til kystfriluftslivsbasen på Yksnøya. Når vi nyttar orda og omgrepa, og fortel om livet som har vore levd, fører vi vidare den kystkulturen som har vore på øya i generasjonar.

SKRIFTLEGE OG MUNNLEGE KJELDER

Skriftlege kjelder

- Bjørkedal, Jakob D.: Båtbygging i Bjørkedalen. Møre og Romsdal distrikts-høgskule. Volda 1987.
- Bond, Bob: Håndbok i seiling. Aschehoug. Oslo 1981.
- Eldjarn, Gunnar og Godal, Jon: Nordlandsbåten og Åfjordsbåten. Bind 1. A. Kjellands Forlag. Lesja 1988.
- Eldjarn, Gunnar og Godal, Jon: Nordlandsbåten og Åfjordsbåten. Bind 4. Båstikka D/A. Rissa 1990.
- ”Friluftsliv på Yksnøya”, artikkel publisert på Høgskulen i Volda si heimeside 27.9.2002.
- Færøyvik, Øystein: Vestlandsbåtar. Frå oselvar til sunnmørsåttring. Grøndahl. Oslo 1987.
- Hasle, Kari A.: ”Yksnøya” (s. 368–390). I: Arnfinn Kjelland, Kari A. Hasle og Olav Myklebust: Busetnadssoga for Volda. Band 5 Morkabygda, Lidabygda og Yksnøya. Volda 2009.
- Hole, Arne R.: Båter og kystfolk. Aschehoug. Oslo 2007.
- Haasum, Sibylla og Kaijser, Ingrid (red.): Sjøhistorisk Årbok 1998–1999, Menniskor och båtar i Norden. Centraltrykkeriet. Borås 1998.
- Kart og informasjon frå Stadnamnprosjektet i Volda 1976. Gjengitt etter løyve: Arnfinn Kjelland, Kari A. Hasle og Olav Myklebust: Busetnadssoga for Volda. Band 5 Yksnøya, Lidabygda og Morkabygda. Volda 2009.
- Nerbøvik, Jostein (red.): Voldaminne. Volda kommune 150 år. Volda 1987.
- Skuset, Nils Ola (red.): Forske på Yksnøya – går det an? Utfordringar i praktisk-estetiske fag. Seminarrapport. Yksnøya-seminaret. Høgskulen i Volda. Volda 2006.
- Skuset, Nils Ola: Program for offisiell opning av basen på Yksnøya. Høg-skulen i Volda. Volda 2004.
- Statens kartverk sjø: Norske sjøkart nr. 30. Gunnarshaug. Stavanger 2005. 132 Aarset, Knut Arne: ”Snill mann – Troll til båt.” Sunnmørsposten 30. august 2007.
- Aarviknes, Per: Voldasoga, bd. 1. Volda, 1970.

Munnlege kjelder

John R. Yksnøy, f. 6.6.1926

Harald Johan Yksnøy, f. 25.8.1962

Kjell Inge Yksnøy, f. 27.12.1931

Nelly Tordis Yksnøy, f. 29.11.1930

Jacob Kolbein Helset, f. 20.5.1937

Håvard Haraldson Hatløy, f. 24.6.1965

Ola Einang, f. 12.7.1946

Nils Ola Skuset, f. 4.8.1952

Samandrag

Målsetjinga med rapporten er å få fram meir kunnskap om livet som har vore levd på Yksnøya, og å ta vare på ord og uttrykk knytt til færing og rigg for å kunne nytte dette i undervisningssamanheng.

Rapporten er tredelt:

I del I vert det formidla bakgrunnskunnskap om Yksnøya. Her vert det gitt ei innføring om namnet, geografisk plassering, problem knytt til fråflytting, og ei oversikt over viktige stikkord og nøkkeltal. Det vert også fortalt om kommunikasjon med omverda. Dette vert gjort ut frå tilgjengelege skrivne kjelder, men også ut frå intervju av dei som har budd der heilt til det siste.

I del II vert det gitt ei skildring av eit liv på Yksnøya sett gjennom hovudinformaten min John R. Yksnøy (f.1926) sine auge. Her er mange sitat der John vert forsøkt gjengitt ordrett, på sin dialekt. Dette for å prøve å ta vare på den gode dialekten og dei saftige uttrykka. Vidare syner også dette det særeigne ved språket, og måten å uttrykke seg på. Det vil truleg også formidle noko av "folkesjela" på øya.

Der eg har interessante supplerande opplysningar, fått gjennom intervju av andre informantar, eller skrivne kjelder, vert desse trekt inni teksten der det er naturleg. Det vert fortalt om John si næraste slekt, korleis livet hans artar seg i dag, om å kome attende til ei øy som gror igjen, og om oppveksten på Yksnøya frå han vart fødd, gjennom ungdomstid, vaksenliv og fram til han i dag er 83 år gammal. Fødsel, somrane i oppveksten, ferieturar, leik, skienektivitet, sjøliv, symjedugleik, skulegang, "å gå for presten", yrkesval, krig, tilgang til mat, giftarmål, kjønnsroller, tankar om samfunnsutvikling og dagens miljøproblem, og tru, alderdom og døden vil vere viktig ingrediensar i denne forteljinga, frå eit liv som har vore levd på Yksnøya.

Del III tek for seg sjøliv, som har vore ein sentral del av livet på Yksnøya. Delen tek utgangspunkt i sjølivet slik John hugsar det. Det vert fortalt om hamna, naustet, båten sine bruksområde, type båtar, segling, roing, fiske og fiskeplassar. Vidare går vi inn på færingen sine ord og uttrykk, namn og nemningar knytt til båt, rigg og segl.

Her vert det innleiingsvis teke utgangspunkt i skrivne kjelder, før vi presenterer namn på dei ulike delane av færing og rigg, slik John meiner orda vart brukt på øya. Dette er gjort for at vi som lærarar skal kunne nytte same nemningane i undervisningssamanheng. Vi kan då vidareformidle kystkulturen som har vore på øya i generasjonar.

Denne delen har vorte drøfta munnleg med det eg reknar som lokal fagleg ekspertise på området, og samanlikna med skrivne kjelder. Dette for å kunne stadfeste John sine opplysningar, og for å kunne sjå om orda og uttrykka som vart brukte på Yksnøya, også vart brukt i ein større samanheng. Ut frå dette kan ein seie som John seier det: "Orda har nok vorte brukt på same måte ganske vide..."

Rapporten har mange bilete som illustrerer teksten som vert formidla. Dei fleste bileta er tatt av underteikna, nokre av andre.

Frode Sætre er høgskulelektor i kroppspøving ved Høgskulen i Volda, er ivrig seglar og båtmann, og underviser i kystfriluftsliv ved Seksjon for Idrett og Friluftsliv som er knytt til Avdeling for Kulturfag. Rapporten vart ferdigstilt under segltur i Adriaterhavet og Egearhavet, men då var det ein meir moderne båt som vart nytta enn dei som har vorte fortalt om i denne rapporten. Men som ein kuriositet kan det nemnast at det har vore rodd med færing frå Son i Norge, via kanalane gjennom det europeiske kontinentet til Middelhavet, og vidare frå Italia og over Adriaterhavet til Hellas.

Vedlegg:

Attgiving av sitat på dialekt

Om fonemsystemet i sunnmørsmålet i forhold til dialekt nær nedskrivning av intervju med John Yksnøy i Frode Sætre: "Eit liv på Yksnøya"

Konsonantane

Konsonantsystemet kan ein langt på veg gjengi utan bruk av spesialteikn.

Viktigast å markere er **palataliseringa** som lett lar seg markere og bli forstått ved bruk av j (*ikkje, mannj, tausinja, bollje, beggje*). Dialekten har tradisjonelt palatalisering i både trykksterke og trykksvake stavingar (*balljanje*), og hovudinformaten John Yksnøy har bevart dette systemet fullt ut.

Palatalisering er markert i stor grad, men ein del trykksvake palatalar er ikkje markerte for å gjere lesinga lettare.

I tillegg har vi valt å markere enkelte stumme lydar med apostrof, for eksempel for å skilje pronomenet *me* (*me*) frå preposisjonen med (*me'*) og det (*de'*) frå *de* (*de*).

Vokalane

Her er problemet større. Ei gjennomført markering av vokalane på fonemnivå vil truleg gjere lesinga unødvendig tung. Vokalsystemet i dialekten er nemleg rikt og innfløkt, og med mange fonem som er vanskeleg å skilje frå kvarandre for ein vanleg lesar/lyttar. Dette gjeld særleg dei mange para av opne og tronge vokalar.

Vokalsystemet i dette området er slik –

Trong i (som i "f i r e")

Open i (som i "he b ì t e")

Kattì he bìte mej fire gonga

Problemet her er at mange oppfattar den opne i-en som ein trong e. Men det gjer lesinga heilt feil når ein kjem til eitt av særtrekka i dialekten, at hankjønnsord i bestemt form eintal endar på ein open i (sjå eksempel over). Dette gjer at vi markerer denne lyden med aksent (*ì*).

Nokre stader vil det truleg lette lesinga å vere inkonsekvent, t.d. i pronomenet "me" (uttala *mì*), sidan dei fleste her vil ha vanskar med å skilje mellom *mi* og *mì*. Her har også skriftspråket *e*. Men det fører til at pronomenet *me* vert skriva på same måten som preposisjonen *med*, sidan d-en er stum. Vi har derfor, som før sagt, valt å markere den stumme d-en (*me'*).

Trong e er diftongisert (som i "ej")

Open e kan nærme seg æ-lyden, men treng ingen ekstra markering.

Ej slo mej, ej me'.

Dei fleste vil truleg oppfatte desse lydane lettast om den tronge e-lyden vert markert som *ej*. I trykksvak stilling er diftongiseringa svakare og vert ikkje alltid markert, sjølv om det fører til at vi ikkje skil konsekvent mellom trong og open e i teksten.

Trong y (som i "s y")

Open y (som i "s ý v e s t" – som dekkjer både vindretning og hovudplagg)

Her vil det som oftast gå fram av samanhengen kva ord det dreiar seg om, men vi markerer likevel den opne y-en ein del stader. Hos yngre har den opne y-en nærma seg og falle saman med ø-lyden, men John Yksnøy har bevart dette skiljet tydeleg.

Ø-lyden (som i "s kj ø r t")

Bortsett frå at den opne y-lyden har nærma seg ø-en, er ingen grunn til å markere ø-lyden på nokon spesiell måte.

Æ-lyden (som i "b æ r")

æ-lyden ligg ofte svært nær den opne e-lyden, men her bruker vi stort sett æ der skriftspråket har æ og e der skriftspråket har e for å lette lesinga.

A-lyden (som i "k a r")

Blir skriven rett fram.

Trong u (som i "l u s")

Open u (som i "l ù nnj e" – ikkje få fisk)

Den opne u-en vert ofte oppfatta som ein o-lyd, men vert markert der skriftspråket har u. Her høyrer ein ofte skilnad på gammalt og nytt språk, t.d. om fargen gul vert uttala *gùle* eller *gul*. (Her har ein eitt anna problem også, markeringa av tonem 1 og 2, ofte vil det vere tonema som markerer skilnaden: *enj 'gùle båt* og *"gùle båta*. Tonem vert ikkje markert i teksten.)

Trong o (som i "s o l")

Open o (som i "m ò r")

Den tronge o-en er tradisjonelt lett diftongisert (mot "ou"), men dette vert ikkje markert. Den opne o-en har over tid nærma seg og hos yngre falle saman med å, men vert likevel markert sidan umarkert open o lett fører til at ord kan misforståast (*mor*, *mòr*, *mår*: "mor – morr – mår").

Å-lyden (som i "l å s")

Diftongane ei, au, øy blir skrivne rett fram (sjølv om ord som "jau" kanskje blir uttala nærare *jøu*).

Andre særdrag

Av andre særdrag som er verdt å nemne, er bruken av dativ. John Yksnøy har aktiv dativbruk, og bruker dativ bortimot gjennomført både i eintal og fleirtal (eksempel på eintal: ”ej såg mannji” – ”ej sa de’ til mannja”, ”ej tømde byttå” – ”de’ ligge nedì byttinje”, ”ej ska’ på fjellje” – ”ej e på fjellja”.)

Om attgivinga av tale

I teksten er ein del sitat attgjevne med markering av trekk frå dialekten slik det er gjord greie for over. Dette er ikkje ei nøyaktig attgiving eller transkribering av kvart enkelt sitat, men eit forsøk på ei slags standardisert dialektskrift der variasjonar i uttalen ikkje vert fullstendig markert, men at den vanlegaste realiseringa av ei form stort sett vert gjennomført.

Attgivinga av tale vert derfor eit kompromiss mellom å gjengi talen så nøyaktig som råd, så lett som råd å lese, og avgrensingane som ligg i berre å nytte vanleg alfabet kombinert med aksentar (for opne vokalar) og apostrofar (for å markere nokre ”stumme” konsonantar, t.d. *de’* for *det*, og *me’* for *med*. Bestemt form nøytrum eintal vert ikkje markert med apostrof, *huset* vert derfor skrivi *huse*). I ein del tilfelle er skriftforma blitt valt dersom det gjer lesinga lettare (t.d. der skriftspråket markerer å med o, t.d. *born*, *sole*, *godt*), men himmelretninga nord er skriven *når*. For å lette lesinga er ein del ord som har varierende uttale (*til* og *ned* for eksempel) skrivne etter vanleg rettskriving. Artikkelen og talordet eit/eitt får ofte ein tilnærma monoftongisk uttale og er skriven *et* for å få fram dette. I småord som *den* og liknande er ikkje palatalisering markert. Merk også som nemnt over, at pronomenet ”me” blir skrivi *me*, sjølv om dialekten her har *mì*.

Eksempel på attgiving av talemålet i teksten –

Å so va no de’ på sjøi. De’ va no helst kveldanje. Om morgoni for no dei so tidle, oftast for å drage ganja, so då va’kje me ùnganje vakne alltid. Viss ganja vart ståande utover daji, elle formiddaji, so kùnnje enj risikere at fùgli åt fiskji ut av ganja (p.g.a at det vart lyst – fuglen såg fisken).

Å so ettemiddaganje då, når me hadde utyve høy, so va no de’ me ùnganje so snudde – gjekk med rivinje... Når me hadde ete middag, å dei vaksne hadde sej enj middagslur, so va me stad å snudde. Men når me va ferdi med de’, ja då kùnnje me gå i fjørå å bade, ja då va de’ fridom (John ler godt). Me va no ofte innj i Årvikja. Ja me va no innj i hamnìnje me’, men der va best når de’ va flod. Når de’ vart fjøre då kom me ut på gjørmå, veit du, då vart de’ so stygt å gå. Me va mykje når i hamninje, heilt når i büktinge.

Når det va store flod, so for no me å vassa når på Osa å fanga småflyndre å stikling. De’ va no å lure dei innjunde foti. Stikling e nokre små fiska – ei fem til seks sentimeter store, å so he dei noke pigga på sidå, so dei kùnnje stikke ganske godt.